

KOMMUNALT INFORMASJONSMAGASIN FRÅ LUSTER KOMMUNE

LUSTRA



Nr. 2 • 2010

15. årgang



God sommardag!

Ordføraren har ordet

Det er sommar og mange ser fram til ein velfortent ferie. Våren vart både lang og kald, så no håpar me på ein god sommar med sol og varme.

Me har hatt to merkedagar denne våren. 20. mai gjekk det første cruiseskipet til kai ved den nye storkaien i Skjolden. Dette var ein stor dag for Skjolden og indre deler av kommunen. Borna frå skule og barnehage, med flagg i hendene, tok imot gjestene saman med korpsmusikken. Det heile gjekk veldig greitt sjølv om ikkje uteområdet rundt mottaket var ferdig. Strålande sol og sommarlege temperaturar, grønkledde lier, og fossande bekker nedetter fjellsidene med snødekte toppar i bakgrunnen. Kan naturen by på ein finare velkomst?

Og gjestene var overvelta og imponerte over synet som møtte dei.

15. juni vart Gullringtunellen opna, 1,2 km lang, gjennom eit rasfarlege område. Ingen treng lenger frykta for snøskreda i Skaviki, eller for steinane som hagla nedetter fjellsida, rett i vegen eller over vegen. Eit storprosjekt er til ende.

Alle steinmassane som vart til overs, vart transporterte inn til cruisekaien og nytta der. Nettopp dette samarbeidsprosjekt mellom rassikring og turisme gjer desse to prosjekta så unike.

Lusteringane er stolte over kommunen sin, men med den naturen me omgir oss med, er rasfaren stor. Det at kommunen brukar så mange kommunale kroner på noko som er ei statleg oppgåve, viser at me prioriterar tryggleik for innbyggjarane høgt. Av rasfarlege områder har me no eitt mindre, og det er gledeleg.

Det er stor byggeaktivitet i kommunesenteret for tida. Tilbygget ved Gaupne skule og dei nye omsorgsbustadane er under oppføring. Bygginga av gangvegen frå Sandvikfeltet er oppstarta, og dei to storprosjekta Luster Bad og nye Gaupne barnehage er like rundt hjørnet.

Anbodskonkuransen om Luster Bad har det vore knytta stor spenning til. Mange venta og frykta at dette prosjektet ville sprengja alle rammer, og me er svært tilfredse med at så ikkje skjedde.

Mange av dei oppgåvene me er opptekne av, er knytta til infrastruktur, nye bygg og materielle verdiar. Kva så med dei mjuke verdiane? Har me heilt gløymt dei? Svaret er heldigvis nei. Me har ein politisk komité som jobbar for å få fleire kvinner inn i politikken. Kanskje vil det resultera i ei



dreiing mot meir av dei mjuke verdiane. Ved neste val, i 2011, er kommunen med i ei forsøksordning der 16-åringane får stemmerett ved kommunala valet. Dette er eit privilegium som ungdomane våre får, og eg håpar at mange av desse nyttar denne retten. Gjennom valet kan dei vera med å bestemma korleis kommunen vert styrd og av kven.

Gjennom samhandlingsreforma blir kommunen utfordra på nye oppgåver. Me har ein helse- og omsorgsplan som er godt tilpassa dei nye oppgåvene me vil bli utfordra på, og me er midt oppe i gjennomføringa av denne. Dette er ein spennande og krevjande prosess. Nye turnusorningar, nye personar i leiinga, nye "auge" som ser kommunen under eitt og løyser utfordringane i fellesskap. Dette skal gi brukarane gode tilbod på ein økonomisk bærekraftig måte. Den store utfordringa er at dette er ei teneste som skal utførast 24 timer i døgnet, og det forutset at mange må arbeida i heller små stillingar på ei ubekvem arbeidstid. All ære til dei mange som jobbar i eit vaktsystem og er nøgde med det. Trass i ei stor omrokking og nye oppgåver er dei fleste arbeidsfolka positive til dette. For ein ordførar er det med stor tilfredsheit eg registrerer korleis organisasjonen fungerer. Det er god arbeidsro i administrasjonen og lite bråk blant arbeidsfolka. Dette gir stor gjennomføringsevne av politisk vedtekne saker, og ting skjer. Veldig bra!

Rolla som regionrådsleiar vart tildelt meg i februar. Denne rolla kan til tider vera rimeleg utfor-

Sogn Regionråd

Sogn Regionråd er eit politisk organ der ordførarane i medlemskommunane møter saman med rådmennene sine. Rådmennene har elles eigne samlingar i rådmannsgruppa. Det er Luster som no sit i førarsete både i rådet og for rådmannsgruppa. Dette er sjølv sagt tilfeldig sidan desse verva går på omgang.

Regionrådet er ein felles arena for å utvikla regionen til det beste for innbyggjarane og for næringslivet. Saman skal me forma den moderne Sogne-regionen slik at folk kan leva godt og trivast, og slik at ungdommen vil satse framtida si her. Dette er litt av innhaldet i formålsparagrafen til Rådet.

Me er no sju kommunar som deltek i samarbeidet. I 2003, då ordførartida mi starta, var me 9 kommunar i Sogn Regionråd. Etter den tid trekte fyrst Høyanger seg ut, og frå nyttår 2010 valde Årdal å forlata felleskapet. Folketalet i samarbeidet vart dermed redusert med vel 30%. Kva ein kommune kan

drande. Det kan vera krevjande til ei kvar tid å representera fleirtalet av ordførarane i kontroversielle saker. Klimaet mellom ordførarane er godt. Me har ulike meininger på ein del område, men respekterar kvarandre for det. Strategiplan til Helse Førde vart den store utfordringa denne våren. Dette var ei sak der me hadde ulikt syn og interesser, og me valde etter ein grundig drøfting å ikkje gi uttale frå rådet. Ein god regel for samhald er å gripa tak i saker ein kan einast om og la dei andre liggja.

Sommaren er ei fin tid. Lat oss gripa den og samla krefter til



Sogn regionråd. Frå venstre: Arne Sanden, Lærdal, Olav Ellingsen, Aurland, Marta Finden Halset, Vik, Olav Lunden, Leikanger, Jarle Aarvoll, Sogndal, Torodd Urnes, Luster, og Einar Målsnes, Balestrand.

tena på det å stå utanfor samarbeidet som her vert drive, stiller eg meg undrande til.

Regionrådssamarbeidet har ikkje hausta den beste omtale i media. Men slik er det ofte. Det er lettast å få oppslag på ting som går

nye oppgåver til hausten. Det er viktig for folkehelsa, både fysisk og psykisk å vera mykje ute i naturen. Aldri før har det vore lagt til rette for så mange turar og tilbod. Me er den einaste kommunen i landet som kan skilta med to motbakkeløp av topp kvalitet – Molden Opp og Fanaråken Opp. Her er det plass for både vanlege trimmarar og aktive løparar. Sjølv om du er ein av dei som ikkje kan delta i slike storløp, så gir berre det å koma seg ut i frisk luft ein god inspirasjon.

God sommar til alle !

Torodd Urnes

skeivt enn det som lukkast. Me har mange gode samarbeidsprosjekt som går godt.

Det er viktig for eit samarbeid at deltakarane kjänner kvarandre og ikkje berre møtest i offentleg samanheng. Dette har me gjort noko med. Dei siste åra har me hatt årlege ordførarsamlingar for å møtast i ein meir uformell samanheng i tillegg til å ha betre tid på drøftingar. Det er god tone mellom ordførarane. Me har i mange saker ulike meininger, men respekterar kvarandre på det. Det viktige framover er å arbeida med saker som alle kan samlast om. Saman er me sterke, og vedtaka vil då få meir tyngde. Ynskje og målet må vera at regionen vår kan vera tydeleg på kva den er, kva me kan og kva me vil. Me kan alle tenkja oss kva utfordring som ligg i dette.

*Torodd Urnes
leiari Sogn regionråd*

Rådmannen har ordet:

Luster bad – vår nære historie og litt til

I desse dagar skriv administrasjonen under avtaleane med dei som skal byggje Luster bad. Dette er ein viktig milepæl i "historia" om badeanlegget, og det kan såleis vere på sin plass å sjå litt attende – og kanskje litt framover.

I 2005 "arva" eg ein økonomiplan der det var ført opp 20 mill kr til eit badeanlegg. Eg vart fortalt at dette var eit prosjekt mange var "for", andre var "mot" og ganske mange trudde ikkje ville kome ...

27. oktober 2005 oppnemnde kommunestyret ein politisk komité som skulle arbeide for å få realisert anlegget. Komitéen sitt mandat vart formulert i budsjettet for 2006. Her står at ein skal vurdere kva funksjonar anlegget bør ha, kvar det bør lokaliserast, utbyggingskostnaden, driftsutgiftene og -inntektene, korleis det bør finansierast og kven som bør eige og drive. Kommunen si løyvinga vart samtidig sett til 45,7 mill kr. Komitéen tilrådde 2. november 2006 at kommunen bygde eit anlegg til 75 mill kr og at eiga løyving vart auka til 60 mill kr. Kommunestyret handsama saka 14 dagar seinare, og tilrådinga

frå komitéen nådde då nesten fram (13-15, prøverøyning). Ved endeleg voting var det semje om å sende saka over til rådmannen for nærmare vurdering.

På dette grunnlaget engasjerte eg Asplan Viak AS til å vurdere kostnadane med å byggje og drive eit slikt anlegg og kva besøkstal vi kunne pårekne. Kort tid etter vart vi kontakta av ein privat aktør som tilbaud seg å selje oss tilsvarande bade- og symjetenester. Som følgje av dette vedtok kommunestyret 27. april 2007 at begge alternativa (eige anlegg/ tenestekjøp) skulle utgreiast og at kommunestyret seinare skulle gjøre sitt val. Kommunestyret valde 13. mars 2008. Eit stort fleirtal røysta då for å byggje eit regionalt bade- og symjeanlegg i kommunal regi (Gaupne) til ein kostnad av 81 mill kr pr 1.01.08. Denne løysinga bygde på Asplan Viak si utgreiing. Mindretallet røysta dels for den private løysinga, dels for ei mindre kommunal løysing og dels for rådmannen si tilråding om å byggje eit nytt, stort symjebasseng ved Luster ungdomsskule.

I etterkant fekk rådmannen, ved hjelp av same konsulent, utarbeidd eit skisseprosjekt (mars 2009) og eit forprosjekt (juni 2009). Desse gav meir detaljerte planar og ein byggjekostnad der uvissa var komen ned i +/-10%.



Det gav grunnlag for at kommunestyret kunne stadfeste sitt vedtak av mars 2008. I tilknyting til denne avsluttande prosessen skulle rådmannen også sjå på finansieringsutfordringa, samt fremje ei eiga sak om reguleringssendring i Gaupne. Dette vart gjort og kommunestyret stadfesta – etter ein omfattande debatt – sitt tidlegare utbyggingsvedtak. Ein forplikta seg samstundes til å gjennomføre visse innsparinger i den kommunale drifta, for å sikre at vi framleis kan ha ein veldriven kommune og gode tenester. Etter dette har vi skaffa grunn til anlegget, vi har fått laga endå meir detaljerte planar, vi har laga eit konkurransegrunnlag og vi har gjennomført ein anbodsprosess. Resultatet er at det pr dato ser ut som om anlegget kan byggjast innafor den økonomiske ramma kommunestyret har vedteke og det ved hjelp av ein "lokal" entreprenør.

Utbyggingsperioden er førebels sett til vel 2 år, dvs at anlegget bør kunne opne hausten 2012. I god tid før denne tid må selskaps- og driftsform og mykje anna på plass.

Eg oppfattar at debatten om

Luster bad har vore krevjande – for alle involverte. Eg har likevel inntrykk av at ting no har ”roa seg” ein god del. Dessutan ser stadig fleire at dei økonomiske utfordringane Luster kommune kan kome til å møte heng saman med mykje meir enn Luster bad. Kommunen har t.d. gjort mange andre investeringsvedtak som i sum klårt går utanpå Luster bad. Dessutan har driftsutgiftene våre auka sterkt innafor t.d. grunnskulen. Det er såleis ei grense for kor mykje dette badeanlegget skal få skulda for.

Slik eg ser det vil den største utfordringa vere å nå opp i dei besøkstala som ligg til grunn for kommunestyret sitt vedtak.

Desse tala var sterkt medverkande då eg i 2008 kom med mi tilråding om å satse på eit større skulebasseng. Men no er vi der

vi er, og eg har teke feil før! I desse dagar opnar t.d. Gullringtunnelen. Sett i høve til den forskotteringssaka eg la fram i 2007, som kommunestyret vedtok, aukar vår del av endeleg forskotteringskostnad med 10%. Eg nytta i nemnde sak eit rentenivå på 5%. Faktisk rente har så langt vore på 2-talet og mange trur ho vil halde seg godt under 5% ganske lenge enno. Så sjølv om det er litt tidleg – her kan det ligge ei bra innsparing for Luster kommune. Så kanskje tek eg feil også når det gjeld besøkstala ved Luster bad? Viss det kan gje håp – eg brukte akkurat same kalkulator på badeanlegget som på Gullringen ...
Og så er det dette med å brette opp ermene å begynne å marknadsføre Luster bad. Kanskje

har vi noko å hente der? Sjølv om det enno er fleire år til anlegget opnar, domene-namnet er på plass! Det vert anten ”lusterbad.no” eller ”luster-bad.no”. For meg starta denne historia med ein politisk komité. Ein mykje brukte frase i det offentlege er at ”når fanden ville at ikkje noko skulle skje, så sette han ned ein komité”. Men i vårt tilfelle kan det sjå ut som om dette ikkje gjeld. Fanden har tydelegvis ingen plass i organisasjonen og komitéen fekk det som han ville!

God sommar!

Tore Eriksen
Rådmann

Status bygdebokprosjektet

Bygdebokskrivarane Lars E Øyane og Terje Mikael Hasle Joranger deler ansvaret for skriving av høvesvis ættesoge og gardssoge for Luster kommune. Eit stort og omfattande lokalhistorisk prosjekt er no inne i sitt avsluttande år. Budsjettmessig er 2010 siste året med kommunal løying. I det arbeidet som no går føre seg er samarbeidet med lokale informantar i Hafslø og Solvorn sokner av avgjerande verdi for komplettering og kvalitetssikring. Magnar Høyum, Solvorn er leiar i bygdeboknemnda i Hafslø sogelag.

Oppdatering av status for arbeidet og ferdigstilling av dei einskilde gardane vert føreteke på eiga web-side under Luster kommune sine internetsider med tema: Kultur og kulturhistorie.

Frå denne tabellen har me henta ut forfattarane sine eigne rapporteringar som no syner at utskriving av manus for gardane på Hafslø frå Oklevik (gnr. 128) og til Kjos (gnr. 156) er ferdig med unnatak av om lag 5% på ættesoga før 1820. Desse gardane vil utgjere band 9 og 10.

Når det så gjeld arbeidet med bind 11 for Solvorn, syner statusrapporten at det framleis

står att arbeid med gardssoga i tidsperioden 1500 – 2010 varierande frå 5 – 10% av samla arbeidsinnsats, og for ættesoga står også eit visst arbeid att.

Bind 12 vil omhandle gardane frå ytre Kroken til Ornes og Åsen i Kinserdal, og eit stipulert arbeid her er også framleis uferdig.

Luster kommune vil koma attende til plan for trykking og lansering etter kvart som forfattarane har rapportert arbeidet sitt som avslutta.



Det er kome ut 8 bind i bygdebokserien, og desse kan kjøpast i Servicetorget i rådhuset. Kjem du innom, er det store sjansar for at du møter anten Gunnlaug Saur (sitjande) eller Karin Leirdal.

Brødrene Lomheim AS

”Årets bedrift”

- I år går prisen Årets bedrift til ei bedrift som verkeleg er veleta blert. Verksemda feira nettopp 50 års jubileum. I år går prisen årets bedrift til Brødrene Lomheim AS, sa ordførar Torodd Urnes då han under Lustramarknaden kunngjorde kven næringsutvalet ynskte å gi ei honnorutmerking til.

Grunngjevinga

I mai 1960 gjekk brørne Johannes og Olav saman om å skipe Brødrene Lomheim. Dei ville satse som maskinentreprenørar. Den fyrste bulldozeren var på plass 8. mai 1960 og i juni same år var også ein traktor; Ford Dexta på plass. Fyrste jobbane var utgraving av to tomtar på Hafslø, og nydyrkning på Fossane og Lio. I denne fyrste tida var det mykje arbeid med dyrking, etterkvart også veganelegg, damanlegg og brøyting om vinteren. Aktiviteten utvikla seg raskt, i 1966 vart den fyrste brøyten kjøpt. Det var ein milepæl.

Verksemda har hatt ei god utvikling, med oppdrag i Luster, Sogndal og Leikanger, men også i andre sognekommunar. Etter kvart er oppdrag for stat og kommune innan områda veg, vatn og avløp vorte det viktigaste arbeidsområdet for selskapet. I perioden 1979-81 bygde verksemda verkstad og lager på Galden. I 1986 vart Brødrene Lomheim aksjeselskap, og i 2001 tok Dag Lomheim over som dagleg leiar.



Store investeringar

Maskinentrerprenørbransjen føreset kontinuerleg investering i nytt utstyr, berre dei tre siste åra har verksemda investert over 10 mill. kr i maskiner. Brødrene Lomheim AS har no 3 lastebilar, 6 gravemaskiner, 2 hjullastalar og ein dumper. Dei er nett no 8 tilsette i selskapet.

I samband med jubileet har Johannes Lomheim laga eit flott hefte som oppsummerer historien til verksemda. Her er mellom anna mange interessante bilete frå 60 talet. Ein kan og lese at i 1960 var timeløna til tilsette 5 kr, i 1973 var det montert mobiltelefon på brøytebilen deira, og dei har drive i 50 år utan personskade av betydning.

Alle jobbar like viktige

I si grunngjeving for prisen årets bedrift seier næringsutvalet:

Brødrene Lomheim er ei solid verksemd som har bygt seg opp over tid. Verksemda har vore ein god arbeidsplass for dei tilsette. Brødrene Lomheim utfører oppdrag i Luster og kommunane rundt oss, på ein fagleg god og ryddig måte.

Ordføraren har og merka seg at dagleg leiar Dag Lomheim seier at ”alle jobbar er like viktige uansett om oppdragsgjevar er Statens vegvesen eller privatpersonar”. Det er eit godt utgangspunkt for å få fornøgde kundar. Til lukke med prisen som årets bedrift i Luster kommune 2010, sa ordføraren og overrekte ein akvarell måla av Signe Fortun Weka til dagleg leiar Dag Lomheim.

Dette var 20. gongen Luster kommune delte ut honnorutmerkinga ”Årets bedrift”.



Bak frå venstre: Inger Beate Dalheim, Tore Ingar Sviggum, Ragnhild Sviggum, Odd Steinar Saur, ordførar Torodd Urnes, Odd Bukve, Knut Cotta Schønberg, Gerd Holen Lomheim, Britt Kristin Næss Schmidt, Anne Lise Bakken, Kari Schønberg, rådmann Tore Eriksen. Sitjande: Astrid Elvekrok, Karin Leirdal, Venke Kvalsøren, Målfrid Hilleren og Tordis Skjerdal Rauboti.

Heider til tilsette

Torsdag 18. mars vart mange kommunalt tilsette heidra ved ei samkomme på Tørvis Hotell. Dei inviterte var tilsette som pr. 2009 hadde arbeida i Luster kommune i 25 år eller meir. Det var totalt 18 personar som fekk fåtte frå kommunen. Nokre fekk og Kommunens Sentralforbund sitt heidersmerke med diplom.

Det vart og for fyrste gong invitert og halde ei markering for ein tilsett som har heile 40 år fartstid i Luster kommune. Det var lagt opp til ei festleg råme rundt arrangementet med tre-rettars middag. Seinare under det sosiale samværet vart det servert kaffi og kaker. Det var underhaldning av brødrene Moseng frå Indre Hafslo, som spela gitar og song.

Audun og Øystein Moseng underheldt.



Venke Kvalsøren med 40 års fartstid i Luster kommune omkransa av ordførar og rådmann.

Ny organisering av tenesteområde Pleie og omsorg

Luster kommune sin helse-og omsorgsplan legg opp til ei ny organisering av pleie- og omsorgstenestene våre, og den nye organiseringa vert formelt sett i verk mandag 21. juni.

Frå 21. juni vil kommunen sine pleie- og omsorgstenester vere organisert i to einingar: Luster sjukeheimsteneste og Luster heimteneste. I Luster sjukeheimsteneste er det tre sjukeheimsavdelingar: avd Hafslø, avd Luster og avd Gaupne, medan det i Luster heimteneste er fire team: team A, team B, team C og team Grandmo.

Den nye leiargruppa i pleie og omsorg - som består av 4 teamleiarar, 3 avdelingsleiarar, 2 einingsleiarar og rådgjevar - hadde oppstartsmøte mandag 7. juni. Denne gruppa vil ha faste møte og det vil bli lagt stor vekt på å få til eit godt og tett samarbeid mellom leiarane, einingar, avdelingar og team - som igjen skal gje eit godt koordinert og fleksibelt tenestetilbod.

Einingsleiarane Kari O Paulsen og Tone Kjærvik Kveane vil ha kontor ved Gaupne omsorgssenter.

Tenestekontor

Som ein del av den nye organiseringa vert det etablert eit tenestekontor ved Gaupne omsorgssenter, og alle søknader om helse- og omsorgstenester skal frå 21. juni sendast på eige/standard skjema til tenestekontoret med følgjande adresse:

Tenestekontoret
Gaupne omsorgssenter
6868 Gaupne



*Nye leiatar. Framme frå venstre Nina Holen, Tone Kjærvik Kveane, Margrete Søhoel Røneid, Britt Veum Hauge.
Bak frå venstre: Ruth Karin Kvam, Henriette Sandvik, Sissel Hovland, Arve Lomheim, Kari O Paulsen, Vivi Ann Abelsen.*

Sjølv om den nye organiseringa formelt vert sett i verk mandag 21. juni, står det att mykje arbeid med mange detaljar. Det vil bli informert så godt som mogleg om aktuelle endringar, og informasjon som ligg på kommunen si heimeside vil bli ajourført. Det må samstundes understrekast at denne omorganiseringa, kombinert med planlegging og gjennomføring av sommardrift, er ei krevjande oppgåve. Vi må difor be om forståing om dette skulle medføre særskilde utfordringar for tenestemottakarar, pårørande eller andre.

Definisjonar:

Omsorgssenter:

Luster kommune har tre omsorgssenter: omsorgssenter, Luster omsorgssenter og Gaupne omsorgssenter. Kvart omsorgssenter består av ei sjukeheimsavdeling, omsorgssar, kjøkken og eldresenter. Ved Gaupne omsorgssenter er det i tillegg ein administrasjonskontor. Våre tre omsorgssenter er slik sett ein fysisk/geografisk samling av ulike bygg og tenester, men eit omsorgssenter ikkje ei eige organisatorisk eining (Dvs eit omgrep "omsorgssenter" i organisjonskartet).



Flyktningkonsulent

Karen Kristine Steingildra er tilsett i 70 % stilling som flyktningkonsulent i Luster kommune. Stillinga er oppretta på bakgrunn av kommunen sitt vedtak om å busette 15 flyktningar i 2010. Stillinga er tidsavgrensa fram til juni 2012.

Karen starta i stillinga 10.mai og har sin arbeidsplass ved Nav som er tillagt eit koordinerings- og oppfølgingsansvar for busettinga av flyktningane.

Ho er utdanna sosionom ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Ho har tilleggsutdanning innan barnevern, historie og arbeids- og organisasjonspsykologi. Har 15 års arbeidserfaring innan barnevern-, sosial- og flyktningfeltet på kommunalt nivå.

Karen er fødd og oppvaksen i Høyanger, men er no heimehøyrande på Kaupanger der ho driv gard saman med sambuar. Ho ser fram til å samarbeide med både hjelpeapparat og krefter i lokalsamfunnet for å integrere flyktningane på ein god måte. Målet er at flyktningane sjølv opplever seg som viktige bidragsytarar og deltek i lokalsamfunnet på lik linje med andre innbyggjarar.

Karen er blitt godt motteke av kollegaer ved Nav og ser fram til gode arbeidsår i Luster kommune.

Personalnytt

Anne Kjær Schmidt
er tilsett i vikariat som fastlege ved Luster legekontor i tida juli 2010 til april 2011.



Mette Frydenberg Reinertsen
er tilsett i fast rektorstilling ved Jostedal skule frå 01.08.2010.



Sjukeheim:

Våre tre sjukeheimar er fysisk/geografisk ein del av eit omsorgssenter (jf over), men er organisatorisk ein del av Luster sjukeheimsteneste.

Namnet på sjukeheimane er difor:

- Luster sjukeheimsteneste avd Hafsl
- Luster sjukeheimsteneste avd Luster
- Luster sjukeheimsteneste avd Gaupne

Omsorgsplass:

Vi får no 8-9 omsorgsplassar ved kvart omsorgssenter. Luster heimeteneste har hovudansvaret for dette tenestetilbodet.

Rune Melheim
er tilsett i fast stilling som undervisningsinspektør ved Hafsl barne- og ungdomsskule frå 01.08.2010.



Hafsl
ter
splas-

trasjon
enter
av
enter er
in finn
isa-

Yngvar fekk opp pulsen på lustringane

Etter initiativ frå velferdskomiteen til Luster kommune vart alle kommunetilsette, tilsette i Luster Sparebank, Luster Energiverk og Statkraft invitert til Arbeidsmiljødag med temaet Livsstil og helse: "Dagen der trening og sunt kosthald blir

logisk" 25. mars. Lustringen, fortunsdølen Yngvar Andersen vart hyra inn som instruktør. Yngvar er til dagleg leiar for treningsstudioet sitt "Mykjemeir" i Oslo. Han er også vorte riksrekordspurt som treningsekspert i TV-programmet

PULS.

Trening har alltid vore ein viktig del av livet til Yngvar. Heilt frå han gjekk rundt i huset heime på "ullsokkskøyter", og bestemora kalla han Eric Heiden, har han vist at han måtte ha ein jobb der trening var arbeidsområdet. Dette har han lukkast med.

Kjempeflott deltaking

Det knytte seg stor spenning til kor mange som ville vera med på denne felles fysiske dugnaden i idrettshallen. Totalt melde det seg 250 deltakarar – kjempeflott!

I 3,5 timer like etter arbeidstid var det full aktivitet i salen med øvingar og informasjon om rett



NAV Luster informerer:

Automatisk frikort

1. juni 2010 vert ordninga med automatisk frikort innført i heile landet. Automatisk frikort betyr at du får frikortet send automatisk i posten innan tre veker etter at du har passert frikortsgrensa på kr. 1840,-. Ordninga gjeld for eigendel tak 1, som omfattar eigendel du har knytt til lege, psykolog, medisin og reise. Dette inneber at du ikkje lenger treng oppsøke NAV for å søkje



om frikort. Frå 1. juni tek HELFO (Helseøkonomiforvaltningen) over ansvaret for frikort.

Frikortet vert send i posten saman med ei oversikt over eigendelane som er registrert på deg. Det er lurt å samle på kvitteringar du får når du betalar, for sidan å sjekke dei opp i mot oversikta du får frå HELFO. Dersom det er eigendelar du manglar, kan du ringe Frikorttelefonen 815 70 050.

2010 blir eit overgangsår for frikortordninga. Eigendelar frå pasientreiser med rekvisisjon vert ikkje automatisk registrert, og du må sjølv sende inn dokumentasjon. Du kan nytte den kvite delen på kvitteringskortet du får hos behandlar eller apotek, og be transportøren om å kvitttere direkte på denne delen. Når du har krav på frikort, kan du klippe av den kvite delen. Før på namn og fødselsnummer og send den til:

Helseforetakenes senter for pasientreiser ANS,
Enhet for egenandeler,
Postboks 2754,
3702 Skien.

mengde trening, type trening sett saman med rett kosthald. Det var utruleg å sjå ein så stor flokk personar vera så lydhøyre og utføra dei øvingane som Yngvar tok fram. Sa han "dekk", så låg alle klistra til golvet.

Avslutninga var eit vakkert syn med 250 personar liggande på golvet heilt roleg der ein skulle kjenna kroppen falla til ro etter ei god treningsøkt. Ein kunne høyra ei knappenål detta. Det må også nemnast at treningsøkta hadde ein liten pause der det vart servert frukt, grønt og drikke. Arrangementet var meint som eit lite puff for å koma seg ut av sofaen, ikkje berre den 25. mars, men også i tida framover. Og det kunne også vere eit startskot til å vere med på bakkeløpet MOLDEN OPP.

Tenk livsstil og helse og lat dagane få eit logisk innhald med trening og sunt kosthald!

Dersom du manglar eigendel for pasientreise, kan du sende dokumentasjon til ovannevnte adresse. Når du ordnar reisa sjølv, må du fylle ut eit skjema i etterkant. Skjemaet får du hos legen din eller annan behandlar. Skjemaet skal og sendast ovannemnde adresse. Dersom du har spørsmål knytt til pasientreiser, kan du ringe Pasientreiser 05515.

Automatisk frikort gjeld ikkje for eigendel tak 2. Det betyr at du sjølv må søkje om frikort for eigendel tak 2. Denne ordninga gjeld fysioterapi, enkelte former for tannsjukdom, behandlingsreise til utlandet og opphold i samband med rehabilitering. Frå 1. juni 2010 overtak Helseøkonomiforvaltning (HELFO) ansvaret også for eigendel tak 2, og kvitteringar skal frå denne datoен sendast dit: HELFO Vest, Postboks 14, 4697 Sola.

Det er berre informasjon om beløp, type behandlar og tidspunkt for behandling som vert registrert elektronisk i det nye register for eigendelar. Informasjon om diagnosar, medisinar eller helsetiltand vert ikkje registrert. Det er mogleg å reservere seg mot automatisk frikort, men du må da sjølv søkje om frikort hos HELFO. Reservasjonskjema kan du få på www.helfo.no/frikort eller hos Frikorttelefonen.

Kommunelege Knut Cotta Schønberg informerer:

Hjelp ved akutt hjartestans

Akutt hjartestans skuldast som oftast akutt hjartesjukdom som for eksempel hjarteinfarkt. Ein blodprop i blodårane til hjarta stoppar deler av blodforsyninga og hjartemuskelen stoppar å pumpe. Ein blir livlaus etter få sekund, men kan reddast med innsats frå dei fleste. Startar ein med livredning med brystkompresjonar og innblåsingar og får ein hjartestartar på plass, kan mange reddast. Dette har vi god erfaring med i kommunen vår.

Akutte brystsmerter der ein misstener hjartesjukdom skal føre til rask kontakt med legevakt. Hjartestans vil som oftast skje ut i forløpet.

Kva gjer ein når ein person fell om og ser livlaus ut?

1. Sjekk personen. Er han bevisstlaus? (manglar reaksjon når du forsiktig rister i skuldrene og spør ”korleis er det med deg”). Får du ingen kontakt; rop på hjelp.



Her er mange av dei som var med på opplæringa på Veitastrond. F.v. John Molland, Therese Vee Hilleren, Vigdis Molland, Anita Molland, Evelyn Hilleren Nes, Anne Kari Herlofsen Nes, May Ruth Flugheim Neset, Gerd Kari Stølen og Jens K. Nes.

2. Dersom personen er bevisstlaus: Pustar han? Sjå, lytt og føl i inntil 10 sekundar. Bevegar brystkassa seg? Lytt etter pustelydar, kjenn etter om han/ho pustar mot kinnet ditt.
3. Start hjarte-lungeredning. Gje hjartekompresjon ved å trykke ned midt på brystet 100 gonger i minuttet. Gje munn til munn innblåsing i slike forhold; 30 kompresjonar og 2 innblåsingar.
4. Skaff hjartestartar / helsepersonell. Sekundane tel! Ubehandla vil 4 minuttar gje uboteleg skade om ein ikkje startar førstehjelp straks.

Ring 113

Luster kommune er vidstrakt og det kan ta tid å få fram helsepersonell. Legevakt og ambulansestasjon er i Gaupne. For å kunne kome raskt i gang med hjartestartar er det no utplassert slike utstyr i mange område av kom-

*Kommuneoverlege
Knut Cotta
Schønberg
ønskjer å
informere
om ein av
dei mest
akutte og
alvorlegaste
sjukdomstilfella
vi kan
oppleva:
Hjartestans.*



munen. Dette er frivillige som med god hjelp og innsats frå Luster Røde Kors, har fått opplæring i bruk. Det er skaffa fram frivillige kontaktnummer for å aktivisere desse.

AMK i Førde som svarar vårt 113 oppkall vil automatisk få opp eit kart over Luster kommune med oversikt over aktuelle hjartestartarar og telefonnummer til hjelparane. Dette gjer at vi kan hjelpe personar med hjartestans svært mykje betre og raske.

Det er i dag i Luster kommune plassert ut hjartestartar som får direkte alarmering frå **AMK-113** på dessa stadane:

Skjolden Bygdalag på Fjordstova. Tal opplærde: 10.
Urnes Bygdalag på Ornes Gard/Båtbyggeri: 18.
Avery Dennison NTP: 10.
Statkraft i Gaupne: 4.
Luster Treningsenter i Gaupne: 8.
Luster Legekontor: 8.
Jostedal Bygdalag på Jostedal Hotell: 8.
Veitastrond Bygdalag på brannstasjonen: 13.



*Frå opplæringa på
Veitastrond. Ståande f.v.
May Ruth Flugheim Neson,
Evelyn Hilleren, Gerd Kari
Stølen og Jens K. Nes.*



*Luster Røde
Kors v/Ove
Fortun har
gjort ein stor
innsats for å få
etablert hjarte-
startarstasjon-
ane.*

Sogn Skisenter i perioden 01/12-01/05: 6.

I tillegg er der hjartestartar ved Hydro Fortun. Tal opplærde: 9. Luster Røde Kors Hjelpekorps i Luster og Hafslo har begge hjartestartar og deltek i diverse arrangement i kommunen som

Lustraløpet, Parken, Skisenteret, Sognefjord cup osv. Det blir jobba med å få beredskap heile året.

Luster Røde Kors v/Ove Fortun har gjort ein stor innsats for å få etablert hjartestartarstasjonane. Med rett innsats frå ”menig-

mann” som varslar 113 og som startar hjarte/lungeredning, vil vi i dag ha gode moglegheiter for å redde hjartesjuke.

Alle blir oppfordra til å gå på kurs med Luster Røde Kors Hjelpekorps for å lære hjarte/lungeredning.

IL Bjørn - Idrettsskulen: Har du fått premien din?

Alle born i alderen 0-12 år som deltek på organisert aktivitet i IL Bjørn sin regi kjem under gruppa Idrettsskulen. Mange trur at det er berre dei som deltek på Barneidrett i idrettshallen som hører til Idrettsskulen, men slik er det altså ikkje. Uansett om borna deltek på fotball, ski, handball, friidrett eller tumling/barneidrett/allidrett er dei i Idrettsskulegruppa, og skal difor ha PREMIE for kvar sesong!

I år hadde IL Bjørn premieutdeling i Parken 1. juni. Fordi dei ikkje fekk hengt opp plakatar, og forvirring kring kven som skal ha premie, sit IL Bjørn att med mange premiar som ikkje er henta.

Så difor; DU som ikkje har fått premien din for innsatsen i IL Bjørn kan ta kontakt med leiar i Idrettsskulen, Anne Merethe Feigum, tlf. 905 88 369.



Busetting av flyktingar i Luster

"Å forlate familien sin og sitt nærmiljø, kanskje berre med dei aller viktigaste eigendelane sine i ein liten sekk eller plastpose, er inga lita avgjerd å ta. Å frakte seg sjølv, sin integritet, over lange avstandar er ikkje handlingar som kjenneteiknar menneske som er svake eller skjøre. Dette er sterke folk og dei må møtast med forventningar som er proporsjonale med dette. Difor skal vi møte flyktingar med forventninga om at dei kan noko, at dei vil noko og at dei skal noko ". (Hadia Tajik, tidl. statssekretær)

Kommunestyret i Luster kommune vedtok i 2009 å busetje inntil 15 flyktingar i 2010 etter oppmodning frå IMDi (Inkluderings- og mangfalddirektoratet). Dette er både personar som bur i norske mottak og kvoteflyktingar. Flyktingane kjem frå Eritrea, og er ei samansett gruppe med både familiefolk og einslege av begge kjønn. Busettinga vil skje i etappar utover hausten. Kommunen har eit overordna ansvar for integrering og kvalifisering av nybusette flyktingar. Ansvaret er forankra i ein avtale med IMDi. Busetting av flyktingar er frivillig for den enkelte kommune, og staten dekkjer kommunen sine gjennomsnittlege utgifter til busettinga og integreringstiltak dei fem første åra.



Karen Kristine Steingildra er tilsett i 70 % stilling som flyktingkonsulent i Luster kommune. Stillinga er tidsavgrensa fram til juni 2012.

Det overordna målet med integreringspolitikken er å sørge for at den enkelte flyktning kan delta i arbeids- og samfunnsliv på lik linje med folk flest. Dette medfører at dei ulike tenesteeiningerane i kommunen deltek i arbeidet med å legge til rette for kvalifisering og integrering av flyktingar – gjennom språkpraksis og tilrettelegging av andre aktuelle tiltak. Eit godt samarbeid med næringsliv og private verksemder er i tillegg ein sentral føresetnad for å lukkast med integreringa. Erfaring syner at dette er avgjerande for at flyktingar skal ønske å busette seg og bli verande i kommunen.

Omgrepet flyktning

Omgrepet flyktning vert nytta om personar som har fått asyl eller opphold på humanitært grunnlag. Det vert og nytta når personar har fått mellombels vern, anten personen har kome som asylsøkjar, overføringsflyktning eller gjennom familiesamei-

ning. (St.prp. nr. 1 2006-2007) Internasjonale konvensjonar forpliktar Noreg til å verne menneske på flukt frå forfølging p.g.a. rase, religion, nasjonalitet, politisk oppfatning eller medlemsskap i ei særskilt gruppe.

Flyktingtenesta

Flyktingtenesta i kommunen skal tilby *kvalifisering og rettleiing* til flyktingar i etableringsfasen – og deretter ta initiativ til *samhandling* mellom flyktingen og lokalsamfunn – på ein slik måte at flyktingen kan ta i bruk eigne ressursar. Tenesta er tilknytta Nav-kontoret i kommunen som har eit oppfølgings- og koordineringsansvar for arbeidet med flyktingane.

Møte mellom menneske, ikkje mellom kulturar

Mangfold oppstår når to menneske møtast, menneske med ulik alder, utdanning, oppvekstvilkår og erfaringsbakgrunn.

Mangfold er det normale.

Mangfold oppstår ikkje i møtet med ein annan nasjonalitet, men derimot aukar spennet.

Kulturelle skilnader kan relativt enkelt overkommast dersom det er vilje til stades frå alle partar. Når ein nybusett flyktning skal starte sitt nye tilvære i Luster, er det av stor betydning korleis personen vert møtt. Gjennom relasjoner og positive opplevelingar, vil flyktingen litt etter litt finne fotfeste og slå rot. Først då er personen klar for å ta i bruk sine medbrakte ressursar – og bli ein aktiv deltakar i lokalsamfunnet – gjennom arbeid, i nettverk og sosiale/kulturelle organisasjoner. Integrering skjer såleis gjennom gode naboforhold, fritidsaktivitetar, skule, utdanning og arbeid.



I 2000 tok Luster mot flykningar frå Etiopia. Dette biletet er frå ein velkomstfest i februar 2001 då dei imponerte med song, musikk og dans.

Introduksjonsprogram – med rett til å lære og plikt til å delta
 Kommunen er pliktige til å tilby eit introduksjonsprogram m/introduksjonsløn til alle personar med rett/plikt til introduksjonsprogrammet – inntil to år. Full deltaking i programmet utgjer minst 30 timer/maks 37,5 timer pr. veke. Programmet skal minst innehalde norskopplæring og samfunnskunnskap (250 timer norsk/50 timer samfunnskunnskap). Norskopplæring har ein sentral plass i integreringsarbeidet. Mange flyktningar opplever skulen som ein sosial møteplass der dei møter vener og kjente. Det er lett å bli isolert i ein ny kommune dersom ein ikkje møter menneske som viser vilje til å forsera barrierar som språk og kultur.
 Norskopplæringa gjev rom for å stille spørsmål og dele frustrasjoner – samstundes som ein lærer norsk samfunnsliv å kjenne og deltek i språkopplæringa.

Språkpraksis

Språkpraksis er språktrening utanfor klasserommet, og utgjer aktiviteten dei dagane deltaka-

ren ikkje har tilbod om norskopplæring det fyrste året.

Språkpraksis er hospitering i ordinær verksemد, anten hjå ein arbeidsgjevar eller i ein frivillig organisasjon. Deltakaren får trening i å snakke norsk i ein tidleg fase og innsikt i arbeidslivets reglar og normer. Deltakaren kan opptre som observatør, men kan også delta i arbeidet til nytte for arbeidsplassen. Språkpraksis har verdi ved at deltakaren opparbeider seg eit sosialt nettverk, og ein referanse i samband med framtidig jobbsøking.

Arbeidspraksis

Deltakarar som har gjennomført språkpraksis, skal få tilbod om arbeidspraksis gjennom Nav. Arbeidspraksis kan vere ein del av introduksjonsprogrammet, og skal vere målretta arbeidstrening i ei verksemد der deltakaren har sjanse om å få tilbod om vidare arbeid etter at introduksjonsprogrammet er avslutta. Deltakarar i arbeidspraksis mottek ordinær introduksjonsløn.

Om framtida

For dei fleste flyktningar i Noreg

er tilbakevending til heimlandet uaktuelt, og det er få som faktisk vel å returnere til heimlandet. Å planlegge for framtida, om den vert i Noreg, i heimlandet eller kanskje begge deler, er ein prosess. Først må flyktningen få kontroll over dei nære ting, dei mest presserande oppgåvene, før ein for alvor kan engasjere seg i problemstillingar som ligg langt fram i tid. Å jobbe målretta mot eit sjølvstendig og uavhengig liv i Noreg, er den beste måten å førebu seg på framtidige endringar – enten ein vel å bli i Noreg eller reise, eller noko midt imellom.

Om å ha forventningar

Forventningar har mykje å seie for kva vi sjølv trur vi er i stand til å utrette. Slik er det og med flyktningar. Det vil vere negativt å ha for låge forventningar til kva dei kan prestere. Samstundes er det viktig å gje flyktningane dei verktøy dei treng for å lukkast ut frå sine føresetnader og evner. Norskopplæring, forståing for norsk samfunnsliv, praksisplass og tett oppfølging er slike verktøy.

Eldre og aktivitet

På initiativ frå Verdens helseorganisasjon vart verdas aktivitetsdag markert 10. mai i år (Move for health). Temaet i år var fysisk aktivitet for eldre.

Som for resten av befolkninga, er trenden at også eldre er for lite aktive. Det at me trimmar og mosjonerer meir, er ikkje nok til å kompensere for den aktiviteten som tidligare kom i daglege aktivitetar. Samfunnet har blitt for stillesitjande.

Undersøkingar viser at aktivitetsnivået held seg relativt stabilt fram til me fyller 70 år. Etter 70 år er det eit tydeleg fall i aktivitet både for menn og kvinner. Berre 6 % følgjer anbefalingane om dagleg fysisk aktivitet.

Det kan vere mange grunnar til at me vert mindre aktive med åra. Men samstundes som risiko for sjukdom og funksjonshem-

ming aukar med alderen, er det i dag slik at to av tre 75-åringar opplever at dei har god helse. Gjennomsnittleg levealder har auka med 10 år sidan 1950, og ein av tre held seg friske til dei dør.

Når me også veit at ein 80-åring har like stor effekt av aktivitet som ein 30-åring, og at ein godt trenad 80-åring kan vere like sterkt som ein utrena 40-åring, er det ingen grunn til å bli sitjande. Fysisk aktivitet kan ikkje oppheva aldringsprosessen, men kan utsetje den.


Aktivitet er ferskvare, må nyttast dagleg og har ein del positive bieffektar.

Fysisk aktivitet

- gjev overskot
- gjev betre humør og energi
- gjev betre helse
- gjer at du sov betre og tenker klarare

Aktivitetshåndboken

Fysisk aktivitet i forebyggning og behandling



Oppsummerer kunnskap om fysisk aktivitet, både i forebygging og behandling av ulike diagnosar.

- aukar sjansane for at du kan klare deg sjølv lengre
- litt aktivitet er betre enn ingenting
- det er aldri for seint å starte

TV-aksjonen 2010 til flyktning- hjelpen

Om lag 42 millionar menneske er på flukt grunna krig og konflikt, og dei treng hjelp. Innsamla midlar skal gå til mat, husly, drift av flyktningleiarar, utdanning og fri rettshjelp.

Søndag 24. oktober er aksjonsdag.

Luster kommune sin komité for Tv-aksjonen 2010:

Anders Bolstad (leiar)	6876 Skjolden
Jostedal bygdelag v/Svein Norberg,	6871 Jostedal
Jan Magne Søhoel for Luster Sparebank,	6868 Gaupne
Gudleik Hovland	6872 Luster
Arne Bondevik	6875 Høyheimsvik
Samarbeidsgruppa for Sørsida v/Marianne Bugge	6870 Ornes
Ivar Buskaker	6869 Hafslø
Tordis Skjerdal Rauboti	6879 Solvorn
Oddny Urnes	6877 Fortun
Indre Hafslø bygdelag v/Per Rune Joranger	6873 Marifjøra
Anne-Siri Bentsen	6868 Gaupne
Mona Vik	6868 Gaupne
John Havellen	6868 Gaupne



Gjev konkrete råd og tips om fysisk aktivitet.

- få aktiviteten inn i kvarldagen – Kan du t.d. gå til butikken? Hagearbeid? Leike med barnebarna?

MEN tru ikkje at alt endrar seg med ein gong – du treng ofte litt tilvenningstid. Eldre har like stor nytte av å bevege seg som yngre, men det tek litt lengre tid før du merkar forbetringa.

Dei internasjonale anbefalingane for vaksne og eldre seier noko om kor aktive me bør vere for å ivareta vår eiga helse.

- **30 minuttar aktivitet med moderat intensitet kvar dag.** Det vil sei at du godt kan bli litt andpusten og sveitt. Du kan for eksempel gå tur, gjerne i ulendt terrengr. Langar du ut litt ekstra, aukar både intensitet og gevinst. Aktiviteten kan også delast opp i kortare økter, t.d. 2 gonger 15 minutt i løpet av ein dag.
- **Styrketrening 2 dagar i veka** – 8-12 gonger etter kvarandre av kvar øving. Dette kan vere så enkelt som å sitje på
- ein kjøkkenstol, og reise og setje seg 10 gonger etter kvarandre (knebøy). Å gå i trapper er også fin styrketrening for beina. I heftet 65+ finn du fleire gode tips til øvingar.
- **Balanse.** Prøv deg sjølv under trygge forhold – kor stødig er du? Kjenner du at du byrjar bli litt ustødig, går det an å gjere noko med det. Du kan t.d. stå på ein fot, samstundes som du bevegar den andre. Gjer du øvingar for å bli sterkare i beina, vil også balansen bli betre. Blir du med på ei Betre balanse gruppe, kan du også få tips til gode øvingar.
- **Fleksibilitet.** Det vil sei at du skal bruke kroppen for å halde deg mest mogeleg mjuk og smidig. Det er til dømes lurt å bøye seg ned til beina og strekke armane over hovudet dagleg. Det er naturleg å bli stivare med åra, men det er også mogeleg å gjere noko sjølv for å halde seg mjukare.

Folketalsutviklinga i Luster kommune

Folketal	pr.01/01 -97:	5115
Folketal	pr.01/01 -98:	5095
Folketal	pr.01/01 -99:	5035
Folketal	pr.01/01 -00:	5003
Folketal	pr.01/01 -01:	4954
Folketal	pr.01/01 -02:	4968
Folketal	pr. 01/01-04:	4926
Folketal	pr. 01/01-05:	4927
Folketal	pr. 01/01-06:	4889
Folketal	pr. 01/01-07:	4884
Folketal	pr. 01/04-07:	4880
Folketal	pr. 01/07-07:	4892
Folketal	pr. 01/10-07:	4883
Folketal	pr. 01/01-08:	4870
Folketal	pr. 01/04-08:	4878
Folketal	pr. 01/07-08:	4889
Folketal	pr. 01/10-08:	4887
Folketal	pr. 01/01-09:	4879
Folketal	pr. 01/04-09:	4897
Folketal	pr. 01/07-09:	4930
Folketal	pr. 01/10-09:	4937
Folketal	pr. 01/01-10:	4945
Folketal	pr. 01/04-10:	4959

Endringar i 2010 :

Fødde:	..	13
Døde:	..	8
Innflytte:		34
Utflytte:		25

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå, kvartalvis befolkningsstatistikk.
NB! Talmaterialet for endringar siste kvartal er førebelse tal.

Blei du inspirert? Ta ein tur ut då vel. Elles finns det mange ulike tilbod i Luster kommune. Det finns ulike gå- og mosjonsgrupper, i 100 mot 100 på Treningsenteret, Betre balansegrupper på omsorgssentra, seniorans, bassenggrupper og sikkert mykje meir. Treng du hjelp for å komme i gang, kan du kontakte ein fysioterapeut for å få tips og vegleiing.
God tur!

Luster er modellkommune i demensomsorga

Som eit ledd i gjennomføringa av Demensplan 2015 "Den gode dagen" fekk Luster kommune tilbod om å delta som modellkommune. På landsbasis vart det valt ut 25 kommunar innanfor 3 utviklingsområde. Fylkesmannen var med å velja ut dei kommunane som fekk tilbod om å bli med. Modellkommunane forplikta seg til å dela sine erfaringar og stilla ein del data til disposisjon innanfor gjeldande lovverk.

Det vart sett i verk fleire utviklingsprogram, m.a. innanfor områda:

- Utredning og diagnostisering av demens.
- Dagtilbod og avlastningsordningar for personar med demens.
- Tilbod til pårørande, pårørandeskular og samtalegrupper.

Luster kommune har delteke i utviklingsprogrammet dagtilbod og avlastningsordningar for personar med demens.

Innanfor kvart av utviklingsområda har det vore gjennomført nasjonal kartlegging av tenestetilbodet i kommunane.

Kartlegginga har vore gjennomført av Nasjonalt kompetanse-



senter for aldring og helse med god oppslutning frå kommunane. Det viser at demens er eit tema som engasjerer, og kommunane ser nytteverdien av å bidra med dokumentasjon. Mange kommunar kan visa til gode tilrettelagde tiltak som er i drift .

Målsetting for utviklingsprogrammet:

- Samle erfaringar og utvikle gode modellar, heve kvalitateen og bidra til auka kapasitet.
- Utarbeide rettleiarar, opplæringsmateriale og iverksette

tiltak for implementering.

- Flest mogeleg kommunar innan 2015 har tilrettelagde dagtilbod, pårørandeskular/ samtalegrupper og tilbod om utredning og diagnostisering for personar med demens.

Føremålet
med utviklingsprogrammet dagtilbod og avlastningsordningar for personar med demens er:

- Kunnskap om gode modellar for dagtilbod knytta til ulike grupper som har ein demenssjukdom, både yngre personar med demens (under 65 år) og eldre.
- Kunnskap om organisering, drift, kostnad og innhald.

Diplom

Prosjektet er no avslutta og kommunen vil få ein oppsummering av prosjektet i løpet av 2010. Elles takkar Helsedirektoratet og Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse kommunen for bidraget. I samband med dette har vi motteke diplom.

Bruk service-skyssen!

Tidlegare i år har kommunen i samarbeid med Taxi-service og Fylkeskommunen tilbydd Service-skyss i nokre delar av kommunen. I områda Veitastrond, Jostedal og Skjolden har ordninga vore i gang frå nyttår. I april starta ein opp tilbod i områda Luster, Indre Hafslo og Solvorn. Alle rutene har hatt passasjerar, spesielt dei som går mot Gaupne, men det er god plass til fleire. Frå byrjinga av juli vil det også verta tilbod i Hafslo og Gaupne. Då dekkar tilboden alle delar av kommunen.

Tilboden vert organisert slik:
 Det er inga form for godkjenning for å nytta tilboden. På faste dagar og til fast tid, enten kvar eller annakvar veke, vert det sett opp drosje i rute i delar av kommunen. Alle passasjerar som ønsker å nytta Service-skyssen må bestilla hjå Taxi-service 57 68 16 20 eller hjå Elvekrok 959 54 001 før kl 18 dagen før turen. Dei som treng å verta henta på tunet avtalar dette ved bestilling. Rutene vil sjølv sagt gå i retur seinare på dagen.

Eigenbetalinga kr 15 kvar veg. Passasjerar kan følgja ein veg eller tur/retur, alt etter behov. Rutene vert ikkje køyrde dersom ingen bestiller skyss, eller dersom ruta fell på ein helg/høgtidsdag

Ruteoppsett

Følg med på vidare informasjon i Lustranytt, annonser i lokalavisa og på flygeblad. Eventuelle justeringar av rutetider vil Taxiservice informera om. Ein dag i månaden vil rutene frå ulike delar av kommunen gå til Gaupne. Alle tidspunkt er cirka-tider,

fordi ein ikkje veit kor mange som er passasjerar frå gong til gong, og kvar dei skal hentast.

Sørheim-sida + Fortun + Skjolden + Mørkridsdalen
 Ruta startar på Skjolden kl 10.30 torsdag i partal-veker, retur frå Skjolden kl 14.30.
 Til Gaupne følgjande datoar: 1/7, 29/7, 26/8, 23/9, 21/10, 18/11, 16/12
 Frå Skjolden kl 12.30, retur frå Gaupne kl 15.30.

Jostedal
 Ruta startar frå Gjerde kl 10.30 tysdag i partal-veker, retur frå Gjerde kl 12.30.
 Til Gaupne følgjande datoar: 15.6, 13/7, 11/8, 8/9, 5/10, 2/11, 30/11, 21/12
 Frå Jostedal kl 11.30. Retur frå Gaupne kl 13.30.

Veitastrond
 Ruta startar frå Stølen kl 10 tysdag i oddetal-veker, retur frå Hafslo kl 12.
 Til Gaupne følgjande datoar: 8/6, 6/7, 3/8, 31/8, 28/9, 26/9, 23/10, 21/12.
 Frå Veitastrond kl 10, retur frå Gaupne kl 13.30.

Nes + Luster
 Frå Nes kl 13 kvar tysdag, retur frå Luster kl 15.30.
 Lustrabygdi rundt kvar tysdag kl 13.30, retur kl 15.30.

Rute til
 Gaupne
 saman med
 Skjolden
 andre torsdag
 i månaden:
 1/7, 29/7,
 26/8, 23/9,
 21/10, 18/11,
 16/12.

Solvorn

Frå Solvorn til Hafslo kvar fredag kl 9.30, retur frå Hafslo kl 13.30.

Til Gaupne følgjande datoar: 2/7, 30/7, 27/8, 24/9, 22/10, 19/11, 17/12.

Frå Solvorn kl 9.30, retur frå Gaupne kl 13.00.

Indre Hafslo

Frå Falkgjerdet kvar onsdag kl 13.00, retur frå Gaupne kl 16.00.

Mollandsmarki kan også bestilla på denne ruta.

Hafslo startar 2/7

Hafslo rundt kvar fredag frå Buene kl 9.30, retur kl 12.30. Til Gaupne saman med Veitastrond eller Solvorn, sjå deira rutedagar.

Gaupne rundt startar 7/7

Start frå Pyramiden kl 13 kvar mandag, retur frå Pyramiden kl 16.

Ordninga med DTD/ TT- transport krev godkjenning på grunnlag av funksjonshemming, og er eit individuelt transporttilbod. Dette tilboden vil halda fram som før.

GOD TUR!



Nettverksamling – kreftomsorg og lindrande behandling

1. juni var ressurssjukepleiarane i Luster kommune vertskap for lokal nettverksamling for ressurssjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Sogn og Fjordane. Samlinga var ved Luster omsorgssenter.

Nettverket av ressurssjukepleiarar er sjukepleiarar som arbeider i heimetenesta, i sjukeheim eller i sjukehus. Dei har vidareutdanning og/eller kompetanse og sær-



leg interesse for kreftomsorg og lindrande behandling.

Det vart gitt kort statusrapport frå ressurssjukepleiarane i dei ulike kommunane med fokus på tilrettelegging for tverrfagleg samarbeid både i sjukehusa og i kommunane. Elles var det

undervisning i temaet "Ivaretaking av barn som pårrorande til alvorleg sjuk" og i "Ernæring/kakeksi" ved Torill Tysse-Sælen, som arbeider som kreftsjukepleiar i team lindrande behandling ved Førde sentralsjukehus.

Basar ved Luster omsorgssenter



Masse folk, god stemning og ”dette må vi gjere fleire gonger”, var omkvedet frå publikum då aktivitetsgruppa ved Luster omsorgssenter heldt basar no i vår. Og resultatet vart kjempeflott. 44.000 kroner kom inn, og vil gå til velferdstiltak for pasientane: Turar, underhaldning og blomster.

Kari Marie Venes er leiar i aktivitetsgruppa og syner her alle gevinstane som skulle loddast ut.



*Den heldige vinna-
ren av hovudvin-
sten, ein 52” flat-
skjerm, var Mari
Moen.*



Frå venstre: Ove Nyland, nestlediar i banken sitt styre, Mats Bjørnar Leirdal, Audun Moseng, Jakob Meløy og banksjef Oddstein Haugen.

Kultur- og næringsstipend

På Lustramarknaden delte Luster Sparebank ut stipend til 7 ungdomar med tilknytning til banken. Banksjef Oddstein Haugen og nestlediar i styret, Ove Nyland, stod for utdelinga.

Sju ungdomar fekk kvar sitt stipend på 10.000 kroner: Britt Kristin Heltne, 20 år - kunst og design. Jostein Fossøy, 18 år - friidrett. Kine

Kvalsvik, 23 år - fotball. Siri Holen Lomheim, 25 år - næring. Mats Bjørnar Leirdal, 16 år - langrenn. Jakob Meløy, 17 år - langrenn. Audun Moseng, 16 år - musikk.

Dei fire fyrstnemnde var opptekne med viktige arrangement, men vil få overrekt diplom og stipend seinare.



Brit Irene Mørkrid fekk god omsetnad på årane sine.



Pengane sat laust då Erling Langeteig gjekk rundt og selde årar.

- Ja, me vil bruke røysteretten vår

Luster kommune er ein av 20 kommunar som deltek i forsök med røysterett for 16- og 17 åringar ved kommunevalet i 2011.

Dei som no går ut av 10. klasse vil vere 17 åringar ved kommunevalet 2011 og såleis får dei røysterett.

Valansvarleg i Luster kommune, Anita Bjørk Ruud, har vore på besøk i dei tre 10. klassane i vår og informert om valsystemet:

- om demokratiet
- om røysterett
- om å vere valbar, då må ein vere 18 år i valåret
- om politiske parti og kva parti som er representerte i kommunestyret,
- samansetjinga i kommunestyret
- om nominasjon, partia si utvelging av kandidatar
- eksempel på vallister med førehandskumulerete kandidatar
- om manntal og valkort
- om førehandsrøysting
- om røysting på valdagen
- om kva veljar kan gjere av



Alle elevane fekk rådmannen sin årsrapport for 2009. Her er det rikt illustrert kva oppgåver kommunen har, kor mange som jobbar på dei ulike tenesteområda og kor mykje midlar som er brukt på dei ulike områda. Her er det nokre av jentene i 10 klasse ved Hafslo barne- og ungdomsskule som har fått årsrapporten.

endringar på røystesetelen, og følgjer dette får

- om oppteljing og utrekning av valresultatet
- om konstituering, val av formannskap og ordførar.

Dei komande fyrstegongsveljarene fekk også informasjon om kva kommunen steller med, dei folkevalde og dei tilsette. Rådmannen sin årsrapport og

rekneskap for 2009 vart utdelt til alle saman. Dette dokumentet gjev ein god oversikt over kva for tenester kommunen gjev til innbyggjarane våre, og spesielt kva type saker som vart handsama i 2009. Rapporten syner også tydeleg kor mange som jobbar innanfor dei ulike tenesteområda og kor mykje midlar som vert brukt på kvart område.



Etter ei lang økt med demokratiopplæring er det godt at det er matpause. Elevane ved Luster ungdomsskule kosar seg på fellesarealet utanfor klasseromma.



- Ja, me vil røyste neste år!

Ungdomen sitt kommunestyre (UK) som kanal for ungdomen
Me drøfta korleis ungdom kan engasjere seg. Ved sjølv å gå inn i eit politisk parti, deltaking i UK eller innspel til UK, ved lesarinnlegg, underskriftsaksjonar og innbyggarinitiativ.

At Luster kom med i forsøket med røysterett for 16- og 17åringar er eit godt eksempel på ei sak der Ungdomen sitt kommunestyre engasjerte seg.

Kva meiner dei ulike partia?
Det skal partia sjølve få formidle til veljarane i Luster, både fyrstegongsveljarar og eldre veljarar.

Mange vil følgje med på forsøket
Luster er einaste kommunen i Sogn og Fjordane som deltek i forsøket og mange vil følgje ekstra godt med på kva utslag dette utvida demokratiet får for valresultatet.

Kommunaldepartementet har laga ei eiga nettside og ein Facebookprofil på dette prosjektet. Sjå på www.krd.no. Barneombodet er også engasjerte, sjá www.barneombudet.no/stemmerett Utifrå gjennomføringa av forsøket i Luster og dei 19 andre forsøkskommunane, vil Stortinget avgjere om det skal bli allmenn røysterett for 16åringar.

I Lustranytt og på kommunen si heimeside vil me informere meir om forsøket framover mot valet.
- *Har de lært noko? - Ja.*
- *Vil de bruke røysteretten dykkar?*
- *Ja.*

Desse elevane blir no spreidde på ulike skular og i ulike klassar. Dei vil gå saman med ungdom frå andre kommunar som ikkje har den same retten som elevane frå Luster har.

Me ynskjer lukke til, og vil gjerne invitere til ei ny samling når valet nærmar seg.

Alle elevane frå 10. klasse er presenterte på samlebilete frå dei ulike skulane.



Hoppedilla. Lærar Ruth Aud Teigen Nyland og tidlegare helsesyster Gunvor Nærø svingar tauet, medan elevane har felleshopping. Dei hoppande f.v.: Andreas Sygnabere, Mariel Hov Molland, Even Hunshamar, Kristian Gåsemøy, Sander Harberg, Jørgen Sygnabere, Fredrik Weum, Ingvild Høgi Berge og Borghild Schanke. Foto: Eli Grotle, Sogn Avis.

Indre Hafslo skule hoppa seg rikare – og sprekare

Det vart stor glede ved Indre Hafslo skule då helsesøster Gunvor Nærø dukka opp for nokre veker sidan og kunngjorde at dei vart nest best i hoppetaukonkurransen som Nasjonalforeninga for folkehelsa sette i gang.

Elevane frå og med 5. - 7. klasse fekk 1.000 kroner i premie frå Nasjonalforeninga og 1.500 kroner frå helselaga i Gaupne og Jostedalen.

Konkurransen var open for alle skuleklasser frå 4. til 7. klasse landet rundt, og i år melde 123.000 elevar seg på. I to veker skulle elevane nytte friminutta, eller 10 minutt av ein skuletime, til å hoppe tau, og poenga vart rekna ut etter tal minutt dei hoppa for dagen. Men det var ikkje lov å overstige meir enn 110 poeng eller minutt for dagen.

- Kjempeflott at ein liten skule vann 2. premie i den store konkurransen, seier Nærø. Elevane har stor grunn til å vera stolte.

Hopp for hjartet

Hoppetaukonkurransen "Hopp for hjartet" er Nasjonalforeninga sitt bidrag til auka aktivitet for skuleungar. I dag sit mange ungar alt for mykje stille. Norske 11- til 16åringar sit stille heile 40 timer i veka etter skuletid. Samstundes veit me at born som er overvektige og som mosjonerer lite, har større risiko for hjartesjukdom i vaksen alder. Dette seier leiaren for Folkehelsa, professor John Kjekshus.

Vil du møte statsråd Liv Signe Navarsete eller

Då er du hjarteg velkommen til å delta på konferanse på Skjolden den 27. august i år. Her kjem nemleg kommunalministar Liv Signe Navarsete og Frank Aarebrot, professor i samanliknande politikk frå Universitetet i Bergen. Fylket sin ekspertkommentar på val, Knut Henning Grepstad, vil vere programleiar. Luster kommune er med i departementet sitt prosjekt "Utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken". Det er den lokale styringsgruppa som inviterer til konferansen. Me får gjester, mellom anna frå samarbeidskommunane Lom, Sel og Dovre.

- 401 av 430 kommunestyre har i dag mannsfleirtal. Eg vil ha fleire kvinnelege kommunestyrerepresentantar, fleire kvinnelege utvalsleiarar og fleire kvinnelege ordførarar. Fleire kvinner i lokalpolitikken er eit demokratisk spørsmål. Det vil gje større breidde i synspunkt og korleis vi løyser ulike saker, seier kommunalminister Liv Signe Navarsete. Professor Frank Aarebrot har forska innan felt som demokrati og demokratisering, valanalyse og metodikk, europeisk integrasjon og forskningsformidling. Han er kjend som politisk medi-

ekommentator og ekspert på val og har vore medforfattar og redaktør for ei rekke bøker om demokratisering i Europa etter kommunismens fall.

Du kan også påvirke i nominasjonen.

Partia startar i desse tider på sin nominasjonsprosess. Dei skal velje ut kven som skal representera partiet på deira kommunevalliste. Listeframlegga skal vere klare til 31. mars 2011. Det kan vere noko ulikt korleis partia arbeider fram listene sine. Tradisjonelt vert det valt ein nominasjonsnemnd som kjem med framlegg til valliste. Lista blir vedteken på nominasjonsmøte der alle medlemer i partiet har røysterett. Vil du vere med og påvirke i nominasjonsprosessen? Då må du engasjere deg politisk.

Røysterett for 16 og 17 åringer.

Sidan Luster sine 16 og 17 åringer vil få røysterett ved valet i 2011, er det naturleg at dette også vil vere tema når statsråden og valforskaren møter lustringane.

- Det er svært ønskeleg at bodskapen frå Navarsete, Aarebrot og Grepstad kjem ut til partia



Kommunal- og regionalministar Liv Signe Navarsete sitt bodskap er:

- Fleire kvinner i lokalpolitikken er eit demokratisk spørsmål. Det vil gje større breidde i synspunkt og korleis vi løyser ulike saker.

og nominasjonskomitéane. Me håpar difor at partia blir godt representerte på konferansen seier ordførar Torodd Urnes som også er leiar i styringsgruppa for prosjektet.

- Me ynskjer å nå ut til alle. Det er til kommunen sitt beste at

Kjønnsbalanse i politikken – kvifor skal det ta 100 år?

Luster kommune er ein av kommunane som deltek i Kommunaldepartementet sitt prosjekt "Utstillingsvindauge for kvinner i lokalpolitikken". I år er det 100 år sidan kvinner fekk røysterett ved kommuneval. I den samanheng vart det arrangert jubileumskonferanse i Skien.

Statsråd Liv Signe Navarsete meiner at det er grunn til å jublere, men ikkje juble.

- Det er framleis langt att til full likestilling i lokalpolitikken. Kvinner må øvst på vallistene. Kvotering er riset bak spegelen. Menn må gje frå seg makt og posisjonar. Først då får kvinner sin rettmessige plass i lokalpolitikken. Det held ikkje med halvparten av plassane på listene. Kvinnene må stå på toppen. Dei som står på dei øvste plassane, og dei som i tillegg får stemmetillegg, blir oftast valt inn og får

verv.


401 av 430 kommunestyre har i dag fleirtal av menn. På dei siste 10 åra har kvinnedelen i kommunestyra berre gått opp frå 33% til 37,5%. Held likestillinga fram i same snigletempo, vil det ta meir enn 30 år før halvparten av kommunestyremedlemene er kvinner. Berre to av ti ordførarar er kvinner. Slik kan det ikkje halde fram.

er professor Frank Aarebrot?



Lusteringane er glade for å få statsråd Liv Signe Navarsete på besøk på Skjolden den 27. august. Her er deler av Luster si styringsgruppe "Udstillingsvindauge for kvinner i lokalpolitikken" i møte med statsråden.

Fra venstre Arve Bjørn Røneid, statsråd Liv Signe Navarsete, Bergljot Buskaker og Susanne Heen Veum.



demokratiet skal spegle lustrabefolkningen. Konferansen er difor open for alle. Program og påmeldingsinformasjon blir lagt på kommunen si heimeside og kjem i avis, avsluttar Torodd Urnes.

Professor Frank Aarebrot, kjenner det norske valsystemet betre ein dei fleste og kjem til Luster for å snakke både om kvinner i lokalpolitikken og røysterett for 16 og 17 åringer.

Luster får ros for Fairtrade-arbeidet sitt



Sommaren 2009 vart Luster godt kjent som Fairtrade-kommune. For å oppretthalde denne statusen

må kommunen syne at me har arbeidsplassar som handlar Fairtrade-varer, og at mange nok butikkar og servereringsstader kan tilby Fairtrade produkt i sitt varesortiment.

Kommunen har fått positiv tilbakemelding frå Fairtrade Max Havelaar. Me er flinke på å informere om rettferdig handel via informasjonstorget på Pyramiden og, som dei skriv: - Oppslagene i Lustranytt forteiner ekstra skryt.

Vår oppgåve er å bevisstgjøre innbyggjarar og verksemder om Fairtrade – rettferdig handel.

Hugs at butikkane i kommunen sel Fairtrade produkt og verksemder som vil bli med på laget kan kontakte servicetorget.

Alltid engasjerte Fairtrade-ambassadørar: Anette Stegeggerdet og Anne Britt Kjærvik.

På Lustramarknaden 2010 stilte ordføraren og dei tilsette på servicestorget i Fairtrade-skjorta si og alle som kom innom fekk rettferdig kaffi, juice eller sjokolade.



Jentekveld med quiz og glimt i auga

Ein variert kveld med alvor og mykje moro då Utstillingsvindauge for kvinner i lokalpolitikken arrangerte sin tredje jentekveld fredag 9. april. Denne kvelden fekk nokre utvalde karar sleppe innanfor dørane.

Sølvi Fretheim Steig ynskte velkommen og informerte om prosjektet "Utstillingsvindauge for kvinner i lokalpolitikken".

– Kommunestyret søkte om å få delta, og Kommunaldepartementet plukka oss ut fordi med var blant dei kommunane i landet med därlegaste kvinnepresentasjon i styre, råd og utval. Vidare fortalte Sølvi at i desse dagar vel partia sine nominasjonsnemnder som skal komme med forslag til vallister framføre kommunevalet neste år. Ho oppmoda jentene i Luster om å engasjere seg politisk.

– Finn ut kva for parti du kjenner deg heime i, og meld deg interessert i å stå på liste. Ver positiv dersom du blir spurde om



Mange lustrajenter møtte fram på tredje jentekvelden, denne gong på Gaupne hotell. Godt humør og stort engasjement.

å stå på lista. Hugs også på at me bør kumulere kvinner den dagen me går til valurnene.

Sølvi delte også eigne erfaringar frå si politiske karriere. – Eg har lært utruleg mykje, og eg trur eg har vorte eit romslegare menneske etter kvart. Eg har også blitt kjend meg mange som eg elles ikkje ville ha møtt. Me har det veldig kjekt i lag, og det er sterkt å anbefale å bli med.

Humor i lustrapolitikken

Arve Bjørn Røneid er med i styrringsgruppa for kvinnekonserten. Han hadde fleire roller denne kvelden som leiar for spørjekonkurransen og som skodespelar. Musikkens Venner i



Ikkje lett å komme seg opp og fram som kvinne i lustrapolitikken. Kva parti skulle me velje? Aud Kristin Oma og Anne Margrete Veum underhaldt forsamlinga med revyinnslag.

Idrettsmerkeutmerkingar

Å ta idrettsmerket er ein fin måte for ein årlig kontroll av eigen fysisk form og ei fin motivering for fysisk trening. Krava er tilpassa dei ulike aldersgruppene og er settet så pass høgt at dei fleste må trenere for å klare dei.

Norges Riksforbund for Idrett stifta idrettsmerket 29. mai 1915. Frå starten av var det tilrettelagt kun for menn - først i 1934 kom kvinnene med.

Oppslutninga om idrettsmerket var stigande heilt fram til 1980 då nesten 50 000 deltok. Sidan den gong har talet stadig gått nedover, og den siste revisjonen av øvingsutval og merkekrav er gjort for å forsøke å tilpasse dei



Marta Marie Bukve (t.v.) har oppnådd miniatyrstatuett forgylt etter merkeprøve for 30. gong og Ellen Melheim har oppnådd heiderspris etter merkeprøve for 35. gong i 2009.

Det har pågått ein overgangsordning

frå poeng til tal gonger i perioden 1998 til og med 2005.

Idrettsmerket kan takast av alle frå og med det året dei fyller 16 år.

I IL Bjørn vart det i 2009 fullført 12 merkeprøvar totalt, 3 kvinner og 9 menn. Det vart registrert to nye merketakrarar som har fått bronsemerke for 1. merkeprøve. Vidare er det to som har oppnådd ulike utmerkingar etter gjennomførte merkeprøver. Det er Marta Marie Bukve som har oppnådd miniatyrstatuett forgylt etter merkeprøve for 30. gong og Ellen Melheim som har oppnådd heiderspris etter merkeprøve for 35. gong.

Revyen når ut til mange lustringar. At Musikkens venner synleggjer temaet kvinner og menn i lustrapolitikken via scenekunst set me stor pris på. Det er om å gjøre å halde fokus på temaet.

Quiz med stort engasjement

Om lag 75 frammøtte gleda seg stort over underhaldninga, og viste stort engasjement då Arve delte ut spørsmåla til dei ulike laga. Her er eit lite utdrag:

- Når vart det lovfesta sjølvbestemt abort i Noreg?
- Kor mange kvinner vart valt inn i kommunestyret i Luster i 2007?
- Kva for land hadde størst kvinnedel i parlamentet i 2005?

- Kven var fyrste kvinne på Stortinget og kva parti tilhøyrde ho?
- Når fekk kvinner røysterett i Noreg?

Det var heftige diskusjonar på borda og konkurranseinstinktet er på eit relativt høgt nivå her i Luster.

Finn Skare frå Radio Luster var til stades på deler av kvelden, og sende klipp på nattendinga same kvelden. På Radio Luster si nettside kan du høyre intervju med Hilde Selland og utdrag frå underhaldningsbidraget "Ein ao oss".

Etter programmet vart mange sitjande og prate og hygge seg utover kvelden. Me satsar på at fleire lustrajenter blir inspirerte til å engasjere seg politisk.



Ein ao oss, kem trur du dao dei meina? Geir Hauge og Arve Bjørn Røneid meiner dei gjer omrent alt som gjerast skal i heimen. Det er før konene møter opp, her spelt av Mai Navarsete og Aud Kristin Oma

Gaupne underheldt med to artige og aktuelle revyinnslag frå påskerevyen sin: "Jentekveld på Kafè Nøstet" og "Ein ao oss".

Nytiflytte lusteringar

Kvar kvartal får Luster kommune ei oversikt over tilflytte til Luster. Ordføraren tek for seg denne lista og sender eit velkomstbrev med litt informasjon om kva kommunen har å tilby. På denne lista finn vi personar som har budd i Luster tidlegare,

Linda Tuften

- Fortel litt om deg sjølv.
- Eg er 28 år og har dragsa med meg sunnmøringen Vegard (34) og Oliver (2,5) tilbake til Gaupne. Eg er utdanna bachelor i reiseliv ved Høgskulen i Telemark, avd. Bø. Før det gjekk eg eit år på Toten Folkehøgskule på handball og idrett. Etter dei tre åra i Bø har eg vore stasjonsjørt i Ålesund i to år, og i Oslo i tre år. Der har eg hatt ulike marknadsføringsstillingar i Innovasjon Norge, TV2 og NAF-Data. No har eg jobba som kunderådgjevar i Luster Sparebank sidan 3. mai, og har det som plomma i egg. Godt arbeidsmiljø, kjekke kollegaer og ikkje minst trivelege kundar, gjer at den nye jobben til no ser ut til å svare til forventningane.
- *Kvífor flytte du til Luster kommune?*

- Fordi eg fekk tilbod om ein fantastisk flott jobb i banken, som eg rett og slett ikkje kunne takke nei til.

Dessutan var ikkje Vegard spesielt vanskeleg å be, snarare tvert i mot.

Og ja, Olav Grov, du skal óg få litt av æra.

- *Kva er det beste med å bu i Luster kommune?*

- Det aller meste er flott med Luster! Ein kvardag fylt med det stikk motsette av mas, kjas og rushtrafikk er herleg. Akkurat no er det aller beste å kunne gå til og frå jobb på fem minuttar, og dermed få mykje tid til fami-

og personar som aldri har budd her før. Lustranytt har stilt fire spørsmål til nokon som har flytta til Luster i det siste, og her er svara vi har fått på e-post.

*Linda Tuften, vesle
Oliver og sunnmø-
ringen Vegard.*



lie og vene på kveldstid. Den fantastisk flotte naturen rett utanfor stovedøra er også noko ein set meir pris på etter å ha vore vekke ei stund. Spesielt er det kjekt å kunne ta seg ein liten kveldstur, til Lø eller Hjedledn til dømes. Her må eg få rose bygdalaget som gjer ein utruleg bra jobb med til dømes å rydde stiar, setje opp grinder og skilt. Dei gjer det rett og slett mykje kjekkare å ferdast i naturen!

- *Kva kan Luster kommune bli betre på?*
- Å tilby barnehageplassar året rundt! Det burde ikkje vere spesielt vanskeleg. Hadde det ikkje

vore for at me er heldige og har ei alle tiders bestemor som stiller opp, så hadde me nok ikkje kunna flytta før i midten av august.

Elles så tykkjer eg at me lustringar må slutte med dei tullete bygdekraglane og heller nytte oss av dei tilboda som finst i kommunen. Eg tek gjerne ein tur til Skjolden på klattring, Jostedalen på bading eller reiser til Solvorn og et ein betre middag på Walaker. Me må dele på godene, og sjå på det totale tilbodet me har. Alle kan ikkje ha alt!

Rakel og Ole Inge Skagen

Me er begge oppvaksne i Luster kommune og har eigentleg aldri formelt flytta frå kommunen. Rakel er oppvachsen i Hengesteg i Luster. Etter ungdomsskulen gjekk ho 2 år på teikning, form og farge på Luster vidaregåande skule på Hafslo. Deretter gjekk ho 2 år på Bildøy Bibelskule. Tek no utdanning som interiørarkitekt via NKI Fjernundervisning og jobbar som vikar i Luster Barnehage.

Ole Inge er utdanna tømrar og reiste frå Ornes til Sogndal hausten 1999 for å ta utdanninga der. Heldt fram med læretid hjå Vestlandshus Sogn As.

Etter avslutta læretid starta han eige føretak som opererte litt på Ornes og litt i Sogndal. Flytta så til Bergen og gjekk først på Bildøy Bibelskule og tok deretter 2 år teknisk fagskule. Jobba så 2


*Rakel og Ole
Inge Skagen.*

år med oppdrag både i Bergen og heime i Sogn. Flytta heim til Ornes for godt sommaren 2009. 15. mai 2010 gifte me oss og no bur begge på

Ornes. Luster kommune var eit naturleg val for oss ettersom me begge er oppvaksne der.

Det kjekkaste med å bu i Luster kommune er dei lokale forholda der ein kjenner dei fleste rundt seg. Det vert noko heilt anna enn i ein by der ein forsvinn i mängda av folk. Det er og greitt å sleppa stå fast i kø til og fra jobb.

Luster kommune kan bli betre



på utkantpolitikk og det å støtta unge folk som vågar å etablera seg i utkantane. Kan bli flinkare til å lytta til folket i bygdene i store og viktige avgjersler. Mellom anna meiner me at skulane bør få vera som dei er i dag i staden for at det stadig dukkar opp trugslar om nedleggingar. Til slutt: For at det skal vera leveleg her på Ornes er me avhengig av å få behalda ferja over fjorden.

Jeanett Skjerven og Sindre Johannessen



- Fortel litt om dykkar sjølve. Sindre: Er fødd i 1987, har budd nesten 1 år i Oslo, og nesten 1 år i Gjøvik, men har no flytta tilbake til Hafslo. Går no med planar om å bygge hus på Hestnes med sambuaren min Jeanett.

Jobbar som programutviklar for Avery Dennison NTP as, kor eg den siste tida har utvikla NTP sin nettbutikk.

Jeanett: Eg er født i 1990, og er oppvachsen i Luster og bur på Hafslo. Eg har budd nesten

*Jeanett Skjerven og
Sindre Johannessen.*

eit år i Gjøvik, saman med sambuaren min, Sindre. Me har no planar om å bygge hus på Hafslo til sommaren.

- *Kvifor flytta de til Luster kommune?*

Sindre og Jeanett: Me likar oss godt på Hafslo begge to, og begge har familie i kommunen. I tillegg har Sindre jobben sin her.

- *Kva er det beste med å bu i Luster kommune?*

Sindre og Jeanett: At det er stille og roleg og flott natur. På Hafslo er det utruleg fint rundt og på Hafslvatnet. Hundem vår trivst også godt her.

- *Kva kan Luster kommune bli betre på?*

Sindre og Jeanett: Det er ikkje akkurat flust av jobbar i Luster, so Luster bør jobbe meir med å skaffe arbeidsplassar.

Hospitering på vidaregåande skule

I veke 11 var niandeklassingar i Luster på hospitering ved Luster og Sogndal vidaregåande skule. På måndag, torsdag og fredag var elevane utplassert på ein arbeidsplass og på tysdag og onsdag var me på skule. Eg valde å reise på Media og Kommunikasjon. Og sidan me skulle ha ein jobb i samanheng med skulen, valde eg å jobbe på Rådhuset i Lustranytt. Eg fekk i oppgåve å finne noko å skrive om, og fekk då lyst å intervju andre niandeklassingar om deira arbeidsplass. Eg spurde litt rundt og fann nokon som hadde lyst til å bli intervjuet.

Studiespesialiserande

I år var det ganske mange som hadde lyst å hospitere på Studiespesialiserande, eller allmenn som me kallar det på folkemunne. Ein av dei var Hanna Tuften. Eg tok eit raskt intervju med henne då me sat på bussen heim. Hanna seier at ho synst det var fint og kjekt og vere på studiespesialiserande, men at ho ikkje er heilt sikkert på om ho skal velje det.



Hanna Tuften valde å jobbe ved Jostedal skule.

Hanna har og vore ute i jobb, ho har jobba på Jostedal skule.

- *Kvifor valde du å jobbe på skulen?*

- Eg valde å jobbe på skulen fordi eg hadde lyst og fordi det virka moro. Det passa i tillegg godt til den linja eg valde å hospitere på.

På skulen har Hanna hjelpt til med undervisninga og hjelpt ungane med forskjellige ting. Ei anna som har hospiterert på Studiespesialiserande er Julia Vigdal Hårvik. Eg tok intervjuet med Julia over telefon og ho svarar gledeleg på alle spørsmåla. Ho tykte det hadde vore skikkeleg kjekt på hospitering og fortalte vidare at dei hadde fått mykje informasjon om dei ulike faga og om kva det inneber å gå på studiespesialiserande.

- *Har det vore nyttig for deg å hospitere?*

- Ja, det var veldig nyttig! Eg er glad for at me har eit til-



Julia Vigdal Hårvik hospitere i Gaupne barnehage.

bod om hospitering. Eg trur det hjelper mange å velje rett linje.

Julia har jobba i Gaupne barnehage. Ho valde å jobba der fordi ho likar å jobbe med ungar, men ho kunne ikkje tenke seg å jobbe i barnehage når ho blir eldre. I barnehagen har ho passa på ungane og leika med dei både ute og inne.



Lars Jørgen Kjærviik, Maren Beddari Ørbeck og Kari Hilde Bergseth valde Gaupne omsorgssenter som arbeidsplass.



Eg sjølv, Kristine Bruheim, valde å prøve meg som journalist i Lustranytt.

Helse- og sosialfag

Maren Beddari Ørbeck, Kari Hilde Bergseth og Lars Jørgen Kjærvik har hospitert på helse- og sosialfag på Hafslø. Dei har vore der i to dagar og syntest at det var veldig kjekt og interessant. Dei fortel at dei har tatt blodtrykk på kvarandre, høyrt på hjerteslag og diverse andre ting. På onsdag hadde dei gruppearbeid.

Alle tre synst det har vore nyttig for dei å hospitere, og dei seier at det no er lettare å velje kva dei skal søke på og at det er fint å sjå korleis skulen er.

Lars Jørgen, Kari Hilde og Maren har vore ute på ein arbeidsplass. Alle tre har jobba på Omsorgssenteret i Gaupne. Her har dei vaska, reidd opp senger, rydda og laga frukost. Dei har også tatt seg tid til å prate med dei eldre. Når eg spør dei om dei har hatt det fint, får eg eit «ja» tilbake frå alle, men når eg spør dei om dei kunne tenke seg å jobbe på eit omsorgssenter, er dei litt meir i tvil.

Skrive av Kristine Bruheim, 9. klasse.

Ungdomsklubben i Jostedal

Ungdomsklubben i Jostedal ungdomslag blir arrangert kvar tredje fredag i ungdomshuset i Framheim. Her møtest ungdommar frå 6-10. klasse for å ha det kjekt i lag. På klubben er det blant anna moglegheiter for å spele air-hockey og bordtennis, danse og kjøpe litt mat i kiosken. Men det som dreg dei fleste hit er det sosiale.

Dei som brukar klubben synst det er fint å vere der, mest på grunn av at det er ein plass å treffe venner, men også på grunn av at det er eit godt miljø der utan alkohol. Klubben vert driven av Vibeke Ødegård. Ho har hatt ansvaret for klubben i 4 år, og seier det er kjekt å vere der og at alle ungdommane er hyggelege. Vibeke driv klubben åleine, men ho seier at ho får god hjelp av foreldre som stiller opp som vakter.

Ungdommane som er på klubben fast seier at dei ikkje har noko å klage på, men at dei synst det hadde vore greitt med litt oppussing av sjølve lokalet. Dei håpar og på at klubben vil fortsette å vere eit tilbod der ungdommar kan møtast utan å måtte drive med ein spesiell aktivitet.

Skrive av Kristine Bruheim, 9. klasse.



Kari Hilde Bergseth, Jørgen Tuften og Martha Kveane likar seg på ungdomsklubben i Jostedal.



Ådne og Kristian Tuften likar å spele.



Ei av mange flotte framføringer.



God stemning i salen.

9. klasse ved Hafslo arrangerte konsert

Den 4. juni kunne ein høre mange vakre songstemmer, imponerande instrumentspeling og bra presentasjonar i samfunnshuset på Hafslo. 9. klasse ved Hafslo barne- og ungdomsskule arrangerte ein konsert for dei andre elevane og lærarane på skulen.

Allereie i starten av skuleåret byrja me i 9. klasse å tenkje på å arrangere ein konsert for dei andre ved skulen. Det første som vart bestemt var at det skulle bli ein konsert der alle som ville, kunne komme å høre og sjå på. Av ulike årsaker blei det seinare bestemt at det berre skulle vere for skulen. Ein stor grunn til at akkurat dette årskullet arrangerer konsert, er at det er så mange musikalske elevar. Både 9a og 9b blei delt inn i fleire grupper. Kvar gruppe fann forskjellige songar som dei gjerne ville spele. I musikktime øvde me på songane og hadde det kjekt ilag. Dei som ikkje hadde lyst å spele eller synge, fekk lov til å laga powerpoint presentasjon.

Presentasjonane var om ulike artistar og band/grupper.

Då konsertdagen kom var det mange nervøse elevar. I dei 3 første timane hadde me generalprøve og etter mat strøymde det på med publikum og konserten var i gang. Dei som byrja det heile var ei gruppe på 6 stk som spelte Worth it og Ain't no mountain high enough. Då dei spelte den fengande sangen, Ain't no mountain high enough, vart det høg temperatur blant publikumet. Deretter kom det mange fine sangar, og sangstemmer på rad og rekke. Powerpoint presentasjonane var også fine og interessante, og slo godt an hjå publikum.

Intervju med Line Kristin Ahlin om konserten;

Korleis synes du det var å arranger ein konsert?

- Det var interessant og lærerikt.
Kva bidrog du med?

- Eg song og spelte piano. I tillegg var eg programleiar.

Var det kjekt å opptre og kva var det kjekkaste?

- Ja, det var kjempekjekt å opptre og det kjekkaste var at alle andre synes at det var ein vellykk-

ka konsert. Me fekk berre positive tilbakemeldingar.

Kva songar spelte du?

- Eg spelte piano på The River og song Lovestory, Come together og Foot of the mountain saman med Maiken Sjøli Sviggum.

Synes du dei andre medelevane dine var flinke?

- Ja, eg synes alle saman var kjempeflinke. Eg var veldig glad for at det gikk så bra med alle saman. Ein kunne sjå at dei hadde øvd godt på det dei skulle framføre.

Var det mykje arbeid for å få stelt i stand konserten

- Me har hatt veldig god tid til å øve på innslaga, så det gjekk eigentleg veldig bra.

Konserten vart runda av med This is the life som blei sungen av Anja Hønsi. Då den eine programlearen spurde; "Var ikkje dette eit forrykande show?", svara publikum med stor applaus. Det var ein spennande dag og det vart ein vellykka konsert. I ettertid har me fått mykje skryt og me har hørt at folk fekk frysningar under konserten.

*Skrive av Anette Timberlid
Teigen og Torkjell E Venjum.*



Anette Timberlid Teigen og Torkjell E Venjum. Flinke journalistar for Lustranytt.

Elevar prøver arbeidslivet for Lustranytt

Servicetorget var så heldige å ha besøk av to elevar frå 9. klasse på Hafslo. Det var veldig triveleg. Me ba dei presentere seg sjølve, og det gjorde dei ved å intervju kvarandre.

Felles spørsmål:

1. Kor gamal er du?
2. Kva likar du å gjere på fritida?
3. Les du Lustranytt?
4. Kva likar du med heimbygda di (Hafslo) ?
5. Visst du var turistguide for ein dag, kva ville du ha vist fram av Hafslo?
6. Kvifor jobbar du med Lustranytt?
7. Er journalist eit yrke for deg?

Anette Timberlid Teigen;

- 15 år
- Spele fotball, drive med musikk, danse og vere med venner.
- Eg kik alltid gjennom for å sjå om det er noko interessant der.
- Naturen, den er veldig fin
- Eg ville ha prøvd og vist kor vakkert Hafslo er og tatt dei med meg på ein tur på Molden.
- Når me var på hospitering i vår, var eg på media. Og no skulle me prøva ein jobb som har ein samanheng med det programområdet me hospitere hos.
- Ja, absolutt!

Torkjell E. Venjum;

- 14 år
- Spele fotball, musikk og data
- Når eg ser det kjem i posten ser eg alltid gjennom. Eg les mest om det som skjer i heimbygda mi
- Eg likar at det er eit veldig godt miljø der.
- Vakre Hafslvatnet og utsikten frå Simosete
- Fordi at når me var på hospitering i vår, då var eg på media og så skulle me prøva ein jobb som har ein samanheng med det programområdet me hospitere hos.
- Eg veit ikkje heilt, har ikkje tenkt så mykje igjennom det enda.

Lokalhistorie på timeplan

Fellestema for Dale skule no i juni har vore Munthehuset.

Elevane har vorte kjende med historia til Ytre Kroken.
Hovudfokus har vore tida då Munthehuset vart bygd, og kunstnarane som kom dit.

Johannes Flintoe: Frå Ytre Kroken i Luster, 1819.



"Hurra for deg...." song me til ære for Margrethe Munthe. I år er det jubileumsår for Margrethe Munthe, det er 150 år sidan ho vart fødd. Far til Margrethe, Christopher Pavels Munthe, vaks opp i Kroken.



5.-7. kl har hatt tema arkitektur. Etter nøyne oppmålingar i Kroken er arbeidet i gang med å lage modell av Munthehuset.



1. - 4. kl. gjekk på fotojakt og leita etter: Kva såg kunstnarane? Ut frå motiva me fann tova me biletet i ull.



Lustringane samla på Eid. Bak f.v.: Turid Hunshamar Øygarden, Mathilde Skjærret, Bjørnar Hegg-Lunde og Einar Bolstad. Framme f.v.: Stine Fiskaa og Sara Fiskaa Haugen.

Lustringane imponerte under UKM på Eid

Helga 24.-26. april var det duka for fylkesmønstringa UKM i det nye operahuset på Nordfjordeid. I år var det rekordstor deltagning, og ein kunne følje heile mønstringa direkte på NRK Sogn og Fjordane nett-tv. Sju deltakarar kom vidare frå Ungdommens kulturmønstring i Luster gjennom fem ulike innslag. Luster kommune sine innslag starta showet laurdag 25. april kl 13:00. Først ute var Sara Fiskaa Haugen og Stine Fiskaa med dansen "dansing the dream". Einar Bolstad framførte "Anthem" akkompagnert med flygel. Deretter var det duka for sjølvskrivne "One", ein gitarsolo av Audun Moseng, Mathilde Skjærret med "Reel" på hardingfele og til slutt Turid Hunshamar Øygarden og Bjørnar Hegg-Lunde i duett med "Get that High", ein sjølvskriven tekst og melodi. Sara Fiskaa Haugen var med på Ungdommens kulturmønstring for første gong.

- Det er veldig stort å vere med på UKM, veldig gøy! Men me gjer dette først og fremst for å hylle Michael Jackson, og har ikkje så stort fokus på å kome vidare. Og ei skikkeleg hyllest til Michael var det! Dei kunne og gitt endå meir av seg sjølv der-

som publikum hadde vore meir engasjert, seier Sara vidare. Einar Bolstad var og med for første gong på fylkesmønstringa, og blei intervjuet av NRK Sogn og Fjordane på "LUTT-nachspiel" like etter konserten. Der blei han rosa for den flotte songstemma si!



Einar Bolstad blei intervjuet av NRK Sogn og Fjordane på "LUTT-nachspiel" like etter konserten. Der blei han rosa for den flotte songstemma si!



Dei fleste deltararane. Foto: Terje Anton Gudmundson.

ME'N'U med suksessfull avslutning

Etter at avslutninga med paintball på Skjolden vart ein slik stor suksess i fjor, bestemde me i styret oss for å leggje avslutninga til Mørkridsdalen i år óg. Om det vart ein stor suksess i fjor, kan eg med handa på hjarta forsikre om at det vart ein endå større suksess i år, fortel Linda Watten som har skrive denne artikkelen for Lustranytt.

Mange åttande-, niende- og tiendeklassingar møtte opp med godt humør og stor iver. Etter

sikkerheitsreglar og lagoppdeling var unnagjort, sette dei i gong med å spele. Paintballkulene flaug hit og dit, og dei var både oransje og gule, spelarane som kom ut att. «Fy, so tøft!» og «fyflate, so moro!», kunne me høre frå alle kantar. «Gjett om eg ska ha medlemskap dao!», kunne ein ivrig spelar konstatera.

Nede på plassen gnistra det i kolet, og lukta av grillmat spreidde seg over staden. Ein

flott, og super kveld med masse hyggeleg ungdom. Heldige med været var me óg, så sola skein på oss heilt til me skulle setje kurssen attende til bussen. Ingen tvil om at dette var både populært, og kjekt på ein annleis måte. Me er glade for at me har paintballbana inni Mørkridsdalen, og Luster Paintball skal nok ikkje sjå vekk i frå at dei får besøk av ME'N'U også til neste år!



Ivrige spelarar. Foto: Edel Fuglesteg.



Engasjerte tilskodarar. Foto: Edel Fuglesteg.

Jonas og
Edel.

ME'N'U flytter til Stallen

ME'N'U har i fleire år hatt fast base på Luster Treningssenter, men etter hausten skal basen flyttast. Me pakkar no alle sakene våre, og flyttar basen vår til Stallen, ungdomshuset i Gaupne. Ikkje berre ser me i styret fram til denne endringa, men også ungdomen vår ser fram til dette, fortel Linda Watten som har intervjuet Edel Fuglesteg, Jonas Bathen, Sara Saur, Emil Hovland og Børge Urnes, og spurt etter deira meningar om ME'N'U.

- *Likar du deg på ME'N'U?*
Edel: «Ja!». Jonas: «Jada». Sara: «Ja, det gjer eg». Emil og Børge: «Me har no tak over hovudet...»

- *Kva er bra med ME'N'U?*
Edel: «Sosialt, møter venner, paintball». Jonas: «Damene!». Sara: «Det er sosialt, me kan vere med vennene våre». Emil og Børge: «Solariet er ganske bra ... men også sofaen som står utanfor solariet!»

- *Kva er mindre bra med ME'N'U?*

Edel: «Drama blant dei unge...». Sara: «Kan bli litt mykje dramatikk blant åttendeklassingane». Emil og Børge: «Neis, me traskar no att og fram. Blir mykje gåing. Emil fekk hald...».

- *Kva tykkjer de om at ME'N'U skal flyttast til Stallen?*
Edel: «Bra!». Jonas:

«Dritbra!». Sara: «Det likar eg veldig godt». Emil og Børge: «Me vil ha garasje med plass til (...) Med innlagt varmekabler, og (...)» dei fortset i ein evigheit med ting dei ynskjer, heilt til me berre ser dumt på dei.

- *Kva tykkjer de er den beste utflukta me har hatt?*
Edel: Paintball!. Jonas: «Paintball!». Sara: «Paintball!». Emil og Børge: «Heggmyrane, men elles er ingenting av det som ligg utanfor Gaupne bra.» Børge skyt inn «Førde», medan me igjen ser dumt på dei, sidan me aldri har hatt ei utflukt til Førde...

Styret gler seg til flyttinga og eit nytt år

Me tykkjer det er flott at me skal få ta i bruk ungdomshuset vårt, for kvifor ikkje bruke det til noko nyttig, når me ein gong har eit så flott lokale. I sommar skal me ha frivillige dugnadar, og med midlar frå kommunen skal me pusse litt opp nede på gamle «discoteket». Årsplanen for ME'N'U-kveldane ligg allereie klar, full med gode og morosame aktivitetar. Tilslutt vil eg på vegne av styret, seie at me gler oss til eit nytt og spanande år på ME'N'U, og at me håpar ungdomane kjem attende neste år, avsluttar Linda Watten!

Blås Grønt



Ane Øvregard Røhme vinnar av
Ipod og kamera

Natt til 16. mai var ungdommen i Luster igjen samla for å blåse. Det var i år stort oppmøte, 76 ungdommar frå heile kommunen var til stades.

I år var det eit nytt opplegg rundt blås grønt, sidan alt heldt til på Hafslo. Kvelden vart styrt av ungdomsklubben på Hafslo, HAUK, som stod for lokale og kiosksal. Ungdomsklubben ME'N'U stilte med grillmat, godt humør hadde ungdommane sjølv tatt med.

Dei hadde håpa på godt ver med uteaktivitetar, men måtte dessverre flytte innandørs, men det stoppa ikkje dei i å ha det moro!

Grillmaten vart tömt og HAUK fekk selt ein god del kioskvarer. Ungdommen runda av kvelden med blåsinga, men denne delen av blås grønt tok lensmannen seg av.

Saman med lensmannen vart det kåra 5 vinnarar av Ipod og deretter trekt kven som skulle være den heldige vinnaren av eit spegelrefleks kamera. Dei 5 heldige vinnarane av Ipod var: Nicolai Ivin Kvam, Ane Øvregard Røhme, Ingar Skjerven, Regine Kalhagen, Anette Timberlid Teigen.

Den heldige vinnaren av eit spegelreflekskamera vart Ane Øvregard Røhme. Premieutdelinga skjedde i Gaupne, og ordførar Torodd Urnes fekk æra av å overrekka hovudpremien.



Danseglede

Salen var full av foreldre, besteforeldre, vener og søskener då elevane til Luster Danseverkstad hadde framsyning 3.juni. Store og små fekk sjå dansarar frå 1. - 9.klasse opptre i Hafslo Samfunnshus denne kvelden. Gjennom eit flott show såg me svært dyktige elevar innan dansegreinene hip-hop, fusion, show, moderne dans og break-dans framføre innslag med stor sjarm og scenetekke.

I år har det vore rekordstor deltaking på Luster Danseverkstad, fordelt på 13 grupper. Elevane har hatt øving ein gong i veka heile semesteret i øvingslokale i Gaupne, Dale og Hafslo.

Instruktørane for elevane er sjølv dansarar i dansegruppene In Motion og Illusion. Dei mange timane med frivillig innsats desse gjer for ca 140 barn og unge i kommunen er uvurderleg. Dei får dra på tur for at dei skal få inspirasjon til å fortsetje, utvikle seg som dansarar, vere instruktørar med gode haldningar som gruppe og medmenneske. In Motion skal spreie glede og håp på barneheimsturnè til Latvia våren 2011, og Illusion dreg til Italia i sommar. Overskotet frå elevførestilinga er med på å finansiere treningshelger og reise for Illusion og In Motion med "Dans utan grenser" til Italia og Latvia.





Haustmarknad 18. september på Hafslo

18. september arrangerer Hafslo Aktiv på nytt haustmarknad i Hafslo sentrum.

Dagen startar med gratis frukost frå kl. 09.00.

Det vert sykkelløp i fleire klassar med premierung.

Salsbodene opnar kl. 10.00.

Det vert grilling, auksjon, sal av kaffi og sveler.

Underholdning med mellom anna Dag Skram m/band, Norill Therese Norheim på toradar.

Her blir mykje liv og røre så set allereie no av denne laurdagen og møt opp.



Tur til Jostedalen

Me på 8. trinn ved Luster Ungdomsskule hadde ein koseleg og lærerik tur til Jostedalen. Turen var den 2.- 3. juni 2010, og me lærte masse om breen og landskapet rundt den.

Turen er eit samarbeidsprosjekt mellom skulen og Den Kulturelle Skulesekken.

61 spente åttandeklassingar møtte på skulen onsdag 2. juni. Sjølv om det var overskya og regnet trua, gledde dei fleste seg til turen. Bussturen varte ikkje lenge, og snart stod me utanfor samfunnshuset i Jostedalen. Etter å ha lempa frå oss bagasjen, køyrd me vidare til parkeringsplassen ved Nigardsbreen. Me vart møtte av breførarane Frank og Rune, i tillegg skulle Mona, Einar og Inger vera med oss på breen. Etter at me hadde fått det nødvendige utstyret, stegjern, isøks, hanskars og sele, byrja me å gå fram mot breen. Då me kom

fram, tok me på oss utstyret og vart innbundne i fire toglag. Det var nokre som ikkje hadde gått på breen før, men dei lærde raskt, så ved matpause hadde me hatt få fall. Me kosa oss med matpakka og fantastisk utsikt før me gjekk vidare mot «snuplassen». Der oppe fortalte breførar Frank og eleven Julie om Jostedalsbreen før me gjekk ned att.

Vel nede igjen på parkeringsplassen leverte me tilbake utstyret, og tok bussen tilbake til samfunnshuset. På tross av det dårlige veret, var det mange som dreiv med uteaktivitetar. Inne var det dans og musikk. Lenger utover kvelden var det grilling, før mesteparten av klassen hoppa i bassenget. Klokka 00.00 song me bursdagssong til Amalie, som vart 14 år.

Mange trøytte tryne vakna opp til frukost kl. 07.00 torsdag morgen, med stort utval av brød og pålegg. Me åt og smorde niste før me var klare for ein dag på Breheimssenteret.

Klassane gjekk kvar for seg ved Breheimssenteret. Først var A-klassen på morenevandring med geolog Eivind Sønstegaard. Me lærde om korleis breen har forma landskapet, og korleis den fortsatt er i rørsle.

Samstundes var B-klassen på Breheimssenteret og løyste oppgåver.

Etter om lag to timer samla me oss i og utafor Breheimssenteret og åt niste. Så skulle me byte, 8A skulle vere på Breheimssenteret og



8B skulle på morenevandring. Etter om lag to timer var me ferdige med alle oppgåver, og me hadde lært om brear, morenar, skuringsstriper, U-dalar, V-dalar, erosjon og mykje meir.

Etter mykje læring, lite soving og mykje moro var siste post på programmet å sjå film i kinosalen på Breheimssenteret. Så reiste me til samfunnshuset for å hente bagasjen, og alle var fornøgd etter ein flott tur. Vel heime på skulebenken skal me lage rapport om turen. Der skal me leggje fram kunnskapane våre og fortelje om opplevingane våre. Me vil takke alle som var med på å gjøre turen mogleg å gjennomføre, og alle som gjorde den så fin som den var.

Tekst av: Julie Hatlevoll, Kine Svori og Ane Øvregard Røhme



Eit godt fungerande elevrådsarbeid er viktig for UK

Etter opplæringsdagen for Ungdommen sitt kommunestyre (UK) 2009-2010 vart det sett fram som eit viktig tiltak å sjå nærmare på korleis me kan styrke elevrådsarbeidet generelt. UK sine ansvarlege med støtte frå kommuneadministrasjonen v/ Erling Bjørnetun har gjennomført møte med elevråda ved Luster ungdomsskule, Hafslo barne og ungdomsskule og Luster vidaregåande skule på Hafslo.

Agenda for møta var:

1. Ungdommens kommunestyre sitt reglement og elevråda sin formelle representasjon i UK
2. Gjennomgående representasjon, om dette med å representere ungdom – ikkje seg sjølv
3. Korleis fremje saker for UK?
4. Førebuing av saker til UK, er klassen sin time eigna til å ta opp saker?
5. Korleis informere og fylge opp saker som UK har diskutert?

Generell oppfatning av arbeidet i/på skulane er prega av tre forhold:

1. det er liten aktivitet i klassen sin time, og denne aktiviteten dreiar seg sjeldan om saker som er / kan vera relevante for UK
2. elevrådsarbeidet er i stor grad fokusert på dagsaktuelle problemstillingar, representantane produserer i liten grad saker for drøfting, og drøftingane går helst på kva den enkelte elev måtte meine og i mindre grad kva klassen meiner
3. kva som har skjedd med

saker som har vore oppe til handsaming blir i liten grad informert tilbake til elevane i klassen

Tiltak til forbetring av situasjonen og synspunkt som kom fram frå elevrådsrepresentantane:
Klassen sin time: Elevane MÅ ta dette meir på alvor i form av trening i det å diskutere (døme: eigen (individuell) problemanalyse, gruppearbeid/diskusjon i gruppe på 3 og 3), og til slutt klassediskusjon). Klassekontakten bør medverka til at elevane får diskutere fritt saker som dei meiner er viktige både for skolemiljøet og i fritida.
Elevrådet: Representantane MÅ få tid til å referere aktiviteten i klassen sin time i plenum, og i dette referatet skal det gå fram kva som har vorte diskutert og kva som er konklusjonen. Ingen skal kunne referere at ”det var ingenting som skjedde”...

Kommunikasjon mellom UK og elevråd/skulekontakt: Det bør utprøvast ulike modellar for internkommunikasjon. Døme: All innkalling og referat i ein periode vert sendt elektronisk (på e-post) til representantane og skulekontaktane.

Skulekontaktane får i neste omgang ansvar for å distribuere sakliste og møtebok til klassekontakten, som igjen kvalitetssikrar at sakene har vorte presenterte for klassen sin time (plenum).

Dei som er representantar i UK må i større grad enn i dag vera opptekne av å skape diskusjon i klassen og i elevrådet. Det kan gjerast på ulike måtar, men representanten må sjølv ta tak i dette med å få sett opp saker på

saklista og ikkje forvente at alle andre skal gjera det, kalla inn til møte i rimeleg god tid og sørge for å vera godt førebudd med fakta osv..

Der det er tilløp til disciplinproblem og mykje useriøst ”prat” bør også klassekontakten bli gjort merksam på kva som er utfordringane og bli bedt om å delta på ein konstruktiv måte.



Elevrådet ved Hafslo barne- og ungdomsskule.



Elevrådet ved Luster ungdomsskule.



Elevrådet ved Luster vidaregåande skule.

Nye lærararar på Luster ungdomsskule

Torsdag 6. mai var rådmann Tore Eriksen og næringssjef Olav Grov lærarar i klasse 9a.

Den eigentlege læraren Odd Bukve kunne slappe av, medan dei to frå rådhuset snakka om:

- Luster kommune - ein del fakta som t.d folketal og næringsliv.
- Kva driv kommunen med - kor mange jobbar i kommunen?
- Kva behov har Luster kommune for nye tilsette, kva behov har det private næringslivet i Luster?
- Forholdet mellom politikk og administrasjon.
- Forsøket med stemmerettsalder 16 år i Luster.

Etter gjennomgangen fekk elevere høve til å vere kommune-



styre. Dei fekk utdelt ei kommunestyresak som dei raskt les gjennom; "Luster kommunerøyking på arbeidsplassen". Så røysta dei for/mot rådmannen sitt framlegg. Alle fylgde rådmannen.

Til slutt var det quiz basert på dei to timane. Gode svar og jamn kamp og flinke ungdommar. To grupper delte sigeren.

Barnehagedage n 2010

Barnehagane i Luster gjekk i tog i Gaupne sentrum som enda opp inne i Pyramiden. Det var mange smilande barnefjes og flotte barnehagefaner å sjå i det lange barnehagetoget.

Varaordførar Anders Bolstad snakka om kor viktig det er med god kvalitet i barnehagane. Ungane underheldt alle med fin sang medan Leon Lunde spelte på gitar. Feiringa vart avslutta med saftis til alle ungane.





Skulelunsj på Gaupne skule

Gaupne Helselag er tilslutta Nasjonalforeninga for folkehelsa som i år fyller 100 år.

Eit av tiltaka for å markera 100-årsjubileet var å tilby barneskulen i Gaupne ein skulelunsj.

Dette vart dei glade for, og Ragnhild Svingum som er lærar på skulen, ordna greitt med innkjøp til lunsjen. Ragnhild er og styremedlem i Gaupne Helselag. Ho var oppteken av at det skulle vera sunn mat.

Elevane dekka bord i klasseromma. Nokre trekte for gardinene og pynta med levande lys. Inne i storsalen sto fleire bord fylt med sunt pålegg og gulrøter. ATS hadde og sendt rikeleg med grove, nybakte rundstykke. Dei eldste elevane kom med sine

yngre fadderbarn frå småklassane. Dei var rett flinke til å hjelpe desse yngste ele-vane.

Appetitten var upå-klageleg

og først unna gjekk dei 60 oppskorne, hardkokte egg.

Alt gjekk greitt føre seg og det vart ei triveleg stund.

Asborg Kjærvik Leirdal, Kjellaug Stensli, Else Marie Tandle og Gunvor Nærø var dei som laga i stand skulelun-



sjen. For dei vart det og ei triveleg oppleving å sjå kor ungane kosa seg.

Etter lunsjen kom mange bort til hjelparane og takka for maten og uttrykte ønskje om at helselaget snart kjem att!



Dinosaur i Skjolden barnehage

I april inviterte ungar og vaksne i Skjolden barnehage til kunstutstilling. Då hadde me jobba med temaet kunst sidan nyttår, og tida var inne til å vise fram noko av det me hadde laga. I denne perioden har me blant anna prøvd ulike maleteknikkar, tova ullkyllingar, laga masker til maskerade, hatt litt dans i barnehagen, laga kunst av frose vatn (is) og laga ein stor dinosaurskulptur.

Det som me er mest krye av, og som har teke mest tid, var det å lage ein skulptur. Me laga ein dinosaur av ståltråd og plastikkposar klift opp i strimler. Dette tok lang tid, og dei eldste ungane fekk oppleve ein annan måte å jobbe på. Produktet vart ikkje ferdig på ein dag, me måtte ta fram att dinosaurusen mange gonger. Me såg at det kan vere slitsamt å vere kunstnar. Etter kvart vart me ganske leie av heile dinosaurusen, men etter mykje arbeid var me ekstra stolte over resultatet. Dinosaurusen DINO var ferdig!

Så etter lang tids arbeid i vinter så var det altså ein gjeng krye ungar (og vaksne) som inviterte foreldra til utstilling i barnehagen. Gjestene vart tekne imot med "champagne" i garderoben, og dei vart servert fingermat medan dei såg på kunsten vår. Ungane hadde også opptreden med flott song. Alt i alt, ei verdig avslutning på eit vellukka temaarbeid.





Enya med ei stor brennenesle.

Mat frå naturen i Solvorn barnehage

I mai har me hatt fokus på mat som me finn i naturen. Me har vore på turar for å sjå på det som spiser om våren og kva me kan eta. Det er lagt vekt på turglede, oppleving av mangfaldet i naturen og smak.

Det fyrste me plukka med oss var unge bjørkeblad, små museøyre, som me laga saft av.

Seinare var det brennenesla sin tur. Nesle er den mest næringsrike grønnsaken me har, og me slepp å gå langt for å finne ho. Av den laga me neslesuppe eller muskelsuppe som me òg kallar den. Neslesuppe lagar me kvar vår, men det er varierande korleis den vert motteken. "Det er godt med gras", var ein kommentar i år.

No står granskot på planen. Av den skal me laga granskotsirup så alle får med seg eit glas heim. Det kan vera lurt å gøyma den til vinteren for etter gamle kjerringråd skal den vere bra mot sårhals, hoste og forkjøling.



Ronja
er spent
på
smaken.



Helene plukkar ivrig med tjukke hanskar.



Forvelling av nesla.



Helene og Enya får bruke stavmixsaren til slutt.



DKS på Fluga

Elevar frå Indre Hafslo skule arrangerte program i Den Kulturelle Skulesekken på Fluga. Med god hjelp frå Hafslo sogelag ved Elen Øygard, Kjellfrid og Ivar Alme vart dette ei flott oppleving. Skomakarverkstaden og alle romma i bustadhuset hadde ei historie å fortelje.

Både unge og vaksne, barnehageborn og pensjonistar finn hugnad i å oppleva Fluga her på Hafslo no etter at me har fått sett det meste i stand, fortel Kjellfrid Alme, leiaren i Flugenemnda i Hafslo sogelag.



Solvornbui opna att

Stor stas i Solvorn då Solvornbui vart opna att 9. juni med nye eigalar og drivarar; Tordis Rauboti og Sølvi Grande Loen. Dei er begge lærarar og vil gå ned i stillingsdel for å drive butikken og kaféen. Rauboti har erfaring frå kafedrifta.

Formannskapsmedlem Bergljot Buskaker stod for snorklipplinga og gav rosande omtale og ynskte lukke til. Mykje folk var samla, og dei vart påspandert gratis kaffi og kake. Lustranytt kom litt for seint til å få med snorklipplinga, men Tordis (t.v.) og Sølvi stilte villig opp att framfor den avklippte snora. Kaffi og kake vart det også på oss.

Derimot fekk vi med oss dei siste som handla den første dagen: Bente og Hallgeir Hatlevoll. I kassen sit Hanne Loen, Sølvi Grande Loen heilt til høgre.

Den nye Solvornbui AS har fått eit oppstartstilskot på 30.000 kroner frå kommunen.



Verdas bokdag 2010

Det var rekordbesøk i Luster bibliotek ved markeringa av den årlege bokdagen. I hovudbiblioteket var det om lag 400 besøkande, på Hafslo 350 og på Skjolden 60 små og store som var med å markere dagen. Tradisjonen tru fekk alle som lånte noko utdelt ei rose og eit gratislodd på fine bokpremiar. Dei yngste tykte det var stas med dragerefleks og ballongar.



Kva tenkjer bygdelaga om funksjonen sin og utviklinga i bygda si?

Luster kommune og Frivilligskulen vil invitere bygdelaga i kommunen til samarbeid om eit programopplegg som kan vere aktuelt for dei aller fleste bygdelaga.

Opplegget skal vere fleksibelt og tilpassa lokale behov og ynskje. Tanken er å starte med ei «oppstartsamling» for ei gruppe bygdelag, der ein vil samle styremedlemer og eventuelt andre ressurspersonar i bygdene til å dele tankar og visjonar, definere problem og behov. Ei slik oppstartsamling kan delast inn i 3 bolkar:

1. Kva er eit bygdelag? - Korleis organisere? Skilnaden på eit forum og eit lag..., og korleis definerer me utstrekninga av virkeområdet for bygdelaget?

2. Kva bør og MÅ vera med i vedtekten for eit bygdelag? Me ser på konkrete framlegg til formuleringar.

3. Korleis kartlegge forventningane til eit bygdelag? Me

gjennomfører korte gruppearbeids-drøftingar som går på tema som:

- A) Lokale utfordringar / sterke og svake sider,
- B) Prioriteringsdebatt og
- C) Lokale utviklingsplanar for eit bygdelag

For ein del bygdelag vil denne "samlinga" medføre eit behov for å arbeide vidare med t.d. planlegging og organisering. Eller det kan vere at det kjem fram ynskje om å starte opp arbeid med heilt konkrete prosjektplanar av ymse slag. For dei som ynskjer det, kan vi tilby hjelp og assistanse i form av mindre "kurs", gjerne møteopplegg med styret eller enkeltmedlemmar for eit enkelt prosjektområde.

«Frivilligskulen»

Ei av oppgåvene til ein Frivilligsentral er å bidra til å styrke verksemda til frivillige lag og organisasjonar i lokal-samfunnet, t.d. gjennom å

hjelpe til med samarbeidsprosjekt og andre tiltak som lag og organisasjonar har eit ynskje om å få til.

Informasjonsformidling og kompetansebygging kan vere slike tiltak.

Frivilligskulen har gjennom fleire år utvikla eit samarbeid med Kulturkontoret i Luster kommune. Årlege temamøte om «Kommunale tilskotsordningar og søknadsprosessen» har vorte ein nyttig reiskap for formidling av informasjon og konkret hjelp til dei som skal utarbeide søknadar.

Vi har hatt temamøte og minikurs om mange ulike tema, somme gonger spesielt for til-litsvalde i lag og organisasjonar og andre gonger tema av generell interesse. Prosjekt «Frivilligskulen» kan utviklast vidare til å verte eit tenleg samarbeidstiltak for dei frivillige organisasjonane i Luster. Dine behov og din medverknad er med på å styre korleis Frivilligskulen skal utvikle seg.

Nye og gamle verksemder får støtte frå næringsfondet

Nye investeringar i landbruket

Nils Arne Flikki i Luster har fått innvilga eit rentefritt lån gjennom næringsfondet på kr 278 000,- til bruksutbygging på bruket han er eigar og drivar av, Flikki gnr. 32, bnr. 2. Bygningsplanlegginga er utførd av fylkesmannen si landbruksavdeling med eit kostnadsoverslag på kr 926 000. Driftsplanen er utarbeidd av Luster kommune. Mjølkekvotein på bruket på omlag 90 000 liter mjølk er planlagd produsert på 14 årskyr. Planen forutset også framföring av alle kalvar som ikkje trengst til rekruttering av eigen mjølkebuskap, til kalveferdige kviger og okseslakt for sal.

*

Bjørn Egil Nyheim på Skjolden har fått innvilga eit rentefritt lån gjennom næringsfondet på kr 155 000,- til bruksutbygging på bruket han er eigar og drivar av, Flohaug gnr. 20, bnr. 5.

Nyheim overtok bruket på fritt sal i 2009. Fylkesmannen si landbruksavdeling har utarbeidd plan for oppgradering av driftsbygningen med eit kostnadsoverslag på kr 516 000.

Driftsplan er utarbeidd av Luster kommune. Driftsopplegget skal vera sauehald i eit omfang av 150 vinterfòra sauar.

*

TV-serie "skal Norge gro igjen?"

I samarbeid med USS

(Utmarkkommunane si samanslutning) har ei rekke organisasjonar og einskildpersonar teke initiativ til å laga ein TV-serie for å synleggjera endringar i kulturlandskapet, og setja søkjelys på konsekvensar endringane

medfører. På landsmøtet til USS 15. april vart det orientert om prosjektet som har fått namnet "Skal Norge gro igjen?".

Totalkostnaden med prosjektet er rekna til kr 3 850 000,-. Tidlegare i vår mangla dei kr 1 350 000,- på at det er fullfinansiert. Frå samarbeidsgruppa for prosjektet har medlemskommunane til USS fått søknad om økonomisk medverknad på kr 10 000,- frå kvar. Luster har imøtekome den søknaden.

Fjord Seal – kajakktibod på Lustrafjorden

Franka Hoogkamer og Paul Fransen som eig og driv Hafslotun Kro og Hyttesenter AS planlegg å starte med kajakktibod på Lustrafjorden. Dei vil nytte Marifjøra som base, og dei planlegg å kunne ta med inntil 10 personar pr tur.

Turane vil vere frå Marifjøra mot Solvorn, der det er råd å sjå ein koloni steinkobbar. Det er og aktuelt å padle mot Munthehuset, Feigumfossen og Urnes.

Totalt er planen å investere kr 160.000 i utstyr og kr 50.000 i marknadsføring. Både Paul Fransen og sonen har erfaring som kajakkguidar frå før, m.a. har dei jobba for Icetroll i Jostedalen.

FjordSeal har fått eit oppstartstilskot stort kr 50.000 frå næringsfondet.

Digital Etikett utvider kompetansen

Det er no om lag tre år sidan Kjetil Hovland starta verksemda Digital Etikett AS. Verksemda er i vekst. Det vert arbeidd med å utvikle kompetanse på nye område. Det er planlagt eit kom-



Fjord Seal – nytt kajakktibod på Lustrafjorden med utgangspunkt frå Marifjøra.

Franka Hoogkamer og Paul Fransen skal drive verksemda som har fått 50.000,- i oppstartstilskot.



Digital Etikette skal utvide kompetansen på nye trykkeområde. Verksemda har fått eit tilskot på 65.000,-

petanseutviklingsprosjekt på nye trykkeområde.

Digital Etikett AS har fått eit tilskot på kr 65.000,- til finansiering av kompetanseutviklingsprosjekt.

*

Sigvald Høyheim etablerer heimekontor

Sigvald Høyheim er i ferd med å flytte heim til Luster med familién sin, kone og to barn.

Høyheim vil halde fram med å arbeide i selskapet

NordicImagingLab AS. Han vil etablere kontor i bustaden sin, og vere ved hovudkontoret i Bergen når det er trong for det. Sigvald Høyheim har fått eit tilskot på kr 10.000,- til kostnader med etablering av kontor.

*

Leirdal VVS vil bygge næringsbygg

Leirdal VVS er eigd og vert drive av Leif Leirdal. Verksemda vart etablert november 2005. Etter det har ein hatt jamn og god ordretilgang. Hovudmarknaden er i Luster; oppdrag til både private og bedrifter. Leirdal har kjøpt tomt hjå kom-

munen på Gaupnegrandane og planlegg no å bygge eit næringsbygg/ lager med både ei temperert sone og ein kald del.

Storleiken på bygget vert 260m². Utover dette vert det 65m² med overbygg. Bygget vil og ha sanitærrom.

Bygget er kostnadsrekna til 1,9 mill kr.

Kommunen har innvilga eit lån i næringsfondet på kr 550.000,- til å finansiere næringsbygg.

*

Prosjektet "heilårsbruk av hus på gard og i grend i Luster kommune"

- 1) Luster kommunestyre har løyvt kr 400.000,- til eit toårig prosjekt kalla "Heilårsbruk av hus på gard og i grend i Luster kommune". Løyvinga vert finansiert ved forbruk av næringsfondet.
- 2) Denne kommunale løyvinga vil, saman med eit tilskot frå fylkeskommunen på kr 350.000,- utgjere det økonomiske grunnlaget for prosjekttet.
- 3) Prosjektet vil bli styrt av ein eigen prosjektleiar/-medarbeidar i halv stilling, lagt til

eininga "Landbruk og naturforvaltning". Prosjektet vil få støtte av ei eiga prosjektrappe med slik samansettjing: Ordføraren, ein representant frå administrasjonen (utpeika av rådmannen), to representantar frå bygdelaga i kommunen og to representantar frå landbruksorganisasjonane. Ordføraren får, i samråd med rådmannen, fullmakt til å peike ut representantane frå bygdelaga og organisasjonane.

Det er førebels ikkje etablert prosjektgruppe.

Kontaktpersonar i Luster kommune er Steinulf Skjerdal og Olav Grov.

*

Tørvis hotell vidareutvikling fjordcruisetilbodet

I samband med oppgraderinga av Tørvis hotell investerte eigenaren Rolf Wikborg også i ein båt for "fjordcruise" på Lustrafjorden. MS Maria er ein "fjordcruisebåt" som kan ta 48 passasjerar.

I 2008-09 har båten gått i faste ruter på Lustrafjorden tre dagar i veka i sesongen (to turar pr. dag), og også vore leigd ut til bestilte turar. I mai og september 2009 vart også båten leigd ut til ruta Balestrand-Fjærland.

I 2010 vil det bli to turar på mandag, onsdag og fredag frå Marifjøra til Feigumfossen, Urnes og Solvorn. Avgangane er kl 10.00 og 12.00 frå Marifjøra. Då kan passasjerane som tek den fyreste turen t.d ta ein fottur til Feigumfossen, ha med sykkel og sykle Feigum-Urnes og så gå på båten på tur nr to. Dei andre dagane vil båten kunne gå i charter i høve bedrifter, andre reiselivsverksemder i fjorden og/eller ulike lag/organisasjonar. Frå 2011 – når byggearbeida på Skjolden er ferdige – vil også Skjolden vere ein aktuell anløpsplass.

Å bygge opp eit slikt tilbod krev tålmod. Passasjertalet har variert mykje desse to sesongane. Det har likevel gått rett veg, men tiltaket kostar betydeleg meir enn inntektene.

Tørvis bre-, ski- og fjordhotell AS har fått eit tilskot til vidare utvikling av fjordcruisetilbodet på Lustrafjorden på kr 75.000,-. Det er ein føresetnad at tilboden med faste ruter minimum tre dagar i veka i juni, juli og august vert gjennomført både i 2010 og 2011.

*

Gode Pode AS. Søknad om finansiering

Randi Norberg har etablert selskapet Gode Pode AS i Fossøyane i Jostedalen. Norberg er 36 år og har over 10 års erfaring med arbeid i barnehage. Ho er utdanna førskulelærar. Norberg har gjennom arbeidserfaring i barnehagar i Bergen og Luster, samt erfaring med eigne barn, opplevd at det er trøng for å få tak i "ledige og fine klede for barn". Norberg sin forretningside er å starte netthandel der ho vil selje danske designklede for barn, i ein prisklass som passar for folk flest. Ho vil ha fokus på guteklede og vil kjøpe klede frå fleire danske merke. Noreg er hennar marknadsområde, og målgruppa er dei som kjøper klede til barn mellom 0 og 8 år. Ho har som mål at Gode Pode skal vere ein nettstad basert på trygghet og seriøsitet, og med profesjonelle betalingsløysingar. Norberg har i sitt arbeid med forretningsideen gått gjennom konkurrerande føretak. Det meste av barneklede i dag vert kjøpte gjennom tradisjonelle kjedeforretningar som Cubus, Hennes & Mauritz, Sparkjøp, Ellos etc. Handel på nettet aukar, og stadig fleire nytta nettet til å kjøpe barneklede. Gode Pode AS har fått eit oppstartstilskot stort kr 40.000,-.

Kommunal løying til Lustramarknaden 2010
Lustramarknaden har fått eit tilskot på kr 50.000,- til å gjennomføre arrangementa i 2010.

*

Enøktiltak på Pyramiden

Pyramiden AS er 25 år hausten 2010. Ventilasjons- og kjøleanlegg vert derfor vurdert som moge for utskifting. Mykje av anlegget har vore i drift sidan Pyramiden vart bygd.

Pyramiden planlegg å investere i eit nytt anlegg som er meir servicevennleg og meir energieffektivt. Pyramiden hadde i 2009 eit energiforbruk på 1.800.000 kWh. Det var omlag det same i 2008.

Pyramiden har no fått eit tilbod der dei installerer eit nytt ventilasjons- og kjøleanlegg, nyttar varmepumpe og byter ut alle panelomnar med radiatorar. Vurderingar konsulenten deira har gjennomført syner eit innsparingspotensiale på 700.000 kWh/år.

Pyramiden AS planlegg å investere i nytt ventilasjons- og kjøleanlegg, samt konvertering til varmepumpe. Dette er ei stor satsing som vil gje verksemda ein betydeleg energivinst. På bakgrunn i målformuleringane i kommunen sin miljøplan har kommunestyret gjeve eit lån på 2,5 mill kr til satsinga.

*

Sørsida Egedom AS får avdragsfritak på lån i næringsfondet Sørsida Egedom AS eig Fjordatunet i Kroken. Dette næringsbygget kom i drift hausten 2008. Styret i selskapet ser at no er inntektene mindre enn planlagt og at kostnadene er noko større. Dette er ein situasjon dei arbeider med å finne løysingar på. Eit av tiltaka er at Luster kommune og Luster Sparebank gjer sine lån avdragsfrie ut 2012. Dette er imøtekomme av bank og kommune.

Næringsutv

Torsdag 11. mars var næringsutvalet (formannskapet) og næringssjefen på vitjing til nokre av bedriftene i kommunen.

Fyrst var dei på Luster Energiverk der det var generell orientering om drifta til Luster Energiverk og spesiell fokus på situasjonen kring småkraft i Luster. Det er no mange småkraftverkplanar som er til behandling hjå NVE. Det er likevel slik at nye kraftverk ikkje får kople seg til linennettet før "storlina Fardal - Ørskog" er klar (truleg ikkje før 2014). Det var og synfaring i Kvåle kraftstasjon, som nett er opna. Etterpå var det vitjing i Blanderiet AS. Erling Vigdal syntet rundt i eit moderne anlegg, som har fått ein "flying" start. Etter oppstarten har dei hatt mykje leveransar; der

Blanderiet AS er vorte eit moderne anlegg, og fekk ein flott start med betonglevering til Gullringen og cruisekaien.



Valet på bedriftsbesøk



Gullringen og Cruisekaien på Skjolden har vore største prosjekta.

Det var og vitjing på Vest Asfalfresing AS som no er godt i gang med å byggje service-bygg/verkstad. Johannes Flohaug som er eigar/dagleg

Synfaring i Kvåle kraftverk. F.v. Geir Arve Sandvik, Ivar Kvalen, Anders Molland (e-verksjef Luster Energiverk), næringsssjef Olav Grov, Steinar Listou (Luster Energiverk), Anders Bolstad, Bergljot Buskaker, Kirsten Vikdal og Magnus Snøtun (Luster Energiverk).

leiari orienterte om satsinga deira.

Til slutt var vi innom Brødrene Flåten sitt bygg. Dagleg leiari, Thor Henning Flåten fortalte om deira aktivitet som er pro-

duksjon og transport av sand, grus, singel og stein. Dei driv sandtaket ved Fonndøla, og er no i ferd med å opne eit steintak ved Kvamshaugen på Hafslo.

Tinestafett 2010 på Hafslo

Onsdag den 12. mai vart det arrangert Tinestafett i Moane for Hafslo barne- og ungdomsskule og Solvorn skule. Det var totalt 13 lag påmeldte. Det var sponsa med t-skjorter og sportsdrikk frå Tine, i samarbeid med Norsk Friidrett til arrangørar og utøvarar. Rundt Hafslo si grasbane er det ei grusløype på 400 m. Kvart lag var delt inn i 8 etappar og kvar elev sprang 200 m. Først var det 5,6 og 7. klasse som sprang, og deretter 8. og 9. klasse. Dei to beste laga frå kvar pulje gjekk vidare til finalen. Då elevane sprang sat det masse publikum på tribuna som heia på dei. I finalen var det stor spenning om kven som skulle vinne. Til slutt var det 9b som trakk det lengste strået og vann.

Tekst: Anette Timberlid Teigen og Torkjell E. Venjum



Biofagdag i Jostedalen

Luster kommune arrangerte fagdag i bioenergi i Jostedalen fredag 19. april. Heile 38 deltakarar var med på innedelen på Jostedalen hotell og den seinare opninga av flisfrysingsanlegget til John Geir Sperle.

Bioenergi er ein fornybar ressurs om den vert forvalta riktig. Uttak av trevirke gjer at kulturlandskapet vert meir ope. I tillegg vert forsyningstryggleiken for energi styrka, og bioenergi er positivt for næringsutviklinga, spesielt i distrikta. Truleg er det og gunstig med omsyn til klimagassutslepp.

Arrangementet i regi av Luster kommune og Sogn Biovarme, som John Geir Sperle driv saman med Kjetil Ekrene, gjekk ut på å formidle kunnskap om bruk av trevirke til biovarme samstundes som ein ville markere at Sogn sitt fyrste gardsvarmeanlegg for flis vart opna. Arnt Laukeland frå Bioenergiprojektet snakka om og viste biletar av fyrkjelar for ved og flis. Rune Henjesand frå



Sogn sitt fyrste gardsvarmeanlegg for flis vart opna av ordførar Torodd Urnes.

Innovasjon Norge tok for seg tilskotsordningane som dei forvaltar på dette feltet. Merete Larsmon, fylkesskogmeister hjå landbruksavdelinga delte med oss røynsler med tørkeforsøk av virke. Det vart ein del spørsmål frå salen undervegs. Etter matøkt bar det nedover dalen til Sogn sitt fyrste gardsflisanlegg. John Geir Sperle har investert i eit slikt på gardsbruket sitt. I tillegg til levering av

varme til landbruksdrifta på garden vert og våningshus på garden varma opp av flisfrysingsanlegget.

Ordførar Torodd Urnes opna anlegget med snorklipping og tale med vekt på føremonene med bioenergi. Han steppa inn på kort varsel for stortingsrepresentant Erling Sande som måtte melde avbod. Etter omvisning og demonstrasjon heldt familien Sperle huset ope for publikum med mat og kaffi.

Imponerande at Luster og Jostedalen har fått det fyrste gardsflisanlegget i Sogn. Frå før har vi innovative Bionordic med produksjon av pelletsomnar til Noreg og heile verda.

Det er tilskotsordningar for produksjon av skogflisråstoff.

Kravet er at virket vert seld til slik bruk eller nytta til eige flisfrysingsanlegg. Tilskotet er på opptil ≈ 8 øre/kWh. Ta kontakt med skogbruksjefen om du vil vite meir om ordninga.



Slik ser flishoggaren ut.

Prosjektnytt

Luster bad

Anboda for Luster bad kom inn med prisar rett i underkant av kalkylane, og byggearbeida startar difor opp som føresett i løpet av sommaren 2010.

Kostnadsramme justert for prisstigning er no 96,5 mill kr. Luster bad vil no sjå slik ut (biletet).

Sogn Entreprenør AS er valt som hovudentreprenør. Val av resterande entreprenørar pågår. Det er til saman 8 entreprisar på Luster bad.



Nye omsorgsbustader i Gaupne

Her er ein ferdige med reisverket og takstolane er komme på plass. Ein ligg nokre dagar i forkant av framdriftsplanen. Tett bygg er planlagt til 2. august.

Utviding Gaupne skule

Framdrifta vart noko forstyrra av transportstreiken og utfordringar med takkonstruksjonsløysinga inn mot eksisterande bygg. Det er her krav om dimensjonering for 900kg/m² snølast pga den spesielle fasadeløysinga. Entreprenøren ser for seg ei mindre utviding av ferdigstillingsfristen.



Gaupne barnehage

Tilboda på Gaupne barnehage kom inn rett i overkant av kalkylane. Etter mindre justeringar ligg prosjektet likevel innanfor rammene og byggearbeida startar opp i juni månad. Sogn Entreprenør AS er valt som hovudentreprenør medan Røyrlæggjarservice Ola Skophamar AS skal utføre RØR-entrepisen, Holen Installasjon AS skal utføre elektroinstallasjonane og Gunnar Karlsen AS skal levere luftbehandlingsanlegget i barnehagen.



Gang- og sykkelveg Sandvik - Gaupne sentrum



Reguleringsplan for gangveg mellom Sandvik og Gaupne sentrum vart vedteken februar 2008, og i budsjettet for 2010 er det avsett midlar til byggjing av gangvegen.

Norconsult AS har laga byggjeplan og konkurransegrunnlag for prosjektet. Det er tildelt to kontraktar på prosjektet, ein entreprise for gangbrua og ein for vegarbeidet.

Veum Maskin AS skal byggje vegen og Vestlandshus Sogn AS skal byggje gangbrua.

Så langt har arbeidet gått greitt, og planen er at bruva skal støypast før sommarferien. Anlegget skal vere ferdig til oktober.

Info- og servicebygg på Mollandsmarki

Info- og servicebygg er no kome på plass på Krossen på Mollandsmarki. Bygget er bygt av tømrarlinja ved Sogndal vidaregåande skule, og er vorte veldig bra.



Magnus Breivik tek siste finish med luka!

- Me er svært glade for å få slike små oppdrag, fortel Per Ivar Lomheim

som saman med Svein Hauge har vore faglærar for kvar sin klasse ved byggteknikklinja. Til saman har dei hatt 22 elevar.

- Grunna plassmangel i Sogndal har me dei 3 siste åra brukta gamle yrkesskulebygget i Gaupne. Det kjem me til å gjera eit år til, då skal det nye bygget vårt stå ferdig.

Denne vinteren har me bygd fem isolerte småhytter der eit av prosjekta har vore sanitærbygget for kommunen, som no er plassert på Krossen. Dette er eit bygg som har eit toalett/vaskerom og ei lita bod. Den er og tenkt brukt som opp-



Nei til Engjadalselvi kraftverk, ja til Røneid kraftverk

NVE har avslege søknad om bygging av Engjadalselvi kraftverk med grunngjevinga at fordelene med tiltaket ikkje overstig skader og ulemper for ålmenne og private interesser som vert berørde i vassdraget eller nedbørsfeltet.

Hovudargumentet for avslaget er i første rekke landskapsom-syn. NVE meiner elva har høg landskapsmessig verdi, og at denne verdien i høg grad er knytt opp til vassføringa i elva. Nærleiken til Gaupne sentrum og riksveg 55 som er nasjonal turistveg, aukar verdien av Engjadalselva som landskaps-element og vert opplevd som ein viktig del av stadsidentiteten for mange tilreisande og fastbuande.

Redusert vassføring i elva ville også hatt negativ verknad for biologisk mangfold i og langs elva, særleg på måsar og andre vasslevande artar. Men desse konsekvensane ville ein kunna greitt å avbøta med tilstrekkeleg vassføring heile året.

Vedtaket frå NVE kan påklagast til Olje- og energidepartementet. I skrivande stund veit ein ikkje om det vil bli gjort.

Ja til Røneid

Derimot har NVE gjeve konsesjon til utbygging av Røneid kraftverk. NVE uttalar at den planlagde utbygginga har lågt konfliktnivå. Den største negative effekten ligg i elva sin verdi for fugl, fisk og biologisk mangfold, men med tilstrekkeleg minstevassføring sommar og vinter for å redusera skadeverknadene, vil utbygginga kunna aksepterast. Kravet til minstevassføring er sett til 50 liter pr. sekund om vinteren og 100 liter pr. sekund om sommaren. Dette er omlag det doble av vassføringa kommunestyret tilrådde, sommar og vinter, og noko min-



Engjadalselvi.

dre enn vassføringa fylkesmannen tilrådde for vinteren og omlag 1/3 av vassføringa fylkesmannen tilrådde for sommaren. Utbygginga vil gje ein kraftproduksjon på omlag 13,2 GWh/år.

slagsvegg til diverse info. Den andre klassen bygde ei hytte til Leirdalen Bre og Juv.

Hausten i fjor var me og med på støyping av fundamenta til leikeapparata til Hafslø barneskule, fortel Lomheim.

Byggmeistrane. Bak frå venstre: Joar Beheim Sønnesyn, Kenneth Endestad Tennevoss, Magne Lilleøren, Per Christian Fredheim, Katrine Foss Aase, Per Ivar Lomheim (lærar).

Framme frå venstre: Mateusz Juszczak, Torbjørn Indrelid, Abdullahi Abdulkadir Abu, Marianne Svortevik. Det var to elevar som ikkje var til stades då biletet vart teke: Monika Magdalena Klinbajl og Cato Stegen Aspeseter.





Mykje folk. Eit par hundre fekk med seg opningsseremonien 15. juni, og alle stemde i då "Ja, vi elsker" vart sungen.

Gullringen opna

- No er endeleg dagen komen - dette er ein gledens dag for alle i Luster og spesielt for dei som brukar vegen mest. Me er glade for at eit av dei mange rasområda våre er sikra med tunnel. Ingen treng lengre frykta for snøskreda i Skaviki, eller for steinane som hagla nedetter fjellsida, rett i vegen eller over

vegen. Eit storprosjekt er til ende.

Luster har brukt ca 120 millionar kroner til å forskottera prosjektet over ein 6 – 7 års periode. Om dette er noregsrekord i forskottering, har eg ikkje fått bekrefta, men så langt me kjenner til er dette ein noregsrekord utanom byområda.

Dette er ein historisk dag for Luster. Det er ei stor gleda for meg å få erklæra Gullringtunnelen for opna, sa ordførar Torodd Urnes m.a. då han fekk overlevert ein gammal snidel av fylkesordførar Nils R. Sandal til å kappa av snora med.



Middag på Skjolden Hotell. Nils Magne Slinde representerer regionvegsjefen og gav snidelen som vart brukt under snorklippinga til Luster kommune v/ordføraren til odel og eige. Ved bordet ser vi f.v. Paal Fossdal, vegvesenet, Åshild Kjelsnes, leiar samferdselsutvalet, Arne Hauge, Nils Magne Slinde, Torodd Urnes, fylkesordførar Nils R. Sandal, Norvald Hovland, ass. fylkesrådmann Bjørn Birger Bremer, rådmann Tore Eriksen, fylkesvaraordførar Velaug Veum og samferdslesjef Ole Ingar Hagen Hæreid.



Den kommunale arbeidsgruppa som fekk i oppgåve å arbeide for tunnel i Gullringen kan sjå arbeidet sitt som fullført. F.v. "står på mannen" Norvald Hovland, ordførar Torodd Urnes (leiar) og Arne Hauge.

Nytt kartgrunnlag ved arealtilskot

Frå 2012 vil grunnlaget for utrekning av arealtilskot i landbruket bli henta frå gardskartet produsert av Skog + landskap, tidlegare kalla NIJOS, Norsk institutt for jord og skogforskning. I den samanhengen skal karta for alle brukar i kommunen gjennomgåast på nytt og sjekkast ut om påførde areal og arealkategoriar er korrekte.

Arealstorleikane av fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite vil vera avgjerande for kor store utbetalingar den einskilde bonde får.

Fredag 10. juni 2010 var Luster kommune vertskap for kurs i markslagsklassifisering saman med fylkesmannen og Skog + landskap. I ein del grensetilfelle kan det vera vanskeleg å avgjera kva som er rett klassifisering for eit areal. Som det går fram av biletet er det ikkje full semje om arealklassen her.



Hæbre Entreprenør AS v/Albert Kristian Hæbre får si velfortente takk av prosjektaren, Susanne Svardal.



Takk. Ved slike seremoniar vert det mykje takk. Nils Magne Slinde takkar på vegne av regionvegsjefen prosjektleiaren Susanne Svardal for vel utført arbeid.



Kjell Einar Ormberg fekk stor fagnad for framföringa av visa han hadde skrive om historia til prosjekt tunnel Gullringen.



Prosjektleiaren takka også sine nærmeste medarbeidarar, byggeleiari Sverre Kjos-Wenjum, kontrolling. Arvid Hauge, geolog Kristian Kjesbu og grunnervervar Nils Henjum.

Aksjon gjerdehald

Sogn og Fjordane Bondelag har dei siste åra fått fleire meldingar frå husdyrhaldarar som har store utfordingar i sitt beitehald grunna forfall i gjerdehaldet mot utmark mange stader. Med utgangspunkt i dette har fylkesbondelaget i samarbeid med lokale bondelag, sankelaga og ein skilde kommunar teke eit initiativ for å sjå på kva tiltak som kan setjast i verk for å betre på tilhøva.

Det kan vere mange grunnar til at gjerdehaldet forfell, men regelverket er slik at uavhengig av eigen situasjon pliktar ein å følgje opp gjeldande avtale om eit tilfredsstillande gjerdehald gjennom tilsyn og vedlikehald. Bondelaget viser til gjeldande regelverk når det gjeld plikt til å halde gjerde:

Det juridiske grunnlaget for gjerdehalde

- Plikta til å halde gjerde kan vere knytt til eigedom med full eigedomsrett, felles beite-

rett, sameige eller allmenning. Ansvaret for gjerdehald er i hovudsak delt mellom beiterettshavarane/grannane. Det er såleis ei form for ”kollektivt ansvar” for gjerdehaldet, og dersom ein part mislegheld si gjerdeplikta får dette då konsekvensar for andre i gjerdefellesskapet.

- Gjerdeplikta er som oftast tufta på gamal sedvane eller avtale frå den tid jordbruks eingedomane vart skylddelt. Gjerdeplikta kan også vere fastsett ved lensmannsskjøn, utskifting eller ved minnelege avtale mellom beiterettshavarane.
- I tillegg er det eit overordna lovverk som utfyller ordningane med gjerdehald: Lov om ymse beitespørsmål, dagsett 16. juni 1961 og Lov om grannegjerde dagsett, 5. mai 1961.

Dersom gamal gjerdeordning ikkje er kravd oppløyste eller endra av partane, er den gamle



Leiaren i Sogn og Fjordane Bondelag, Per Hilleren, ynskjer å setje fokus på gjerdeplikta, og tek ofte eit tak for å halde gjerda sine vedlike. Gode gjerde er med å skape eit godt naboforhold.

ordninga bindande til ei ny er på plass, uavhengig av seinare overordna lovreguleringar. Dette er utdrag frå det opne brevet frå Sogn og Fjordane Bondelag.

Leiaren i Hafslo Bondelag, Claus Moe, har laga ein artikkel om det same, og Lustranett vel å nytte den uavkorta.



Kåre Rudningen er seniorinspektør ved distriktskontoret til Mattilsynet for Indre Sogn.

Mattilsynet om: Gjerdehald og dyrevelferd

Mattilsynet ser på gjerdehald i samband med dyrevelferd. Gjerde, gjerderestar og piggtråd har opp gjennom åra vore årsak til mykje liding for dyr, ved at dyr skadar seg eller vert sitjande fast. Dyrevelferdslova §15 første og andre ledd seier følgjande om gjerdehald; ”Bygninger, gjerder og andre mindre innretninger skal utføres eller oppføres og holdes ved like slik at dyr ikke utsettes for fare for unødige påkjenninger og belastninger. Det skal ikke brukes piggtråd i gjerde for å regulere dyrs ferdsel. Den som er ansvarlig for bygningen, gjerdet og innretningen, skal føre nødvendig tilsyn med disse og gjennomføre

nødvendige tiltak for å kunne oppdage, forebygge og avhjelpe fare for unødige påkjenninger og belastninger.”

Den som set opp eit gjerde tek på seg eit ansvar for at gjerdet er slik at dyr ikkje kjem i fare for å lida. Eigaren av gjerdet pliktar også å vedlikehalde gjerdet. Plikta følgjer eigedomsretten ved eit eigarskifte av garden. Kravet om vedlikehald omfattar også ei plikt til opprydding når eit gjerde ikkje lenger er i bruk. Lova set eit absolutt forbod mot bruk av piggtråd i husdyrgjerder og andre gjerde som skal regulere dyr sin ferdsel. Dyr omfattar også ville dyr, ikkje berre husdyr.

Leiar i Hafslo Bondelag, Claus Moe:

Hald utmarksgjerda i god stand!

Bondelaga og sankelaga i Luster kommune i samarbeid med Sogn og Fjordane Bondelag har i vår byrja på eit prosjekt som går ut på å få gjerde mot utmark i kommunen i god stand. Dei fleste med husdyr i Luster nyttar utmarksbeite, og er avhengige av at gjerde mot utmark er i god stand slik at dyra ikkje kjem på avvegar. Å oppretthalda beiting i utmark er viktig av mange grunnar, det er god ressursutnyting, det er med på å hindre attgroing, det er triveleg å møta husdyr og det er viktig for artsmangfaldet. Det er mange raudlista planter, insekt og soppartar som er avhengige av eit ope kulturlandskap.

Gjerdeplikta

Det er svært mange som har ansvar for gjerde mot utmark i Luster kommune. For å nå alle på ein enkel måte er det sett inn eit ope brev i denne utgåva av Lustranytt. Brevet er eit informasjons- og påminningsskriv til alle, seinare vil me fylgje opp der det ikkje er gode nok gjerde.

I mange beiteområde er gjerdeigar ein annan enn dyreeigar. Dyr beitar gjerne kvar dei vil, enten med eller utan beiterett. Då har gjerdeeigar og dyreeigar kvart sitt ansvar, gjerdeeigar har ansvar for at gjerdet er sikkert, dyreeigar har ansvar for dyra sine, uansett standen til gjerdet der dei beitar. Mattilsynet kan fatte einskildvedtak for at krava lova set til gjerde og liknande skal stettast.

Tvangsmulkt er aktuelt å nytte om einskildvedtak ikkje vert etterkome. I visse høve kan Mattilsynet sette i verk naudsynte tiltak, og den ansvarlege kan bli kravd for utlegg i samband med dette.



Learen i Hafslo Bondelag, Claus Moe, står her attmed det han vil kalle eit "godt gjerde", og oppfordrar alle andre om å halde gjerda sine i god stand.

Gjerdeplikta er ei plikt til å halda forsvarlege gode gjerde, og er som regel delt mellom nabobar i nabogrense og mellom beiterettshavarane mot utmark. Gjerdeplikta er som oftast tufta på gamal sedvane eller avtale frå den tid jordbruksseigedomane vart skylddelt. Gjerdeplikta kan også vere fastsett ved lensmannsskjøn, utskifting eller ved minnelege avtale mellom beiterettshavarane.

I særleg grad har därleg vedlikehaldne gjerde mot utmark store fylgjer for dei som nyttar beiteområdet. Om ein grunneigar slurvar med gjerdet, er det nok til at husdyr kjem heim frå beiteområdet. Husdyr som skit og et blomar i tun og hagar og beitar på innmark, skapar mykje frustrasjon.

Alle grunneigarar med gjerdeplikt pliktar å halda gjerdet sitt i god stand. Gamle gjerdeplikter fell ikkje vekk med åra, men grunneigarar som meinat det er urimeleg at dei lyt halde gjerde kan få gjerdeplikta si

vurdert ved lensmannsskjønn eller jordskifte.

Grunneigarar som ikkje stettar plikta si kan verte tvinga eller pålagt i ei rettsak å gjera gjerde, men få grunneigarar ynskjer å saksøkje nabobar, fordi det lett kan bli ein langdryg og dyr prosess. Bondelagsmedlemmar får 30 minutt gratis rettleiing og rabatt på arbeidet hjå kontaktadvokatane til Bondelaget.

Eit "godt" gjerde

Det er mange grunneigarar som har liten erfaring med husdyr og gjerdehald. Sjølv for grunneigarar med husdyr, er det mange ulike meningar om korleis eit godt gjerde skal vera, eg vil likevel driste meg frampå med nokre tips.

Ved gjerdeskjønn seier gjerde-lova § 15 at minstekravet til gjerde er: "... minst 1,10 meter høgt og så sterkt og tett at det fredar mot hest, naut og sau ...". Dette er ei god rettesnor og utanfor gjerdeskjønn.

Framhald neste side

Framhald fra forrige side

Den nye Dyrevelferdslova forbyr bruk av piggtråd i gjerde for dyr.

Billegaste måten å gjerde på, er med permanente elektriske gjerde. Slike er det fleire leverandørar av, men dei treng regelmessig tilsyn og vedlikehald for å fungere og eg vil ikkje tilrå å bruke desse mot utmark.

Det beste alternativet er å nytte impregnert stolp, galvanisert 6-kantnett og galvanisert streng til oppå- og undertråd. Er arbeidet godt utført, står gjerdet i mange år før vedlikehald er naudsynt. Største kostnaden med eit gjerde er arbeidsinnsatsen, derfor er det dumt å spare på kvaliteten på gjerdemateriellet.

Før ein byrjar med å setje opp nytt, bør alle restar av det gamle gjerdet fjernast. Er det råd, bør gjerdetraseen slettast, tubber og stein kan flyttast og groper fyllast. Er traseen svært ulendt, bør ein vurdere å flytte gjerdet til ein betre trase i samråd med dei andre partane. Eit rett gjerde er



Døme på korleis ein kan gjere det om ein ynskjer å ta ned nettingen om vinteren.

enklare å setje opp og mykje meir solid.

Impregnert stolp er det beste, men stolp av einer og selje kan og nyttast. Avstanden mellom stolpane er viktig for at gjerdet skal stå godt. Avstanden bør vere 1,5m og kan aukast dersom det er lite snø i området, eller gjerdet står på ein mur eller under grantre.

Det er fleire typar nett å få tak i. Eg meinat 6-kantnett er det beste. Det er råd å få i fleire kvalitetar, er traseen rett vil det kraftigaste nettet stå lengst. Er det ein ujamn trase, eller langt å bera, er det enklare å arbeide med tynnare nett. Prisforskjellen er liten.

Over og undertråd er viktig for at gjerdet skal stå mot press frå dyr og naturkrefter og vara lenge. Overtråd er obligatorisk, undertråd er ikkje like viktig. 3mm galvanisert streng kan nyttast. Over og undertråden bør festast til nettet med tynnare streng for kvar halvmeter, gjerne med 10 cm avstand frå nettet. Nettet kan hengast opp på stolpane med å spikre over og undertråden med 4-toms spikar(95/32). Er det mykje snø i området kan ein lata vera å slå spikaren i overtråden heilt inn, då kan nettet hektast ned om hausten og opp om våren, og då varer det lenge.

Skal ein spikre fast sjølve nettet bør ein nytte kramper. Gjerdet bør ikkje spikrast i tre, inngrodd netting og spikar er uheldig når ein seinare skal hogge ved.

Oppfordring

Bondelaga i Luster fryktar at husdyrhald kan bli nedlagt som følgje av problem med dyr som kjem på avvegar. Bondelaga i Luster ønskjer at det og i framtid skal vere ope kulturlandskap og husdyr på beite, og oppfordrar alle som eig eller har ansvar for gjerde, særleg gjerde mot utmark, å syte for at dei har eit "godt" gjerde.

Flaummerke i Fossøyane

Ivar Buskaker, leiar i Plan og forvalningsstyret, inspirerer Flaummerket i Fossøyane før den endelege ferdigstillinga. Her saman med murmeister Einar Moen nr. 3 f.v. i "arbeidsantrekk". Tordis Skjerdal Rauboti t.v. og Trygve Engesæter t.h.



Reguleringsplan for Hafslo sentrum er eigengodkjent

Planen vart eigengodkjent i kommunestyret 22. april. Planen har vore gjennom ein lang og omfattande prosess og har to gonger vore ute til offentleg ettersyn.

Planprosessen

Så tidleg som august 2005 vart det gjort vedtak i formannskapet om å starte opp med reguleringsplanarbeidet. Målet med den nye planen var å få plass til femmarbane fotball ved skulane, utvida arealet regulert til barnehage og å få betre tilkomst til skule, barnehage og friområde. Underveis har det også komme inn nokre innspel og ynskjer frå private grunneigarar i området. Det at hafslobygdingane skal få eit fint og bilfritt friområde ned mot vatnet, har også vorte prioritert. Kommuneplanen set krav om gang- og sykkelveg fram til Prestegarden før dette området kan nyttast som bustadområde.



Planen viser derfor gang- og sykkelveg frå sentrum forbi småbåthamna. Ved å regulera inn gang- og sykkelveg no slepp ein ny regulering i sentrumsområdet dersom bustadområdet i Prestegarden vert realisert.

Planen har vore ute til offentleg ettersyn to gonger. Fyrste gong sommaren 2009 og andre gong i februar 2010. Det har totalt kome inn 33 innspel og merknader i samband med planarbeidet.

Kort om planen

Skulevegen/Funkebakken er bratt vinterstid og kombinasjonen av køyrande til barnehagen og gåande til skulen, er ikkje alltid like god. Planen legg opp til at Funkebakken vert gang- og sykkelveg medan dei køyrande må nyta den nye tilkomstvegen frå vest. Fotballbana er utvida frå femmarbane til sjuarbane. Bana og barnehagen får ein felles parkeringsplass. Langs vatnet er det regulert inn eit friområde. Alt dette er regulert inn på område som tidlegare var regulert til landbruk. Totalt er i overkant av 10 daa fulldyrka jord omregulert til utbyggingsføremål. Reguleringa har ført til at eigedommen til Lars Kalhagen måtte innløysast. Dei to nausta innafor planområdet er no vist som offentleg område. Det har også vore nokre mindre endringar i samband med tilkomst til eksisterande og framtidig bustadområde innafor planen.

Her kan du sjå planen

Heile planen kan du sjå på serivetorget i Gaupne og på biblioteket på Hafslø. Du kan også gå inn på kommunen si



Oversiktsbilete Hafslø sentrum

heimeside og sjå planen under Planar, prosjekt og rapportar. Gå vidare på Kommunale planar, Regulerings- og utbyggingsplanar og så vel du Hafslø. Her finn du ei liste over alle gjeldande reguleringsplanar for Hafslø sentrum. Du finn både føresegner, plankart og sakshandsaming. Du finn også plankartet på Sognekart www.sognekart.no. Start med å zoome deg inn på sentrumsområdet. I menyen til venstre vel du så Regulerings- og bebyggelsesplaner. Ved du I-knappen i menylinja øvst og trykker innanfor planområdet på kartet, får du opp eit val i venstremenyen. Ved å trykke Vis kan du no hente opp plankartet på eiga datamaskin som pdf-fil.



Ortofoto av Hafslø sentrum

ATS på catwal-ken på Campus

Søndag 9. mai inviterte PGP til feiring av 20-årsjubileum på Fosshaugane Campus. Bedrifta hadde invitert kundar og samarbeidande bedrifter til feiring i samband med Sogndal sin heimekamp mot Nybergsund/Trysil. Eitt av innslaga ved feiringa var å syna fram årets vår- og sommarkolleksjon frå PGP, og dette oppdraget hadde ATS Luster blitt utfordra til å ta. Og ATS svikta ikkje! Ni medarbeidarar frå ATS, Luster si eiga verksemd for yrkeshemma, stilte opp og gjennomførte framsyninga med stil.

Mange av deltakarane på feiringa vart svært overraska over framsyninga, og synte begeistring med taktfast klapping under heile innslaget. Det er ikkje ”kvardagskost” at medarbeidarar frå ei verksemd for yrkeshemma får eit slikt oppdrag. Medarbeidarane frå ATS gjennomførte framsyninga etter eigne føresetnader, og på ein svært god måte.



Svein Gunnar Gundersen var ein av medarbeidarane frå ATS som deltok på catwalken. Og han gjennomførte med stil.



Medarbeidarane frå ATS i djup konsentrasjon før framsyninga tek til. Frå venstre John Havellen, Svein Gunnar Gundersen, Kirsten Vikdal, Eva Stein, Tor Stian England, Anita Midtun, Anne Karin Kvamsdal, Jane Vinda, Terje S Kilen.



ATS steller Sentralidrettsanlegget

ATS har i år teke over stellet av Sentralidrettsanlegget og treningsfeltet nord for Idrettshallen. På biletet er Jan Rune Bekken og Ola Bjørk i full gang med arbeidet.

"Wittgenstein og eg" – framsyning på Lepramusèet i Bergen

Framsyninga "Wittgenstein og eg" markerte fredag 21. mai opninga av utstillinga "Uhørte stemmer og glemte steder" på Lepramusèet i Bergen.

Utstillinga gjev eit bilet av utviklingshemma sine levekår gjennom tidlegare tiders institusjonsliv og i vår samtid. Den er komen til i eit samarbeid mellom 5 museum i Norge, og vil verta synt fram til 2011.

John Havellen, Roland Schwarz og Odd Atle Stegegjerdet synte denne dagen framsyninga i St. Jørgenskyrkja ved Lepramusèet i Bergen. Arrangør var Bymusèet i Bergen.

"Wittgenstein og eg" er historia om John sitt liv sett med skråblikk frå filosofen Ludwig Wittgenstein sine refleksjonar. Historia handlar om John sitt liv, frå barndom i Luster via ulike institusjonar i Bergen og Balestrand, attende til eit godt liv i heimkommunen Luster.



Grete Eilertsen ved bymusèet takka for framsyninga og overrekte urter som John kan planta i sin eigen vesle hage.



Også dagens ulike tilbod har fått plass i utstillinga. Her studerer John og Odd Atle eit bilet frå ATS Luster, som ein også har funne plass til i utstillinga.



"Wittgenstein og eg" syner "det stille alvoret, - når eitt møte kan endra eit heilt liv". Men framsyninga er også fylt av humor. Her er John og Roland under framsyninga i St. Jørgenskyrkja.

Tilskot til større kulturarrangement

Kommunen har gjeve eit tilskot på kr. 12.000,- til kvart av arrangementa nedanfor.

- Kulturarrangement i Munthehuset – samarbeidsgruppa for grendelaga på Sørsida
- Sommararrangement i Parken inkludert Sogn Gammaldansfestival – AL Parken
- Norsk brefestival – Jostedal Bygdelag

- Molden opp – IL Bjørn
- Fanaråken opp – Fanaråk IL
- Nordisk Fjellfilmfestival – Fri Flyt
- Blåe tonar under breen – Jostedal Bygdelag
- High Camp på Turtagrø – Fri Flyt.

Det er ein føresetnad at tiltaka vert gjennomførde som planlagt. Det skal leverast rekneskap og prosjektrapport.



Lustramarknaden 2010 vart igjen ein folkefest.

Glimt frå Lustramarknaden



Skiskyttaren Ann Kristin Flatland representerte Sogn Avis og delte ut autografer. Her er ho i ein god prat med Alf Hauge.



Luster Røde Kors Ungdom demonstrerte hjartestartaren. Tore Moen Heggestad (t.v. i raudt) og Sindre Ruud Pettersen. Helge Stølen (i blå gensar).

Søndagen var det Lustraløp og offisiell opning av ballbana i Luster. Snorklippar var leiar i Luster idrettslag, Svein Tore Heltne. Sponsoren Luster Sparebank v/banksjef Oddstein Haugen heldt venstreenden av snora, medan fotballkrisen sin mann, Olav Kjos-Wenjum den andre.



Jonas Mømesdal Flaten.



Mykje flott underhaldninga av ungdommen vår. Vi tek med nokre av dei. Her er det Sarah Fiskaa Haugen (t.v.) og Stine Fiskaa som dansar Mical Jackson.



Dansegruppa Illution.



My backyard. F.v. Kent Olav Karoliussen, Ola Vegard Ødegård, Jonas Elmin Ugelstad og Nils Jarle Haugen.



Mathilde Skjærset.



Henning Lad.

Målprisen til Luster Sparebank

- Gjennom fleire mannsaldrar har sparebankane i Luster vore nynorskbastionar i Sogn og i fylket. I dag er det Luster Sparebank som forvaltar den språklege arven etter dei tre tidlegare sparebankane i kommunen. Det gjer banken på ein framifrå måte. På nettsidene og i anna marknadsføring brukar Luster Sparebank ein god nynorsk som vitnar om eit klart språkleg medvit.

Leiaren i Luster Mållag, Oddmund L. Hoel, (t.v.) overrakte Målprisen 2010 til banksjef Oddstein Haugen.

sa leiaren i Luster Mållag, Oddmund L. Hoel, då han delte ut målprisen for åttande gong under Lustramarknaden.

- Sett med lokale auge er det kanskje lite oppsiktsvekkjande at ein institusjon som Luster Sparebank nyttar nynorsk. Men ser ein vidare på det, er det ikkje like sjølv sagt. Innanfor næringslivet er bokmålsdominanen lagt sterke enn på mange andre samfunnsområde, og innanfor finansnæringa er bokmålstradisjonen, for ikkje å seie riksmålstradisjonen, særleg sterke. Det er difor særskilt viktig for nynorsken som språk at det finst solide finansinstitusjonar med eit godt omdøme som held nynorsken i hevd som forretningspråk, reklamespråk og finansspråk.

Det er utfordrande å vere ein sjølvstendig lokal sparebank med alle dei tunge sentraliserte datasystema bankane er heilt avhengige av i dag. Dette er også ei stor språkleg utfordring for ein nynorskbank. Me vonar målprisen kan inspirere Luster Sparebank til å stå på vidare for å gje oss best mogleg nynorske bankenes ter også i framtid, sa Hoel før han overrakte ein akvarell av Arvid Elvekrok til banksjef Oddstein Haugen.

Haugen på si side var stolt og takknemleg over prisen, og ville gjere sitt til at dei også framover kom til å nytte nynorsk når dei profilerte banken.

Jury for prisen er styret i Luster mållag.



Ap-veteranar

Luster Arbeidarparti har denne våren gjort stas på medlemmar som har 50 års medlemskap eller lengre. 1. mai var det Martin Skare og Johanna Bolstad sin tur. Under ettermiddagskaffien på Luster Omsorgsenter denne dagen fekk Johanna Bolstad diplom for 60 års medlemskap og Martin Skare for 70 års medlemskap. Det var leiaren i Luster Arbeidarlag, Elin Hauge, som stod for utdelinga.

Diploma er underteikna av partisekretær Raymond Johansen og partileiar Jens Stoltenberg.

Dei andre som i vår er vorte heidra for 50 års medlemskap eller meir er desse: Mathilde Talle, Håkon Hillestad, Anna Evjestad, Kristian Bjørkum, Oddvin Fossøy, Anders Aksnes, Kåre Øvregard, Karl Nundal, Kåre Høyheim og Atle Kvalsvik.



Breheimsenteret fornyar seg

Breheimsenteret har i år ein del nytt i utstillingane. Som kjent vart Breheimen nasjonalpark vedteken sist haust, og den nye nasjonalparken skal sjølvsagt presenterast. I år er senteret i ferd med å lage den første presentasjonen, og den blir plassert både på senteret og på Fjordstova på Skjolden. Seinare kjem Breheimsenteret og Fjordstova til å samarbeide om meir omfattande utstillingar.

Den kjende naturfotografen Finn Loftesnes lagar nytt biletprogram for senteret. Det blir ei spektakulært reise inn i dei store verneområda våre, og med HD-prosjektor på stort lerret blir biletkvaliteten i toppklasse.

Dessutan har Breheimsenteret ny kokk i år, svenkle Renato, som med si erfaring som kjøkensjef både på restaurantar og cruiseskip sørger for gode matopplevingar ved breen.



Historiske hendingar i reiselivet

20. mai la det fyste skipet til kai på den nye djupvasskaien på Skjolden. Dette var ein stor, historisk dag, både for lokalsamfunnet, kommunen og heile området. For fyrste gong kan no majestetiske skip med turistar leggje til kai innerst i Sognefjorden, omkransa av dei tre kjende nasjonalparkane Jotunheimen, Jostedalsbreen og Breheimen og med kort veg til verdsarvkyrkja på Urnes. Marco Polo vart det første skipet til å teste ut dette nye anlegget, som er bygd etter lokale tradisjonar med mykje treverk. Dei om lag 800 turistane var strålande fornøgde med det dei opplevde i Luster denne dagen, og tilbakemeldingane frå kapteinen og losane var også svært positive, seier hamnesjef og reiselivssjef Iren Vatne. Både Skjolden Skule og Dale Skulemusikk var med for å markere denne historiske dagen og ynskje turistane velkomne, og ordførar, næringsjef og hamnesjef var om bord og overrekte ein plakett med kommunevåpenet på.

Berre kort tid etter dette anløpet, nærmare bestemt 28. mai, vart Saga Ruby (med om lag 600 turistar) det fyrste skipet til å overnatte ved den nye kaien. Dei britiske turistane vakna utkvilte og blide til strålande sol og kulturdagar på Skjolden. Turane gjekk også denne dagen til Jostedalen, Urnes og Sognefjellet med dyktige, lokale guider. Generelt har sommarsesongen for reiselivet i Luster gått svært bra så langt, og det lovar godt at mellom anna Breheimssenteret og Jostedalen Breførarlag melder om rekordbesøk i mai. I tillegg til dei gode tilboda vi har frå før, dukkar det opp nye og spennande tilbod. Mellom anna har vi no fått eit nytt tilbod om kajakkpadling på fjorden. Hafslotun har starta opp eit selskap som heiter Fjordseal, som satsar på kajakkturar frå Marifjøra. Friluftsaktivitetar vert meir og meir populære blant turistane, og der har vi etter kvart meir å tilby enn dei fleste, seier Vatne.



Marco Polo legg til kai

Bussane står klare for utflukt til Jostedalen, Sognefjellet og Urnes.



Marco Polo med det nye kaihuset i framgrunnen.

Om bord var det overrekking av gaver.



Skulen og barnehagen på Skjolden møtte opp og helsa turistane velkomne med flagg.

Kulturdagane Skjolden

Ei vellukka helg med svært godt besøk

Kulturdagane Skjolden vart arrangert for 22. gong og tradisjonen tru opna av Dale Skulemusikk som marsjerte inn til sin årlege opningskonsert. Det er alltid eit godt teikn når folk blir solbrende under Kulturdagane, da har Dagane vore vellukka og det vitnar om at folk har vore mykje ute i strålande vær.

15 utstillarar frå mange stader i Noreg, både dei trufaste same kvart år og dei heilt nye. Flotte kunstutstillingar i regi av Signe Fortun Weka. Det var temautstilling i Fjordstova - "frå naturhushald til nasjonalpark" - ei fotoutstilling frå Mørkridsdalen før og no. Det var også stor interesse for fotoutstillinga som Bjørn Bergum stod for - ein vellukka aperitiff på filmen om Mørkridsdalen som hadde premiere jonsokafta.

Kulturdagarprisen 2010

Arne Hauge har vore med i styret frå 1999-2009, og mottok i år Kulturdagarprisen 2010, velfortjent etter stor innsats i mange år. Han fekk gavekort verdi kr 2000, eit valfritt motiv måla av Signe Fortun Weka, og ei stor blomsterhelsing overrekt av Erling Bjørnetun frå Luster



Det var Arne Hauge som fekk Kulturdagarprisen 2010. Velfortjent etter stor innsats i mange år. Erling Bjørnetun stod for overrekkinga.

komune.

Festen i Bedehuset laurdagskvelden var svært vellukka. Omlag 60 personar kosa seg i lag med underhaldning og servering. Kveldens tema var Bedehuset si historie opp gjennom tida, og denne vart fortald av Hermund Kleppa.

"The Tramps" fekk Skjolden Brygge til å koke laurdagskvelden med sine irske folketonar som verkeleg sette dansegleda i høgsete. Karane frå Stavanger kunne meddele at dei hadde eit utmerka opphold i Skjolden og

var svært godt nøgde med sognepublikumet som også inkluderte gudbransdøler, austlendingar og tilreisande frå mange andre stader. Over 350 personar koste seg på bryggjekanten og arrangørane melder om eit fredeleg gladarrangement der ingen hamna i Lustrafjorden.

Heimelaga mat

Frukost i det fri hadde over 200 betalande og hadde også i år ei nydeleg råme i hotellhagen ved fjorden. Eldsjelene på Skjolden hadde bakt i fleire dagar og



Temautstillinga vart opna med Kjell Einar Ormberg sin kulokk gjennom høgtalarar som bar over heile Skjolden og utepublikumet svara på lokken ved å "bufåra" ned i salen etter Kjell Einar, som steva og lokka folka med seg heile vegen frå scena ute til salen nede.

kunne servere mykje god, heimelaga mat på eit velfyllt langbord. Folk sat lenge og kosa seg i sola og lada opp til ein ny begivenheitsrik dag. Mange fann turen til Frelsesarmeens si samling i Fjordstova etterpå, der m.a. Leif Egil Kalstad og dottera Rakel heldt møtet. Veteranbilparaden og -utstillinga var eit populært innslag og paraden frå Marifjøra til Skjolden vart i år ekstra lang, då konvoien talde heile 47 deltagarar. Leon Lunde leia det heile og var godt nøgd med oppslutninga. Juryen, som bestod av Per Arvid Hauge, Edmund Bolstad og Jan Erik Weka, sette "folkebilen" i fokus i år og kåra Jan Sandvik med Volkswagen 1300 som vinnar. Nummer 2 vart Odd Inge Hillestad med Fiat 850 Spesial og nr 3 vart Arvid Aaretun med Citroen DS. Kulturdagane hadde også i år kulturkrefter frå kommunen og utanfor som skapte stemning frå utescena. Luster Danseverkstad og Kulturskulen i Luster stiller alltid med deltagarar som imponerar. I tillegg til det lokale barnekoret Snikkelora og korbesøk frå Ålvik i Hardanger, hadde utescena sporadisk informasjon og underhaldning til dei mange som benka seg utanfor Fjordstova.

Kulturdagane hadde litt ekstra for dei minste i år. Ein mindre dyrepark med lam, geiter, kaniner, hestar og lamaer var eit populært innslag. I ballbingen ved Skjolden skule var det organiserte leiker og aktivitetar for barn og på badestranda kunne ein gratis ta ein tur med kajakk. 4H sin natursti, luftpistolskyting og sandvolleyballturneringa var også faste innslag som mange nytta seg av.

Noregs Brefestival 2010 Magisk stemning på Hytta på mannen

Marit Tennø rapporterer frå arrangementet i Jostedal.

Veret kunne ikkje vore betre for dei fire dagane med Brefestival i Jostedalen første helga i juni. Og med slikt fint vær vart alle turane under festivalen høgdepunkt.

Likevel var det nærmast magisk stemning på Hytta på mannen (1550 moh) laurdag då Erlend Loe las frå boka si "Jotunheimen", for dei 20 som hadde teke turen opp.

Turprogrammet tok ikkje til før fredag, med ein flott tur til Lodalskåpa, men festivalen starta dagen før. Torsdag samla bygdefolk og andre med interesse for nasjonalparkar seg på Jostedal hotell. Her fekk dei møte ein engasjert direktør for den største nasjonalparken i Alpane, Hohe Tauern. Sjølv om ikkje alt er overførbart til "våre" nasjonalparkar var det fleire gode idear å ta med seg. Tom Dybwad frå Fylkesmannen kunne såleis supplere med ei historisk oppsummering av nasjonalparketableringa i Jostedalen og korleis framtida vert med lokal forvalting.

Om me seier at Lodalskåpa var høgdepunktet vest for dalen, så var nok austsida sitt høgdepunkt opplesing på hytta på Mannen. 20 personar hadde teke turen

opp for å høyre Erlend Loe lese på 1550 moh. Nokon på ski og nokre til fots.

På hytta var utsikten mot Jotunheimen perfekt og det var nesten vindstille. Norman Kjærviik fortalte om hytta på sin 250. tur og Erlend Loe las. Sjølv mente fortaren det var den flottaste opplesinga han hadde hatt. Halvparten av gruppa på hytta vart vidare med Bjørnar Bjørhusdal frå Fimbul Jostedal til Vangsen og vidare ned i Fantelibotn som var den annonserete fyrstenedkøyringa. Det vart ein lang tur der fellene måtte på og av fleire gonger. Og sjølv om snøtilhøva seint på dagen ikkje var perfekte alle plassar var attendemeldingane at det likevel var ein fantastisk tur!

Både laurdag og sundag var det brattkøyringeskurs for framtidige fyrstenedkøyrarar, kvar dag var det rafting og ungeaktivitetane var fulle. DNT-ung Luster fekk oss til å prøve balansering på slakk line og Steinar Bruheim avslutta festivalen med sin heilt eigen blåistur opp brefallet på Nigardsbreen, som vel må seiast å vere definisjonen på ein kjentmannstur. Med godt besøkte aktivitetar både på kveld og dag ser Brefestivalen ut til å vekse seg til ein etablert festival som folk er viljuge til å reise eit stykke for å kome til.



Kva skjer i Parken 2010?

3. juli: Stage Dolls
 15. august: Sogn
 Gamaldansfestival
 27. august: Hellbillies
 2. oktober: Haustmarknad



Sogn gamaldansfestival har vorte ei årleg tilstelling med dans både fredag og laurdag kveld. I fjar var det buskspel i Marifjøra laurdag på dagen. Det vart spelt både toradar, kontrabass, gitar og på skeier ved borda. Her ser me Geir Thorud (t.v) og Tom Kjetil Tørstad på toradar, og Jon Amund Karusbakken spelar kontrabass i bakgrunnen. Foto: Birthe Johanne F. Finstad.



Stage Dolls



Hellbillies

Sommarmarknad i Jostedalen 16. - 18. juli

Helga 16. – 18. juli er det igjen tid for sommarmarknad ved Dølaheimen og Samfunnshuset i Jostedalen.

Sommarmarknaden har hatt ei fin utvikling i tal besökande dei siste åra, og me håpar at mange møter opp også i år.

Skathellekasting er ein sjølvsagt aktivitet under marknaden. I år har Jostedal Ungdomslag satsa aktivt på denne lokale sporten i form av ein eigen skathelleserie som strekkjer seg frå mai til august. Målet er at dette skal

resultere i høg deltaking under turneringa på marknaden. Sjølv om programmet i skrivende stund ikkje er klart vil me trekke fram tradisjonelle aktivitetar som volleyballturnering, veteranbiltreff, buskspel scene og matservering. Like sjølvsagt som skathellekasting er at det blir servert mølse i Dølaheimen. På laurdagskvelden spelar "Under the table and drinking" opp til fest. Ein skal leite lenge før ein finn høgare feststemning enn under den tradisjonelle

marknadsfesten i Dølaheimen. Om du er nysgjerrig på det endelige programmet, eller vil fylgle med på skathellekastinga i sommar kan du søke opp Jostedal Ungdomslag på Facebook.

Då håpar me vårgudane er med oss og ynskjer alle velkommen til marknad i Jostedalen, seier Morten Vigdal i Jostedal ungdomslag til Lustranytt.



Tungestølen turisthytte 100 år

Tungestølen turisthytte på Veitastrond feirar i år 100 år. Turisthytta vart bygd av patentførar Lasse Neset i 1910 med støtte frå Den Norske Turistforening, og har vore i kontinuerleg drift sidan oppstaren. Hytta er framleis i familien si eiga, og har framleis eit godt samarbeid med DNT.

DNT inviterer til slik markeringa av 100-årsjubileet:
 Torsdag 29. juli: Tur frå Tungestølen inn Langedalen, opp Midtnovi over Opptaksbreen og Kaldakari, ned Nystølsnovi til Tungestølen.
 Fredag 30. juli: Tur frå Tungestølen opp Røysedalen til Austerdalsfjellet, retur Tungestølen.
 Laurdag 31. juli: Fellestur frå Tungestølen til og opp på Austerdalsbreen.
 Laurdag 31. juli: Jubileumsfest og Olsokfeiring på Tungestølen Turisthytte med slikt

Program:

Kl 18:00 Vertskapet ønskjer velkommen på tunet v\ Anne Mari Aamelfot Hjelle frå Den Norske Turistforening.
 Kl 18:15 Servering av rømmegraut, spekemat, flatbrød og saft.
 Kl 19:30 Kaffi og lefser.
 Kl 20:30 Dei første breturane v\ Sven Bjørne- Larsen, turekspert.
 Kl 21:00 Eit historisk tilbakeblikk på Tungestølen v\Aud Hilleren, Veitastrond.
 Kl 21:30 Det vert spelt opp til dans med levande musikk v/Helene Myklemyr Bolstad.
 Kl 23:00 Tenning av Olsokbål, og dansen held fram ut i dei små timer.



Husmannsplassen Fluga

Hafslo sogelag inviterer alle til å vere med på aktivitetar på husmannsplassen Fluga i sommar.

Laurdag 3. juli: Slåttedag kl 12.00. Slått med ljå, setje opp troehes, slipe ljå. Sal av rømmegraut og kaffi. Utlodding.

Trekkspelamusikk.

Omvising

Ope for omvising kl 14.00 – 17.00 følgjande søndagar: 11. juli, 18. juli, 25. juli, 1. august, 8. august og 15. august. Kaffiservering. Fritt tilgjenge på alle arrangement.



Frå slåttedagen 2008.
 Lars Sie (t.v.)
 og Johannes
 Lomheim set
 opp troehes.
 I bakgrunnen Claus
 Moe.



Gamle og nye tilbydarar kjem med handverk, flott kunst og god mat som kan kjøpast.
Foto: Kåre Steinar Skagen 2007.

Olsokmarknad 31. juli og 1. august

Det vert som vanleg stelt i stand Olsokmarknad av bygdefolket i Fortun der gamle og nye tilbydarar kjem med handverk, flott kunst og god mat som kan kjøpast. Signe Weka m. fl. har kunstutstilling. Kare Steinar Skagen og Kari Johanna Yttri vil stå for biletutstillinga "Fortun gjennom tidene" og vil bli oppfølgd av utstilling "Frå bestemor si skattekiste" der verdifult handarbeid kjem fram frå kister og skap. Oddny og Haavard Yttri vil syna karding og spinning der nokon kvar kan få prøva den kunsten.

Magnhild Havreberg Malmo vil lansere boka "Skjemt og alvor frå gamle Luster" etter Olav Havreberg. Han var fødd på Sørheim, men hadde sitt virke som lærar i Vigdalen før han kom til Fortun der han var til han gjekk av som pensjonist. Deretter bygde han eige hus på Talla og budde der resten av livet sitt. Han samla segn og soger frå gamle Luster kommune som dottera Magnliild no har fått samla i bokform.

"Fortun 4H" ved Arne Olav Skagen og Tor Håkon Kilen står for ei rekkje aktivitetar, m.a. klatring. Dette vert noko både for liten og stor. I tillegg vert det leirdueskyting, ein aktivitet for dei litt større.

Laurdag kan me høyra Jens Brekke i Grendahuset med eit fengande kaseri.

Søndag er det

"Tonereise" som gler oss med konsert på same staden.

Det vert sal av rømmegraut på laurdag og grillmat, kaffi og kaker både dagane.

Søndag startar dagen med vandringa "Fuglesteg opp" med start frå Grendahuset. Det vert som vanleg gudstene neste på Fortun gamle kyrkjegard før marknadsområdet opnar att med nye tilbod.

Per Sivle til Fuglesteg med Jon Eikemo

Storhendet denne sommaren i Fuglesteg vert nok når skodespelaaren Jon Eikemo kjem til gards søndag ettermiddag 15. august. I fleire månader

no har han fyllt salen på Det Norske Teater i Oslo med førestillinga "Ikkje lenger enn min kjærleik rekk", eit diktarpotrett av Per Sivle. Alle kjenner me "Den fyrste song eg høyra fekk", barneforteljinga "Berre ein hund, han Hall" og mange fantastiske vossastubbar. Gjennom ei førestilling på halvannan time i to akter får me vita mykje meir om Per Sivle, om livet og diktinga hans. Eikemo har musikalsk hjelp av pianisten Olga Konokova. Komponist og forfattar Kjetil Bjørnstad har elles komponert musikk til utvalde tekstar av Per Sivle. Det vert førehandssal av billettar, så følg med på nettsidene til turlaget og i avis!

Det vert og stor stas å ønskja våre eigne, Håkon Høgemo og Helene Myklemyr Bolstad, velkomne til Fuglesteg søndag 4.juli. Dei vil halda ein folkemusikkonsert der mykje skal dreia seg om musikarane Sjur Hesjevoll og Oddvar



Stegegjerdet og deira samarbeid for å ta vare på og visa fram våre lokale musikktradisjonar. Enno har me ikkje funne dato for jente-

gruppa Gamlebanken, men vonar å ha desse friske felespelarane på plass ein gong i sommar. I samband med Olsokmarknaden i Fortun vil IL Fanaråk ha eit opplegg for å lokka flest mogeleg til Fuglesteg søndag 25.juli, og i september blir det på nytt eit samarbeid med Fjellfilmfestivalen i Turtagrø om eit spanande program i kulturfjøsen oppå fjellhylla!

Luster Turlag har hatt nokre eventyrlege somrar i Fuglesteg. Folk strøymer til frå alle kantar, og me har fått inntrykk av at når nokon i distriktet her får besøk av slekt og vene frå andre kantar, legg dei gjerne ein dag inn i programmet for å visa dei denne eineståande perla!

Me satsar på servering som dei føregåande sesongane, og me har alt på papiret fleire som vil feira runde dagar i fjøsen.

Sognefjellsmarsjen

Søndag 15. august 2010 vert den tradisjonelle Sognefjellsmarsjen arrangert for 22. gong. Merk dykk datoen!

Starten går som vanleg frå Krossbu og Herva frå kl.10 - 12. Frå Krossbu er det 20 km, og frå Herva 10 km til Turtagrø. Startkontingent kr.100,-. Det er 5-10-15 og 20 års-premiering. Det går buss mellom Turtagrø og Krossbu. Fyrste buss frå Turtagrø kl.10.10. Bussen er i Krossbu kl. 10.45. Dette er dei ordinære rutene til Sogn Billag. For dei som skal tilbake til Krossbu etter marsjen går bussen frå Turtagrø kl.15.20. Me ynskjer liten og stor velkommen til denne fantastiske turen i ein av dei flottaste fjellovergangane i Noreg. Alle må vera komne til Turtagrø før kl.17.



Blåe tonar

17.-19. september



Frode Alnæs

"Blåe tonar under breen" er eit arrangement som har vore gjennomført sidan 2003, det er såleis klart for det åttande arrangementet den 17. - 19. september 2010. Målet med arrangementet er å skape kvalitetskultur, også på små plassar som Jostedalen. Sjangeren er ein plass mellom blues og rock. Det finst og innslag av countryrock. Vi har

satsa på gode artistar heile vegen, i tillegg har vi gjeve lokale artistar ein scene.

Også på årets arrangement vert det kvalitet. Heile programmet er ikkje klart enno, men Frode Alnæs med band er på plass. Alnæs er ein gitarist i verdensklasse, og er mest kjend frå bandet Dance With A Stranger.

Det vert også plass til eit lokalt oppcoming band. The sex vikings frå Sogndal har markert seg positivt siste tida, og er klar for Blåe tonar under breen. Blåe tonar har tidlegare satsa på talentfulle sogndøler som har gjort det godt seinare, i 2003 var Tone Damli Aaberge ein av artistane våre.



BUFF Fanaråken Opp laurdag 7. august

Starten for motbakkeløpet BFO er ved Turtagrø Hotel 868 moh. Mål er på Fanaråken 2.068 moh ved nord-Europas høgastliggende turisthytte. BFO får dermed samla høgdeskilnad på 1200 meter mellom start og mål. Løypa vart i 2009 noko endra og vorte 8,6 km lang. Dei fyrste 600 m av løypa går i slak stigning på asfalt oppover Sognefjellsvegen før løypa tek av på turvegen/grusvegen innover Helgedalen. Etter omlag 4,7 km med kun totalt 200m samla stigning går løypa bratt oppover fjellstien til toppen av Fanaråken. På 3,9 km stig løypa 1.000 høgdemeter. BFO blir arrangert både med trim/ mosjonsklassar utan tidtaking og med konkurranseklassar med tidtaking.

Det blei i 2007 ny deltakarrekord for BFO med 550 då løpet også var NM i motbakkeløp for både senior, U23 og veteran.



Ein gamal raudmåla krakk

Ein gamal raudmåla krakk. Kanskje tidleg 1900 tal? Heilt nytt pannesett eller nokon nesten ikkje brukte bunadsko? "Om me har gamalt porselen? Ja, inn i salen og heilt fram. - Sport og elektrisk er der ute, berre gå tvers gjennom møbelavdelinga og rett fram. Gjennom opninga der døra manglar."

Eg viser veg ved å peike frå der me står i kafeen, der dei sel rømmegraut med spekemat, hellekaker og pølse med brød.

Pruting har vel aldri vore heilt vanleg i landet vårt, og marknadar er langt meir vanleg i land lenger sør, enn her hos oss. Men nokon gonger i året vert det arrangert loppemarknader rundt om kring i landet, og me får ein smakebit av livet, intensiteten, prisdiskusjonane og mangfaldet

av varer ein elles finn mykje av i land som for eksempel Tyrkia og Marokko.

På Lyngmo Ungdomssenter på Hafslo kan me no skilta med ein fem år gammal tradisjon for omsetting av tonnevis med glas, keramikk, porselen, leiker, sport og fritidsutstyr, kler, møblar og mykje meir. Ein kan finna nesten kva som helst på ein loppemarknad. Folk vil kvitta seg med alt muleg. Dei har kanskje vunne noko på eit lotteri ein stad, og så passer det ikkje heilt inn på eit kjøkken med kirsebærinnreiing, eller dei vil gje vekk ting og tang etter å ha bytt stil på interiøret sitt, og så passer det gamle ikkje heilt inn lenger. Dei synest kanskje mykje er for fint til å kasta, og det er god butikk for Lyngmo, som brukar pengane frå loppemarknaden til å driva barne- og ungdomsarbeid i Indre Sogn.

Loppemarknaden i år skal vera 24. og 25. september. Då satsar me på like stor oppslutnadt som i fjor. Det vart på alle måtar

tidenes loppemarknad på Lyngmo, inntekta var mykje betre enn åra før, og ungdomssenteret som vanlegvis husar leiarar og andre arrangement for barn og unge, kokte av menneske frå dørene opna klokka 18:00 på fredag, til me stengde klokka 14:00 på laurdag. Det vart ein marknad med god stemning, spesielt under auksjonen på laurdag, der nokon av dei finaste skattane var samla. Rundt 25 objekt vart auksjoner te vekk, og dette høgdepunktet er ein god moglegheit til å gjera gode kupp til ein billeg penge. Kvart år har pengane frå loppemarknaden gått til eit "loppeprosjekt", noko som betyr at det er kjøpt inn utstyr til leikeplass, nytt lydanlegg, storkjøkkenomn (kombidamper) til kjøkkenet, sandvolleyballbane og møblar til peisestova. Me har to piano på Lyngmo som begge er gamle og därleg klang i. Song og musikk er ein viktig del av arrangementa på Lyngmo, difor skal pengane frå årets loppemarknad gå til eit

eller to nye instrument. Alt dette er prosjekt me ikkje kunne gjennomføra om me ikkje hadde hatt pengane frå loppemarknaden.

Det er allereie byrja å koma inn lopper. Ta kontakt med Lyngmo dersom du har noko til overs som er for godt til å kasta. Me gler oss til årets loppemarknad og håpar at du nyttar høvet til å stikke innom! Hjarteleg velkomne!

Fakta om Lyngmo

Ungdomssenter

- Kristen leirstad
- Arrangerer barne- og ungdomsleirar
- Det rusfrie selskaps- og arrangementsalternativet i Sogn
- 140 sengeplassar fordelt på 16 rom med bad, 10 rom



utan bad og 7 campinghytter

- Møtelokale til 300 personar
- 6 tilsette i totalt 320 % stilting
- Eigara: Sogn og Fjordane Indremisjon og Norsk Lutherisk Misjonssamband
- www.lyngmoinfo.com
- 57684366 / lyngmo@lyngmoinfo.com



Strandsitjardagane i Solvorn 17. og 18. september

Strandsitjardagane er først og fremst eit kulturarrangement. Solvorn Bygdalag sitt motiv med dagane er å skape aktivitet med utgangspunkt i kulturen i strandsitjarmiljøet i Solvorn og vekkje til live og føre vidare kunnskap og tradisjon frå ei ikkje så fjern fortid.

Opplegget er basert på frivillig arbeid frå dei medverkande. Vi tek med takk mot bidrag til dei aktivitetane som det er lagt opp til og framlegg til andre innslag.

Førerels program

Fredag 17. september kl 18:00 i Galleri Walaker: Kulturveld med

- kåseri av Kåre Hovland:
Gamle bevaringsverdige miljø.
- kåseri av Magnar Kjell
Høyum: Arbeidet med bygdeboka med fokus på Strandsitjarmiljøet i Solvorn.
- friske kjerringar syng gamle gode svisker.

- servering av kortsmød fiskesuppe i Smalahuset.

Laurdag 18. september frå kl 10:00

Salsbuer i nausta, på kaiane, i Thunebua og i gata med sal av - fisk, sjøkreps, krabbe, fiskemat, grønnsaker, blomar, husflid og handverk, lustramat, eple, eplesaft, plomme.

Utstillingar /demonstrasjon/sal av

- handlafting, maleri, antikvitatar, gamle og nye foto, gamle gjenstandar.

Kystlaget har lagt sin kulturminnedag til Solvorn og organiserer

- demonstrasjon av tilhogging av båtstamn, ro-opplæring, kaproing, presentasjon av Kystlaget.

MS Atløy – Atløys venner:

- Fjordaferda med sal av salta fisk, sild, bøkling,....
- Kanskje ein båttur med den gamle fjordabåten



Buskspel i krik og krok.

Linahagen kafe serverer tradisjonsmat med spekesild, vossa-korv, kålrabistappe, rømme-graut.

Kajakkpadling.

Vandreteater med tema frå Strandsitjarmiljøet i Solvorn.

Set av denne helga og bli med på fine opplevingar i Solvorn!



No er Solvorn filma både oppetter og nedetter, i fjøs som er omgjort til båtbyggeri, og av hus som er idyllisk og flott plassert i terrenget, i strandkanten og ute på fjorden der det såg ut til å skje dramatiske ting. I båtbyggeriet held Mads Rønning til – ein ung og svært tiltrekka kar.

"Liebe am Fjord" - "Kjærleik langs fjorden"

Kjærleksdrama i Solvorn på tysk TV

I heile juni har Solvorn vore kulisse for ein stor, tysk tv-produksjon. Her har det utspunne seg eit større kjærleksdrama som vil bli vist på tv-kanalen ARD i mars – april neste år. Men først er det solvorningane og sogningane som skal få oppleve den 90 minutt lange filmen gratis i Sogndal kulturhus nokre dagar før sendinga i Tyskland.

- Det var verkeleg bra å legge handlinga i denne filmen til Solvorn, fortel location manager Eirik Vaage i Frost Media som er hyra inn for å hjelpe det tyske produksjonsselskapet Studio Hamburg Production GmbH for å finne høvelege filmstader, og hjelpe til under innspelinga.
- Solvorn har eit homogent bybilete med bygningar som passar inn på alle måtar. Her er det ikkje store "feil" i landskapet, med kraftliner som skjemmer eller bygningar som ikkje passar inn. Den klassiske stem-

ninga er her – det romantiske ligg i lufta, så eg vil gi 10 av 10 oppnåelege poeng for denne plassen.

Når det gjeld logistikken: Lite parkering, lite overnatningsplassar, avstand til flyplass o.l., må eg diverre gå ned til ein 7-ar. Logistikk er pengar, og pengar er logistikk, seier Vaage som fortel at når skodespelarane har fri nokre dagar, flyg dei ned att til Tyskland. Og spelarar blir henta opp etter behov – når scena dei

skal vere med på skal spelast inn.

Dyr produksjon

Kostnaden med denne tv-produksjonen er på linje med ein vanleg norsk spelefilm, det vil seie svært høg sett i høve til ein liknande norsk tv-produksjon. Dette er høgkvalitet, og dette har dei råd til sidan dei har potensiale for å nå ut til 100 millionar menneske i Tyskland, Sveits og Austerrike.



Tyske kjendisskodespelarar utanfor fjøsen - klare til nye opptak inne i båtbyggeriet; Muriel Baumeister og Henrik Zimmermann. Mykje utstyr og mykje folk skal til for å lage ein tv-produksjon i storleik med ein vanleg norsk spelefilm.

House Gustavsson. Huset til Bjarne Rasmussen vart leigt inn for å vere kulisser i den tyske tv-produksjonen. Her vart det filma både ute og inne i 10 dagar. – Det er mykje billegare å nytte det beståande enn å bygge opp eigne kulissar, seier Vaage, - og attpå til er det ekte.

Målgruppa for denne produksjonen er middelaldrande tyskarar som likar det norske levesettet, naturen og harmonien på bygda. Det romantiske biletet av Noreg som du finn her i verkelegheita. I filmen skal Solvorn spele seg sjølv, handlinga er lagt til Solvorn i Noreg.

Og handlinga er om ei kvinne som driv ei familiebedrift, eit fiskemottak eller fiskeoppdrett. Ho har ei dotter, dotter til systera, som systera fekk då ho var svært ung. Dette kjem etter kvart fram i dagens lys. Eit mellommenneskeleg drama utspelar seg i Solvorn. Koseleg og romantisk som endar godt.

Uvurderleg lustra- og noregsreklame

- Her kjem det til å vere 50 tyskarar som reiser tilbake til heimlandet sitt for å fortelje varmt om Solvorn, smiler Vaage. Dei kan ikkje få fullrost plassen. Dei er ikkje van med å vere på ein meditasjonsplass medan dei er på jobb. Og når filmen blir vist,



vil det bli ein uvurderleg reklame for Solvorn, Luster og heile Noreg.

Vaage vil også få rose og takke solvorningane og alle andre dei har hatt med å gjere under innspelinga. - Solvorningane har hatt stor forståing for oss når vi "invaderte" denne vesle bygda med så mykje folk, bilar og utstyr i nesten ein månad. Det er ikkje alltid like greitt å vite når vi trakkar bort på naboen som vi ikkje har spurt på førehand. Og når Lustranytt møter Magnar Høyum og Arne Kvalen i solvornsgata, spør vi kva dei tykkjer om samarbeidet, gir dei ros tilbake: - Me tykkjer det er kjempefritt at eit så stort tysk selskap kjem hit for lage film, og

me har ikkje sett at det har vore dei heilt store kontroversane mellom oss. Dei er hjarteg velkomne tilbake for å lage fleire filmar!

Fjærland neste

Tv-selskapet ARD fekk laga to liknande filmar i Noreg i fjar, den siste vart innspelt i Kalvåg. Den flotte mottakinga desse filmane fekk i Tyskland gjorde at dei kom tilbake i år for å lage to nye filmar om det dei kallar "Liebe am Fjord" – "Kjærleik langs fjorden". Når innspelinga er ferdig i Solvorn, flytter dei til Fjærland for å spele inn film nummer fire. Og det blir endå meir reklame for landsdelen vår.



House Mads. Eirik Vaage i Frost Media tok oss med inn i Arne Kvalen sin fjøs som var omgjort til båtbyggeri.



Resssor Jørg Grünler bak skjermen der han har full kontroll og styrer optaka både inne og ute.

Magnar Høyum (t.v.) og Arne Kvalen er godt nøgde med det tyske besøket i Solvorn, og gir til kjenne over for Eirik Vaage at han gjerne må ta med seg tyskarane eller andre for å filme fleire gonger i Solvorn.



Avgangselevar frå Luster ungdomsskule

Avslutning av 10 års grunnskulegang vart onsdag 16.juni 2010 markert på tradisjonelt vis med elevprogram, servering, helsingar og utdeling av vitnemål.



Klasse 10A: Bak frå venstre: Anders Ø. Bjørk, Audun Moseng, Tor Øyvind F. Saur, Sjur Skjærret, Mats Bjørnar Leirdal, Torbjørn Slinde, Arne Olav Skagen, Emil Hovland, Børge Urnes, Lars Berge Pedersen, Ole Kristian Sjøli, Jon R. Øvreås, Amund Tangnes.

Framme frå venstre: Tomas Kjørlaug (lærar), Linda B. Watten, Trine K. Sætherbø, Elisabeth J. Sygnabere, Hanne Sviggum, Ragnhild Prestegård, Marita Kvalsvik, Eline K. Brun, Karoline Lie, Anne Marie Fuhr, Marte Paulsen, Herdis Molland (lærar). Foto: Geir Paulsen.



Klasse 10B: Bak frå venstre: Håkon Fossheim, Robert Storli, Jostein Sandvik, Kjetil Alme, Stian Lindskog, Stig Øystein Schmidt, Jarle Nes, Jostein H. Molland, Daniel Gangdal, Kristoffer Fossøy, Håvard André Kveane, Øystein Hesjevoll, Vegill R. Kjer.

Framme frå venstre: Mona Kristin Bukve (lærar), Marianne Teigen, Amalie Øvrebø, Gunn Beate Hal veg, Eli Kristin N. Leirdal, Thea Ø. Røhme, Ida Røneid, Kaia Sandvik, Rita B. Hansen, Karoline Feet, Trude Bergum, Mona Elin Vik (lærar). Marius Alme og Tom Even Larsen var ikkje med på biletet. Foto: Geir Paulsen

Skuleavslutning på Hafslo



10. kl. ved Hafslo barne- og ungdomsskule våren 2010:
 Bak fra venstre: Stine Pettersen Reinås, Lill Hege
 Stolen, Fredrik Solnes Dahle, Karl Jomar Bruheim,
 Einar Bolstad, Terje Kvam Sæterdal, Joar Frækaland,
 Sindre Ruud Pettersen, Steffen Andreas Aksnes, Tarjei
 Byrkjeland Aasen, Anniken Lilleøren, Marianne Bakken
 og Renate Fredheim.

Framme fra venstre: Anja Renate Buskaker (kontaktlærar), Siri Havellen Hatlevoll, Camilla Sletten Moen, Maria Didriksen Evjen, Kjersti Marie Næss, Tea Høyheim, Susanne Selland, Astrid Bremer Brynjulfsen, Nicole Krystyna Henjum, Bente Øygarden, Line Partenyi og Inger Beate Dalheim (kontaktlærar).

LUSTRA nytt

Nr. 2 - 2010

Opplag: 4.500. Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnementar utanfor kommunen. Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukehus og Sentralsjukhuset Førde. Redaksjonen for dette nummeret vart avslutta 18. juni 2010.

Ansvarleg redaktør: Rådmann Tore Eriksen
Redaksjonen er lagt til Servicetorget
 v/leiar Anita Bjørk Ruud.

Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er bidragsytarar til redaksjonen.
 Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevest til nemnde adresser.

Redaksjonen si adresse:
 Luster kommune, Lustranytt, Rådhuset, 6868 Gaupne.
 Tlf. 57 68 55 00 Faks: 57 68 55 01
E-post: postmottak@luster.kommune.no
Layout/trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as.
 Tlf. 57 65 60 05

Framsida: Tunnelen i Gullringen vart opna 15. juni 2010 av ordførar Torodd Urnes, flankert av avdelingsdirektør Nils Magne Slinde i Statens vegvesen og fylkesordførar Nils R. Sandal. Innfelt Erling Eide si teikning av risen som sette gullringen sin fast i fjellet då han ville vitje gygra på Ottane. Foto: Erling Bjørnetun.

Viktige telefonnummere

Helsecenteret/Lege i kontortida Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet i servicetorget på rådhuset er også sentralbord for kontora på helsecenteret med unnatak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykiatrisk helse.

LEGEVAKT

- snarleg hjelp utanom kontortida Tlf. 57 68 15 55

TANNLEGEN i Nesgården Tlf. 57 65 63 90

KOMMUNALTEKN. BEREDSKAP Mob. 48 10 21 20
 (Veg/vatn/kloakk)

NAV Luster Tlf. 57 01 58 70

Andre viktige telefonnr.:

Melding om brann Tlf. 110

Vakthavande brannbefal Mob.: 41 65 94 40

Politi/Lensmann Tlf. 112

Returadresse:
Luster kommune,
N-6868 Gaupne, Noreg/Norway

NORGE



Offentleg bading

Badebassenga i Luster har desse opningsidene:

FJORDSTOVA, SKJOLDEN • tlf. 57 68 67 44

tysdag kl. 18.00 - 21.00	Opningstider sommar:
fredag kl. 18.00 - 21.00	21. juni - 10. august
søndag kl. 16.00 - 19.00	Alle dagar unntatt måndag; kl 15:00 - 18:00.

JOSTEDAL SAMFUNNSHUS • tlf. 57 68 59 68 / 69

tysdag kl. 18.00 - 21.00	
onsdag kl. 18.00 - 19.00 (funksjonshemma)	
kl. 19.00 - 20.00	
(medl. av Luster Revmatikarforening)	
kl. 20.00 - 21.00	
(eldre og evt. andre revmatikarar)	

Bassenget er stengt når elevane har skulefri.

LUSTER UNGDOMSSKULE

måndag kl. 17.00 - 21.00	
onsdag kl. 17.00 - 21.00	

Bassenget er stengt når elevane har skulefri.



Bibliotek

HOVUDBIBLIOTEK

GAUPNE tlf. 57 68 56 53

Måndag	stengt
Tysdag	10.00-16.00
Onsdag	10.00-16.00
Torsdag	10.00-17.00
Fredag	10.00-16.00
Laurdag	11.00-14.00

HAFSLO tlf. 57 68 23 33

Måndag:	10.00-17.00
Tysdag :	09.00-14.00
Onsdag:	09.00-15.00

SKJOLDEN tlf. 57 68 67 92

Tysdag:	16.30-19.30
Siste veka i kvar månad er biblioteket ope torsdag på dagtid, tysdag stengt.	

VEITASTROND
Måndag: 13.30-15.30

Opningstid i sommar

Hovudbiblioteket i Gaupne har ope 21. juni -15. august
tysdag - fredag kl 11.00 - 15.30.

Avdelingane Hafslo og Veitastrond har stengt i skuleferien.

Avdeling Skjolden er ope for sjølvbetjening når turistinformasjonen er til stades.



Blomsten på ordførarkontoret

Dagen etter det historiske vedtaket i kommunestyret, 27.09.09 om Luster Bad, kom det ei dame på ordførarkontoret med ein fin blomst. Ho var svært nögd med dette vedtaket, og overrekte ein orkidé til ordføraren. Blomsten var fin, og den vart plassert midt på konferansebordet på kontoret.

To dagar seinare såg eg at ein av blomane var falt av, og etter nokre dagar var det berre ein blome igjen, og den virka pjuskete. Eg tenkte på vedtaket me hadde gjort, og vart litt spørjande. Var dette ein peikepinn på noko?

Det tok ca tre månader så begynte orkideen å bløma på nytt. Eg vart optimist. Men det same gjentok seg. Blomane datt av etter nokre dagar. Dette var därleg påminning, syntest eg, men eg stelte blomsten som før.

Like over påske begynte blomsten å bløma igjen. Eg var spent på om det same ville gjenta seg. Denne gongen kom det mange fleire og flotte blomar. Anbodskonkurransen på Luster Bad nærma seg, og utifrå blomane var eg sikker på at dette ville gå rett veg. Orkideen har no stått i full bløming i snart to månader, og den ser friskare ut enn nokon gong.

Torodd U